

Maritim mistru og petroleumspartnarskap

**Ein diskursanalyse av russiske reaksjonar på norsk
nordområdepolitikk**

Torstein Vik Århus



Maritim mistru og petroleumspartnarskap

Ein diskursanalyse av russiske reaksjonar
på norsk nordområdepolitikk

Torstein Vik Århus

torstein.aarhus@gmail.com

mai 2012



FRIDTJOF NANSENS INSTITUTT
FRIDTJOF NANSEN INSTITUTE

Copyright © Fridtjof Nansen Institute 2012

Title

Maritim mistru og petroleumspartnarskap Maritime Mistrust and Petroleum Partnership

Publication Type and Number

FNI-rapport 8/2012

Pages

84

Author

Torstein Vik Århus

ISBN

978-82-7613-648-7
online version

ISSN

1504-9744

Abstract

This report is a discourse analysis based on 307 articles from a variety of Russian news sources, and sheds light on the tensions between two discourses concerning Norway. In these two discourses, Norway is presented as either a competitor/opponent or a role model and potential partner. This division between these discourses became very clear with the debate regarding the agreement on the Norwegian-Russian demarcation line in the Barents Sea in 2010. The Norwegian High North policy concept is also something that cannot be seen in Russian press coverage, which covers Norwegian policy on a more thematic basis than the High North as a whole as can be seen in Norwegian press coverage. The tension between the pictures of Norway as either a competitor or as a role model can also be seen in a wider context as a part of the great question in Russian history regarding Russia's place in Europe.

Key Words

High North, russian perceptions, discourse analysis, Russia, Norway

Innholdsliste

Samandrag	iii
Forord	iv
1 Innleiing	1
1.1 Problemstilling	3
1.2 Teori	4
1.3 Framgangsmåte	7
1.4 Kjelder	8
1.4.1 Regionale kjelder	8
1.4.2 Nasjonale kjelder	9
1.4.3 Tekniske begrensingar ved nyhendesøket	9
1.5 Kapittelinnending	10
2 Nordområdepolitikken sett frå Noreg	11
2.1 Den kalde krigen	11
2.1.1 Svalbard	11
2.1.2 Fiskerisamarbeid	12
2.1.3 Delelinja i Barentshavet	13
2.1.4 Miljø	13
2.1.5 Oppsummering	14
2.2 «Nordområdepolitikk» før nordområdepolitikken: Barentssamarbeid og bistand	14
2.2.1 Barentssamarbeidet	15
2.2.2 Helsesamarbeid	15
2.2.3 Miljø- og atomsamarbeid	16
2.2.4 Fiskerisamarbeidet	18
2.2.5 Oppsummering	19
2.3 Den nye nordområdepolitikken	19
2.3.1 Nordområde- og stortingsmeldingane	20
2.3.2 Petroleumssektoren	22
2.3.3 Fiskeriforvaltninga	22
2.3.4 Delelinjeavtalen	23
2.3.5 Oppsummering	24
3 Empirikapittel	25
3.1 2005: Elektron og olje	26
3.1.1 Elektron: Norsk trålarterror eller kamp mot tjuvfiske?	26
3.1.2 Norsk oljepolitikk	27
3.2 2006: Fiskeri og laksestopp	28
3.2.1 Fiskeri og lakseimportstopp	28
3.2.2 Vikingar på russisk sokkel?	31
3.2.3 Andre saker	31

3.3	2007: Frå Pomorsona til Arktis	32
3.3.1	Pomorsona	32
3.3.2	Atom og miljør Samarbeid	33
3.3.3	Olje og Arktis	35
3.3.4	Fiskeri og meir Elektron	38
3.3.5	Svalbard og andre saker	38
3.4	2008: «Dei er skuldige å respektera oss!»	40
3.4.1	Fiskeri og Svalbard	40
3.4.2	Arktis	44
3.4.3	Pomorsona	45
3.4.4	Atom- og miljør Samarbeid	46
3.4.5	Mindre saker	47
3.5	2009: Ingen militære pingvinar og statsbesøk	47
3.5.1	Arktis og Svalbard	47
3.5.2	Fiskeri	50
3.5.3	Norsk statsbesøk (og Aleksander Rybak)	51
3.5.4	Atom og miljø	51
3.6	2010: Delelinja	52
3.6.1	Delelinjeavtalen	52
3.6.2	Annonseringa av avtalen	53
3.6.3	Underskrivinga av avtalen	56
4	Analyse	59
4.1	Noreg som konkurrent	59
4.1.1	Fiskeri	60
4.1.2	Svalbard-spørsmålet	61
4.1.3	Kampen om Arktis	61
4.1.4	Oppsummering	63
4.2	Noreg som partner/førebilete	64
4.2.1	Pomorsona	64
4.2.2	Petroleumssektoren	65
4.2.3	Kampen om Arktis	66
4.2.4	Oppsummering	66
4.3	Delelinja som skiljelinje	67
4.4	Den nye nordområdepolitikken i russisk presse	69
5	Oppsummerande betraktningar	72
5.1	Konklusjon	72
5.2	Avsluttande kommentarar	73
	Referanseliste	75

Samandrag

Denne rapporten freistar å kaste lys over dei russiske reaksjonane på den norske nordområdepolitikken, og gje eit breiare innblikk i korleis Noreg vert presentert i russiske nyhendekjelder. Rapporten fokuserer på åra 2005 til 2010, der eg ser 2005 som startpunkt for den nye nordområdepolitikken. Den norske nordområdepolitikken får ein historisk bakgrunn frå ein norsk ståstad, før det vert gjennomgått eit breitt spekter av empirisk materiale frå russiske nyhendekjelder. Det vart nytta eit pragmatisk diskursanalytisk perspektiv for å avdekke diskursane knytt til norsk nordområdepolitikk og Noreg. Denne diskursanalysen tok utgangspunkt i 307 artikkelar frå eit utval av russiske nyhendekjelder. Gjennom diskursanalysen vert det kasta lys over spenninga mellom to diskursar som ser Noreg som enten ein konkurrent og motstandar eller som eit førebilete og mogleg partner. Dette skiljet kjem særleg til syne i samband med den russiske debatten rundt inngåinga av delelinjeavtalen i 2010. Det kjem og fram at det norske nordområdeomgrepet i liten grad kan sjåast å ha trengt inn på russisk side, der ein heller finn ei meir lausriven tilnærming frå saksområde til saksområde til det som ein på norsk side kallar nordområdepolitikk. Spenninga mellom biletet på Noreg som konkurrent eller førebilete kan kanskje og peika på ein vidare samanheng som ein del av den store debatten i russisk historie om forholdet til Europa.

Forord

Eg vil gjerne takk alle som har gjeve meg innspel under denne skriveprosessen. Her må sjølvsagt ein stor takk gå til Geir Hønneland som rettleiar for hans uvurderlege hjelp med skrivinga. Eg ønskjer og å takke alle andre som har kome med idear ved Fridtjof Nansens Institutt, særskild frå nordområdeprogrammet der Svein Vigeland Rottem alltid har vore open for ein prat viss eg har lurt på noko. Eg har og lova plass i forordet til Leif Christian Jensen for hans hjelp med tittelen. Stor takk og til FNI for støtte, kontorplass og tilgangen til det gode fagmiljøet der.

Elles vil eg retta ein takk til mor mi, Turid Vik for hennar hjelp til korrekturlesing og far min, Sigstein Århus for all hjelpen han har kome med.

For å ikkje gjera dette til noko tilsvarande ein Oscar-takketalesyns eg at eg bør slutta her.

Eg vil avslutte med å sei at skrivinga har vore ei utfordring, men at eg til slutt kom i mål og at eventuelle feil og manglar berre er min eigen feil.

Denne rapporten var i utgangspunktet skreve og gjeve ut som ei masteroppgåve i Europeiske og amerikanske studiar - Russlandsstudium ved Universitetet i Oslo.

Torstein Vik Århus

Lysaker, 11.05.2012

1 Innleiing

Nordområda har sidan 2005 vorte ein av pilarane i norsk utanrikspolitikk. Nordområdepolitikken har sidan dette stått høgt oppe på norsk dagsorden, som ein kan sjå på utanriksdepartementet sin nordområdeportal, der det i fyrste linje av introduksjonen vert sagt at: «Regjeringen ser nordområdene som Norges viktigste strategiske satsingsområde i årene fremover.» (UD Nordområdeportalen). Dette nye fokuset hadde kome til uttrykk og før dette med Orheim-utvalet som kom ut med sin rapport i desember 2003, men eg ser 2005 med den nye raud-grøne regjeringa og den då nyleg utnemnde utanriksministeren Jonas Gahr Støre sin Tromsø-tale same året, som eit godt utgangspunkt og startpunkt for det som eg ser som den nye norske nordområdepolitikken. Støre sin tale varsla den raud-grøne regjeringa sitt fokus på nordområda. I talen vart nordområda framheva som mellom anna «Europas nye energiregion» og «Energidimensjonen løfter seg fram som den kanskje viktigste i nordområdene.» (Gahr Støre J.). Her vert og det langvarige fiskerisamarbeidet med Sovjetunionen og seinare Russland nemnt og andre samarbeidsområde med Russland som miljø, opprydding av atomavfall og helsesamarbeid. I talen vert det og fokusert på at den dåverande russiske presidenten Vladimir Putin hadde valt Noreg som partner for det som vart karakterisert som eit: «bredt anlagt energisamarbeid på sokkelen i nord.» (Gahr Støre J.). Støre sitt tilsvaret til denne invitasjonen var som følgjer:

«Vi tar i mot denne invitasjonen. Vi ønsker et strategisk energipartnerskap med Russland i nord. Vi ønsker et samarbeid om utvikling av energiressursene, og vi ønsker et utdypet samarbeid for å sikre et utsatt havmiljø og verdifulle fiskestammer. Statoil og Hydro er med blant fem selskaper i siste runde før russerne velger sine samarbeidspartnere til utviklingen av Sjtokmanfeltet. Det er en klok avgjørelse. De norske selskapene har selv posisjonert seg basert på erfaring, teknologisk kompetanse og finansiell styrke. Norske myndigheter støtter dem og vil være tydelige om dette i kontakten med russiske myndigheter. Her kan vi få det mest konkrete uttrykk for at vi samarbeider om utviklingen av energikapitlet i nord. Så kan vi ta denne og andre typer nært samarbeid videre til nye felt – også i norske områder.» (Gahr Støre J.)

Her er det tydeleg at energipolitikk var ei sterk drivkraft i utforminga av den nye nordområdepolitikken.

Den norske pressa har og sterkt tatt opp dette nye fokuset på nordområda, og nordområdepolitikk har det siste tiåret vorte innarbeidd som eit sentralt omgrep både i norsk utanrikspolitikk og blant norsk opinion. Auken i bruken av nordområda som omgrep i norsk presse kan vera med og understreke dette. Eit godt døme på dette er at søket på ordet «nordområdene» i Atekst, eit mediearkiv for norske aviser, i år 2000 gav om lag 100 treff, auka til ca. 200 treff årleg i perioden 2001 til 2004, for så å femdoblast til om lag 1000 treff i både 2005 og 2006 (Hønneland G. og Jensen L.C. 2008:91). Med dette skiftet i norsk utanrikspolitikk frå si

meir internasjonale og meir «sørlege» retting på 90-talet er det tydeleg at ein i Noreg har fått eit auka fokus på nordområda.

Som ein ser av dette har nordområdepolitikken i Noreg innteke ei veldig framstående stilling og både nordområdepolitikk og nordområda er godt innarbeidde omgrep i norsk. Mens nordområda har ulike geografiske definisjonar, og dekkjer store sjø- og landområde¹ er det frå norsk side liten tvil om at Russland er det viktigaste målet for norsk nordområdepolitikk, og forholdet til Russland vert i regjeringa sin nordområdestrategi frå 2006 definert som den «sentrale tosidige dimensjonen ved nordområdepolitikken» (Hønneland G. og Jensen L.C. 2008:39). Dermed ser ein frå Noreg si side Russland som den viktigaste biten i denne store satsinga. Men for Russland sin del er det ikkje like klart korleis denne politikken vert oppfatta, og kor mykje merksemd som vert gjeve til den nye norske nordområdepolitikken. Skilnaden i storleik mellom Noreg og Russland bør i seg sjølv tilseie at norske politiske initiativ ikkje vil tiltrekke seg like mykje merksemd som ein kunne ha venta seg rundt russiske politiske initiativ retta mot Noreg. Her må det og takast med at i perioden frå 2005 og fram til i dag har det vorte ført ein mykje meir sjølvhevdande russisk utanrikspolitikk enn ein såg på 90-talet. Russland på 2000-talet kan meir sjåast på som ei tradisjonell stormakt som fører ein stormaktspolitikk enn det Russland ein såg på 90-talet og som gjennomgjekk krise etter krise.² På den utanrikspolitiske fronten har ein frå Russland si side i det siste tiåret sett konfrontasjonar over gasseksport, konflikhtar mellom Russland og NATO om utplassering av eit amerikansk rakettskjold i Europa og krigen i august 2008 mellom Russland og Georgia. Norske nordområdetiltak og satsingar i same perioden kan dermed kanskje tenkast å verta litt «smått» i ein russisk samanheng.

Norsk nordområdepolitikk ser eg som Noreg sin utanrikspolitikk i dei europeiske nordområda.³ Eg vil og nytte omgrepet nordområdepolitikk om periodane før 2005 for å ha ein gjennomført omgrepsbruk og for å gjenspeglja den norske nordområdediskursen som ein ser den i dag, sjølv om det før 2003 ikkje kan seiast å ha eksistert ein samla norsk nordområdepolitikk (Hønneland G. og Jensen L.C. 2008:25). Norsk utanrikspolitikk i nordområda vart då heller kalla russlandspolitikk, eller dersom ein ønska ei meir vestleg vending – nærområdepolitikk (Ibid.).

Eg freistar å sjå korleis den norske nordområdepolitikken vert presentert i den russisk pressa. Her ser eg for meg å finne nokre saksområde som går igjen slik som fiskeri og fiskeripolitikk, olje og petroleumssamarbeid, med Sjtokman-feltet som særskild framheva, miljø og atomsamarbeid og Svalbard er andre saker som eg ventar at det er interesse for i den russiske pressa.

¹ I regjeringens nordområdestrategi frå 2006 vert nordområda definert som land- og havområda, inkludert øyer og øygrupper, frå Sør-Helgeland i sør til Grønlandshavet i vest og Petsjorahavet i aust. (Hønneland G. og Jensen L.C. 2008:35)

² For ei kort oversikt over denne perioden i forhold til Noreg kan Geir Hønneland og Lars Rowe si bok *Nordområdene – hva nå?* frå Fridtjof Nansens Institutt sitt *nordområdebibliotek* vera av interesse.

³ Definisjonen er teke frå Hønneland G. og Jensen L.C. 2008:20

Sett i denne bakgrunnen er det nok ikkje å venta at norske utanrikspolitiske initiativ kan fange mykje merksemd i den russiske opinionen, men eg ventar å finne interesse både innan regionale og nasjonale nyhendekjelder. Her kan det sjølvsagt tenkjast at ein kan finna unnatak som fastsetjinga av delelinja i Barentshavet i april 2010, men i det store og heile er det få saker som kan tenkjast å kunne trengje heilt igjennom og få brei dekning blant den nasjonale russiske pressa i Moskva. Her er nok saka ei anna i dei russiske nordområda sjølve, der ein nok kan venta å finne ei breiare dekning blant den regionale pressa i Nordvest-Russland. Her vil eg tru at saksområde som fiskeri, Svalbard og atom/miljøsamarbeid vert sentrale. Eit anna interessant spørsmål er om det kan finnast noko heilskapleg forståing av norsk nordområdepolitikk eller om ein berre fangar opp isolerte saker, dermed håpar eg å sjå om det finst eit medvit om at det finst ein norsk nordområdepolitikk og korleis denne i så fall vert oppfatta.

Rapporten tek utgangspunkt i skriftlege kjelder i stor grad gjennom russiske nyhendeartiklar som omhandlar Noreg. Eg vil gjennom ei diskursanalytisk tilnærming sjå kva diskursar og førestillingar som kan finnast i russisk media om norsk nordområdepolitikk. Her ønskjer eg å gå tilbake til 2005 som eg ser som startpunktet for den nye nordområdepolitikken, og som perioden då nordområdeomgrepet fekk sitt fulle gjennomslag i norsk utanrikspolitik. Nyhendesøket tek til i oktober 2005 og dermed i perioden rundt Elektron-saka.

1.1 Problemstilling

Med denne rapporten freistar eg å finne ut korleis den russiske offentlege media får presentert norsk nordområdepolitikk og kva førestillingar ein kan finne knytt til norsk nordområdepolitikk spesielt, og til Noreg generelt. Rapporten vil nytte ei pragmatisk diskursanalytisk tilnærming for å sjå korleis desse førestillingane kan delast inn. Diskursanalysen vil eg nytte som eit analytisk verktøy for å strukturere dei ulike førestillingane som kan finnast om Noreg og norsk nordområdepolitikk, og den vil i hovudsak basere seg på empirisk materiale frå russiske nyhendekjelder. Empirien ser eg som viktig for for å kaste litt lys over eit område der språkbarrieren ofte kan vera høg og vanskeleg å overstige for utanforståande. Eg vil freista å sjå kva som vert rapportert i eit utval av russiske aviser og nyhendekjelder og korleis dette rimar med det ein ønskjer å fokusere på gjennom norsk nordområdepolitikk.

Her vil det vera av særskild interesse å finne ut kva ulike representasjonar ein kan finna av norsk nordområdepolitikk, om det til dømes er ei oppfatning av at Noreg er ein konkurrent til til dømes russiske fiskarar eller om ein oppfatar Noreg som eit godt førebilete eller som potensiell samarbeidspartnar. Russiske oppfatningar av norsk nordområdepolitikk og Noreg vil jo høgst sannsynleg vera samansett av ulike syn, og eg vil freista å finne dei ulike hovudrepresentasjonane av norsk utanrikspolitik i nordområda. Dermed ønskjer eg å kartleggje dei eventuelle diskursane og sjå korleis desse kan kaste lys over korleis norsk nordområdepolitikk og Noreg vert oppfatta på russisk side. Dette kan gjere det nyttig å kategorisere desse og å laga ein oversikt over kva førestillingar knytt til

norsk nordområdepolitikk og Noreg som kan finnast. Med dette håpar eg å få eit visst innsyn i korleis den norske nordområdepolitikken vert oppfatta i russisk presse. Eg ønskjer og å ta eit kjapt blick på kva som faktisk vert dekkja av norsk nordområdepolitikk og korleis dette kan sjåast i forhold til den generelle dekninga av Noreg i russisk presse. Det vert og eit interessant punkt å sjå om det er noko heilskapleg oppfatning av kva norsk nordområdepolitikk er, og om noko slikt faktisk kan finnast i russisk presse.

1.2 Teori

For å få tatt utgangspunkt i kva framstillingar og representasjonar ein kan finne i russisk presse og offentlegheit ser eg på pragmatisk diskursanalyse som eit godt analytisk verktøy. Diskursanalyse kan brukast til å avdekka dei ulike diskursane knytt til eit emne. Ein diskurs er, for å bruka Iver B. Neumann sin definisjon: «Et system for frembringelse av et sett utsagn og praksiser som ved å innskrive seg i institusjoner og fremstå som mer eller mindre normale, er virkelighetskonstituerende for sine bærere og har en viss grad av regularitet i et sett sosiale relasjoner.» (Neumann I.B. 2001:177). Diskursanalyse har som eit utgangspunkt at språk ikkje er ein objektivt reiskap for formidling av røyndomen og at språket tvert imot fungerer som eit filter som styrar korleis ein ser verda rundt seg. Dermed må språket i seg sjølv sjåast som det som konstruerer vår oppfatning av den samfunnsmessige røyndomen. Det er umogleg å komma bortanfor språket og nå sanninga sidan ein aldri vil kunne komme seg bort frå diskursen, og frå det system for danning av meiningar som ein alltid vil vera ein del av. Diskursanalyse er «analyse av språkbruk i en samfunnsmessig kontekst, med fokus på hvordan de ideer og begreper som produseres i denne konteksten tolker og er med på å forme (et visst utsnitt av) den samfunnsmessige virkeligheten» (Mathisen W. C. 1996:3). Diskursanalyse er altså eit verktøy for å tolka ytringar i ein samfunnsmessig kontekst sidan språket aldri kan lausrivast frå det samfunnet som har forma det. Ytringar treng ikkje nødvendigvis berre vera skriftlege ytringar, men kan brukast på alle formar for ytringar, då og om biletbruk og munnlege ytringar. Diskursanalyse bør ikkje sjåast på som berre ein måte å analysere data, men har og eit teoretisk og metodisk underlag som den ikkje kan lausrivast frå. Diskursanalysen som metode er ei pakkøløysing som har sitt utspring frå sosialkonstruktivistiske teoriar og er mykje brukt innanfor denne tankeretninga, sjølv om den berre er ein av fleire metodar innan sosialkonstruktivismen (Jørgensen M. W. og Philips L. 1999:12).

For å gjera nærare greie for grunnlaget bak diskursanalyse kan det derfor vera nyttig å gjera greie for premissane for sosialkonstruktivismen som Vivien Burr ser dei (Ibid. 13-14). Ho ser følgjande grunnprinsipp innanfor feltet, for det fyrste at verda berre kan nåast gjennom kategoriane våre. Det verdsbiletet og kunnskapen ein har tileigna seg er eit resultat av korleis ein kontinuerleg kategoriserer verda. Det vert derfor ei grunnleggjande kritisk innstilling til kunnskap som vert teken for gitt sidan vår kunnskap om verda aldri kan sjåast på som objektiv. Mennesket er og grunnleggjande forankra i historie og kultur, noko som førar til at vårt syn på og kunnskap om verda avheng av denne forankringa. Dei måtane me forstår verda på og våre identitetar kunne dermed vore annleis og

forandrar seg over tid. Verda vert konstruert sosialt og er dermed noko som ikkje kan takast for gitt som uforanderleg, men som noko som endrar seg over tid gjennom diskursiv handling, som ein form for sosial handling. Det finst dermed ikkje noko essensielt og uforanderleg. Det er og ein samanheng mellom kunnskap og sosiale prosessar, verdsbiletet vårt vert forma og endra gjennom sosiale prosessar og sosial interaksjon, dermed kjempar ulike syn om å definere kva som kan sjåast på som sanninga. Vår kunnskap som vert forma gjennom diskursive handlingar er det som dannar det handlingsrommet ein heile tida har, ulike verdsbilete kan opna for eller utelukka vidt ulike handlingar. Dermed får den sosiale konstruksjonen av kunnskap handfaste sosiale konsekvensar i verda.

Diskursanalysen består av mange ulike retningar, men ifølgje Burr er desse føresetnadane felles for alle. Når ein snakkar om diskursanalyse er det umogleg å komma utanom Michel Foucault. Han kan sjåast på som den som la grunnlaget for diskursanalysen ved å komma med mange av dei teoriene og omgrepa som ein nyttar innan diskursanalysen i dag. Hans definisjon av diskurs er som følgjer: «Vi vil kalde en gruppe av ytringer for diskurs i det omfang, de udgår fra den same diskursive formation [... Diskursen] består af et begrenset antal ytringer, som man kan definere mulighedsbetingelserne for.» (Ibid.:22). Diskursen er altså noko som ifølgje Foucault avgrensar meiningsrommet ein handlar i ved at det set grenser for kva som kan seiast, og kva som er utenkjeleg å godta som ei meiningsfull ytring. Det er dermed umogleg å komma fram til sanninga sidan ein aldri vil kunne gå utanfor diskursen, det er ingen veg utanom representasjonar, som eg kjem kort innom seinare. Ein diskurs vert dermed det som set grensene for kva ytringar som kan ytrast og kan sjåast på som meiningsfulle. På denne måten kan ein sjå kor grensene går for kva som er legitimt og uproblematisk i ein diskurs. «Oppmålinga» av desse grensene kan vera med å avdekka føresetnadane for ein diskurs og kva som vert teke for gitt i ein diskurs. Ved å sjå kva som vekker usemje og strid er det mogleg å gjere ein grenseoppgang for kva som er akseptable og uakseptable ytringar.

Sentrale omgrep innan diskursteori er representasjonar, som ein kan sjå som ting og fenomen på den måten dei vert oppfatta av oss, ein snakkar då ikkje om ting i seg sjølv men om ting etter at dei har vore igjennom det som skil oss frå verda, altså språket og kategoriane (Neumann I.B. 2001:177-178). Representasjonar som får stå meir eller mindre i fred kan sjåast på som hegemoniske ved at dei vert sett på som naturlege, dette treng ikkje nødvendigvis sei at dei ikkje vert stilt spørsmål ved, men at det føregår mykje diskursivt arbeid knytta til dei ved at ein freistar å bekrefte representasjonane gjennom ytringar og praksis. Dette er noko diskursanalyse kan brukast som reiskap for å avdekke, altså kva deltakarane i ein diskurs tek for gitt og naturleg, og det arbeidet som vert gjort for å oppretthalde denne tilstanden. Eit anna viktig poeng med representasjonar, er at dei som Neumann seier det: «er konstitutive ved at de bestemmer hva som sanses og kommuniseres, men de kommer ikke nødvendigvis med 100% innebygde handlingsføringer.» (Neumann I.B. 2001:51). Representasjonar kan dermed sjåast som noko som avgrensar handlingsrommet, men som ikkje aleine kan avsløre noko om kvifor eit spesifikt val eller ei handling vart gjort. Ein diskurs kan aldri vera

uforanderleg og vil sjølvsagt endra seg over tid. Dersom ein finn ein diskurs som endrar seg lite kan dette enten tyde på at dette er eit lite omstridd tema, eller at det vert gjort mykje diskursivt arbeid for å oppretthalda situasjonen, til dømes ved å tilbakevise avvikande representasjonar og dermed oppretthalde den dominerande representasjonen.

Eit godt døme på at det kan feste seg framstillingar i diskursar som berre vert tekne for gitt,⁴ kan ein finne i den norske nordområdedebatten. Her tenkjer eg på den såkalla «boring for miljøet» diskursen (Hønneland G og Jensen L.C. 2008:122-130). Her var hovudargumentet at frå norsk side måtte ein gå inn for oljeboring i Barentshavet for å sørgje for at ein kunne innføre norske miljøstandardar i Barentshavet, dermed var det underforstått i diskursen at russarane ikkje kunne ventast å ville ta miljøvern på alvor (Hønneland G og Jensen L.C. 2008:122-123). Eg skal ikkje komma inn på russisk miljøvernpolitikk og deira innstilling til miljøvern i Barentshavet, men vil heller komme med eit anna kort poeng for å visa korleis førestillingar kan verta tekne for gitt i diskursar. Ein kan til dømes allereie i Klassekampen den 12. september 2003 finne referansar til at russarane allereie er i gong med utbygginga i Barentshavet og at Noreg må hengja seg på for å kunne setja høge miljøstandardarar (Ibid.: 124). Problemet med dette argumentet burde vera klart for alle som har halde eit auge med Sjtokman-prosjektet der utsetjing har følgd utsetjing og der investeringsavgjerda er utsett til slutten av mars 2012 (Barentsobserver 2012). Det næraste ein kjem til russisk oljeutvinning i Barentshavet er Prirazlomnoe-feltet i Petsjora-havet der ein venta å starta boringa i september 2011 (Barentsobserver 2011a). Åtte år etter at ein i Klassekampen hevda at russarane var i gong med oljeutbygging i Barentshavet, ser ein no den spede byrjinga på russisk oljeutvinning i Barentshavet. Dette er eit godt døme på at ein bør ha eit kritisk forhold til det som vert teke for gitt i ein diskurs.

For å kunne gjennomføre ein diskursanalyse bør ein alltid freiste å halde ein kritisk distanse til det som skal analyserast slik at ein ikkje kjenner seg for «heime» i ein diskurs, og dermed ikkje klarer å stilla spørsmål ved dei underliggjande førestillingane som deltakarane i ein diskurs tek for gitt. Faren er derfor at ein kan komma for nært innpå det ein skal studere og dermed ikkje ha den nødvendige distansen som trengst for å kunne vera kritisk. Det er på den andre sida og nødvendig med kulturell kompetanse, at ein startar med kjennskap til kva ein skal studere. Å ha nok bakgrunnskunnskap i bagasjen er alltid eit krav dersom ein ønskjer å oppnå reell innsikt i kulturar utanfor sin eigen. Her trengst det mellom anna innsikt i konvensjonane for korleis tekstar er oppbygde i den kulturen ein freistar å studere. Dette kan av og til som Neumann I.B. (2001:50) gjev som døme, gjeva seg utslag i enkelte nøkkelord som «odnako», som best kan oversetjast med det engelske «however», som i Sovjetunionen på 80-talet ofte vart nytta i avisartiklar til å skilja ut nytt stoff som ikkje hadde vorte teke opp i hovudrepresentasjonen i diskursen. Her vart «odnako» nytta for å skilje det som kom etterpå frå det som var

⁴ Her må det sjølvsagt takast med at det innan diskursanalysen ikkje er mogleg å snakka om ein objektiv røyndom sidan det er umogleg å komma utanom diskursen.

hovudlinja, og dermed ofte opne for ein svak kritikk av hovudrepresentasjonen. Kulturkunnskapen er derfor nødvendig som eit verktøy, både reint praktisk som dømet ovanfor visar, og som ein veg inn i ei førestillingsverd som ein treng både kjennskap til, men og avstand frå, for å kunne forstå.

Eit anna nyttig omgrep er «story lines» som har vorte nytta av Maarten A. Hajer (1995) i hans studie av miljødiskursar, dette omgrepet er og noko som kan nyttast til å kaste lys over dei russiske diskursane knytt til norsk nordområdepolitikk. Hajer sitt utgangspunkt er at miljødiskursar famnar om ei enorm samling av aktørar og ytringar, men at denne kompleksiteten trass i dette vert kokt ned til konkrete problem. For å sjå kva som ligg bak dette ser han på korleis miljøproblem vert definert gjennom diskursen. Korleis desse problema vert strukturert avgjer kva form politikken vil ta (Hønneland G. 2003:10). Hajer sitt utgangspunkt er at aktørar berre kan forstå verda rundt dei gjennom å nytta dei diskursane som er tilgjengelege for dei, noko som kan seiast å vera ei grunnhaldning innan diskursanalyse. Men Hajer meiner likevel at det er snakk om at aktørane sjølve kan vere med å forma diskursane, innanfor dei grensene som diskursen sett. Det er sosial praksis som skapar endring ved ein aktiv diskursiv reproduksjon eller transformering. Her kjem sjølve story line omgrepet inn som Hajer definerar som: «a generative sort of narrative that allows actors to draw upon various discursive categories to give meaning to specific physical or social phenomena» (Ibid.). Ei story line samanfatar ulike diskursive kategoriar frå problemkompleks for å gje mening til fysiske eller sosiale fenomen. Denne problemforståing formar folk sine oppfatningar og deira posisjon i diskursen og er dermed dei som kan føra til politisk endring. Forminga og etableringa av ei story line organiserer diskursen og korleis ein uttrykkjar seg i ein gitt diskurs og sikrar at aktørane dermed uttrykkjar seg innan den same diskursive ramma (Ibid:11). Dette er frå Hajer si side i utgangspunktet tenkt som ein reiskap for å analysere miljødiskursar, men kan fint overførast og til andre typar diskursar.

1.3 Framgangsmåte

For å undersøkje russiske presse sine oppfatningar og representasjonar av norsk nordområdepolitikk valde eg å gjere eit nyhendessøk gjennom tenesta Meltwater News. Eg gjorde eit søk avgrensa til utvalde russiske aviser og nyhendesider på internett, nokre lokale i Murmansk fylke og andre meir nasjonalt retta frå Moskva. Reint praktisk søkte eg på kjeldeordet Noreg (Норвегия),⁵ eit søk på uttrykket norsk nordområdepolitikk venta eg ikkje at ville gje ei tilfredstillande mengde treff. Eg har og nytta eit filter som sorterar ut artiklar som inneheld ord som eg ikkje ser som relevante for rapporten. Her har eg mellom anna valt å avvise ord

⁵ Den fullstendige søkestrengen er som følgjer: Норвегия NOT (Спорт* OR футбол* OR Ливии OR биатлон* OR чемпионат* OR Сборн* OR лыж* OR матч* OR хокке*) Orda etter NOT vert nytta til utsortering slik at dersom nokon av orda dukkar opp i ein artikkel vert den sortert ut automatisk av søketenest. * er nytta for at og andre endingar av dei same orda skal verta sortert ut noko som er nyttig for å få med dei ulike kasus-endingane. Ливии er ein levning frå då søket fyrst starta og og inkluderte 2011, då for å fjerne artiklar som nemna norsk deltaking i NATO-koalisjonen for flyforbodsna i Libya.

som ski og fotball sidan desse nok sær sjeldan vil dukke opp i artiklar som omhandlar norsk nordområdepolitikk. Eg gjekk her ut i frå at ein artikkel som omhandlar norsk nordområdepolitikk ikkje kunne unngå å omtale Noreg som land. Utanrikspolitiske konsept vert sjeldan plukka opp i sin heilskap i aviser generelt, anna enn i spesialiserte tidsskrift. Ulempa med å nytte eit søkjeord som Noreg er at det ganske ofte dukkar opp i lister av land, utan at det står noko særskilt om Noreg eller norsk nordområdepolitikk, men så lenge ein klarar å sortere vekk mesteparten av sportssakene - Marit Bjørgen sin astma kan vanskeleg knyttast opp mot norsk nordområdepolitikk - vert det eit overkommeleg problem. Av desse artiklane ein sit igjen med vert det så ein vurderingssak å plukke ut dei som er av verkeleg interesse, her vert det sjølvsagt eit subjektivt element inne i bilete sidan ein ikkje kan venta å automatisk finne relevante treff ved eit søkjeord som Noreg. Samanlikna med til dømes å søkje på nordområda i norsk presse får ein dermed meir arbeid med å sortere ut det som er relevant. Ikkje uventa har det vist seg å verta færre artiklar å ta av jo lenger tilbake i tid ein går, og utvalet av artiklar vart mindre jo meir ein nærmar seg 2005. Det har og vore viktig å sørgje for at kjeldetilfanget er breitt nok og at ein ikkje berre endar opp med dei same kjeldene gong etter gong, men og samstundes klarar å snevra inn søket nok til at det vert overkommeleg med eit representativt utval av russisk presse. Eit anna problem som det må takast omsyn til er om utvalet av mediekjelder er representativt, sidan eg valde å ta utgangspunkt i eit utval av russisk pressekjelder. Gjennom ei for snever avgrensing står ein i fare for å ende opp med meiningane til eit fåtall journalistar som skriv saker om Noreg. Ideelt sett bør ein som Foucault seier «lese alt, studere alt» (Neumann I.B. 2001:54) men dessverre vil praktiske omsyn alltid spela inn og føre til eit behov for å avgrensa stoffet. Her har eg dermed valt å fokusera på ein tidsperiode på fem år for å ha ei fast ramme for det eg ser som den nye norske nordområdepolitikken frå 2005 og utover. Eg har og avgrensa kjeldene til ei overkommeleg mengde og til dei avisene som eg antok ville ha mest å seia om norsk nordområdepolitikk og ville gje eit mest mogleg breitt bilete av russiske oppfatningar. Kjeldene eg har vald ut går eg igjennom nedanfor.

1.4 Kjelder

Kjeldene har eg vald å dele inn i to grupper av aviser og nyhendesider: ei med regionale og lokale kjelder frå dei russiske nordområda, og ei nasjonal gruppe. Desse kjeldene håpar eg at skal vera med å gje eit mest mogleg representativt bilete av russisk presse.

1.4.1 Regionale kjelder

Blant den regionale pressa har eg valt å plukke ut mellom anna Argumenty i fakty sine lokale utgåver frå Murmansk og Arkhangelsk. Argumenty i fakty (AiF) er på nasjonalt plan Russland si største avis med eit opplag på om lag 3 000 000 eksemplar, ifølgje TNS Russland er leserskaren til kvart nummer av AiF meir enn 7,9 millionar (SMIRU AIF). For den regionale utgåva i Murmansk vil det sjølvsagt vera mykje lågare tal, men det bør vera rimeleg å gå utifrå at AiF og i Murmansk er blant avisene med høgast lesartal. Eg har og vald ut nyhendesidene Nord News og mbnews.ru (*Murmanskie Biznes-Novosti*) som begge er

nyhendesider basert i Murmansk og dermed kan gje eit regionalt perspektiv. Ei anna regional kjelde er GTRK – Murman som er den statlege radio og tv-kanalen i fylket og som dermed kan tenkjast å gje eit meir offisielt syn på norske initiativ, og som den største tv-kanalen i fylket er det den som når det største publikummet (SMI.RU GTRK.).

1.4.2 Nasjonale kjelder

Eg har vald å bruke eit litt større utval av nasjonale russiske kjelder. Her har eg plukka ut avisene Kommersant, Rossijskaja gazeta, Nezavisimaja gazeta og Novaja gazeta. Desse håpar eg at vil gje eit rimeleg breitt spekter av meiningar, med Kommersant som ei forretningsavis, Rossijskaja gazeta som er ein offisiell publikasjon frå den russiske staten, men som skal ha anlagt ei meir sjølvstendig line (BBC 2008), og har eit opplag på 431 569 ifølgje SMI.RU (SMI.RU RG) mot 638 000 i mars 2007 (BBC 2008). Nezavisimaja gazeta og Novaja gazeta er begge meir kritiske aviser (BBC News), noko som for Nezavismaja ligg litt i namnet sitt som den uavhengige avisa. Nezavisimaja har for tida eit opplag på om lag 50 000 (SMI.RU NG) mot 70 000 i mars 2007 (BBC 2008). Novaja Gazeta hadde eit større opplag på 171 000 i om lag den same perioden. Desse kan ikkje konkurrera med Argumenty i Fakty når det gjeld sirkulasjon, men vil kunne gje eit anna perspektiv enn AiF si meir tabloide vinkling. I tillegg til desse avisene har eg vald ut ei rekkje nasjonale nettaviser og nyhendebyrå, blant anna Lenta.ru, Gazeta.ru, Regnum.ru⁶ og Vzgljad som identifiserer seg sjølv som ei forretningsavis. Dette gjev eit breitt spekter av kjelder med ulike vinklingar. Eg håpar at eg med dette har fått eit rimelig representativt utval av russiske medie-kjelder og kan fange opp hovudstemningane i russisk presse. Utvalet kunne sjølvsagt vore større, men dette kunne ha gjort stofftilfanget for stort, og eg håpar at eg no har klart å gjera ei god avveging mellom tal på artiklar og bredde.

1.4.3 Tekniske begrensingar ved nyhendesøket

Søketenesta som vert nytta i nyhendesøket er ikkje ein tradisjonell avisdatabase som tilsvarar den norske A-tekst databasen. Dette er ei søkjeteneste for nyhende som kan nyttast til å søkja etter enkeltord i artiklar frå både aviser og andre nettsider som ligg ute på internettet. Til forskjell frå ein database vil denne ikkje ha lagra artiklar, men vil søkje i det som til ei kvar tid ligg ute på internett. Dette kan medføre at ting forsvinn etter som dei vert sletta frå internettsider, og søk bakover i tid er berre så gode som dei nettsidene som vert gjennomført. Dette gjer sitt til at det kan verte vanskelegare å finne ting jo lengre bakover i tid ein går då nettsidene kanskje ikkje hadde vorte oppretta eller har vore gjenstand for omleggingar i mellomtida. Eit ankepunkt er at dette ikkje gjev mog-

⁶ Regnum er eit nyhendebyrå med regionale avdelingar blant anna i Murmansk og Arkhangelsk med vinklingar som det ikkje alltid er lett å finne andre plassar. Ein av deira kommentatorar har teke opp det såkalla «Pomorspørsmålet» der danninga av ein pomor-identitet vert sett på som eit komplott frå Noreg si side som har samanheng med norske interesser i olje og gass (Regnum.ru). Dette kjem utanfor tidshorisonten til denne rapporten men denne typen førestillingar hadde det vore interessant å tatt ein nærare kikk på.

legheit for å skilje mellom kva det aldri vart skrive om og kva som har forsvunne i mellomtida. Framveksten av betalingstenester kan og ha sitt å sei for at tilgangen til visse kjelder vert avgrensa. Men tenesta gjev tilgang til mange sider, både aviser og nettaviser og mange andre typar nettsider som elles kan vera vanskeleg tilgjengelege. Ein får dermed tilgang til ein større breidde enn ein ville hatt tilgang til elles, men ein kan dermed ikkje vera like sikker på at alt er der som i ein database.

1.5 Kapittelinnføring

Rapporten er delt inn i fem kapittel. Det andre kapittelet vil fokusera på bakgrunnen for norsk nordområdepolitikk. Der vil eg og gje ein historisk bakgrunn for den norske nordområdepolitikken, som byrja lenge før det som kan kallast den nye nordområdepolitikken kom på dagsorden. Tunge og viktige tema i nordområdepolitikken i dag som Svalbard og fiskeri kan ikkje forståast utan at ein ser tilbake til kva som har kome før. Dette kapittelet gjev og ei moglegheit til å få vist politikken frå norsk side og korleis denne har vorte utforma og kva utvikling som kan sporast i den norske nordområdepolitikken, som eg ønskjer å sjå mot kva som faktisk vert plukka opp i Russland. Bakgrunnskapittelet vil og nyttast til å vise korleis den norske nordområdepolitikken har vorte uttenkt på «teiknebrettet», noko som dermed seinare kan haldast opp mot reaksjonane i russisk presse. Deretter vil eg ha eit empirikapittel der eg gjennomgår det eg har funne av artiklar som kan relaterast til norsk nordområdepolitikk og Noreg frå 2005 og fram til utgangen av 2010. Dette vil verta ei kronologisk framstilling der eg ønskjer å framheve dei ulike sakene og sakskompleksa som stod i sentrum i denne perioden. Dette vert naturleg nok det største kapittelet der eg håpar å kaste lys over eit felt som tidlegare ikkje har vore via mykje merksemd. Eit langt empirikapittel meiner eg er nødvendig for å kunne gje eit innblikk i den russiske mediekvardagen og vise korleis denne skil seg frå det me er vane med i Noreg og norsk nordområdedebatt. Eg ser det og som viktig å kunne vise førestillingar og representasjonar av Noreg gjennom empirikapittelet for dermed å opne denne verda litt for eit norsk publikum som språkbarrierane stengjer ute. Det fjerde kapittelet vil verta via til analyse av empirien og sjå kva diskursar knytt til norsk nordområdepolitikk og Noreg som kan identifiserast. Her ønskjer eg å finne hovudrepresentasjonane av norsk nordområdepolitikk og sjå kva desse kan fortelja om russiske oppfatningar av norsk politikk og kanskje og om Noreg generelt. Det siste kapittelet vil nyttast til mine oppsummerande betraktningar der eg gjer greie for kva eg meiner eg har funne ut og korleis dette kan kaste lys over russiske reaksjonar på norsk nordområdepolitikk, og korleis dette kan sjåast i ein vidare samanheng om forholdet mellom Russland og Europa.

2 Nordområdepolitikken sett frå Noreg

2.1 Den kalde krigen

Nordområda var under den kalde krigen eit særskild viktig område ikkje berre for Noreg, men og for NATO. Noreg var eitt av berre to NATO-land med ei landegrense til Sovjetunionen, med Tyrkia som det andre. Nordområda fekk dermed ein viktig plass i norsk tryggleikspolitikk i og med at på andre sida av grensa med Sovjetunionen fann ein Kolahalvøya som var verdas mest militarisererte område. Med nordområda som sentrale i tryggleikspolitikken til både Noreg og Sovjetunionen var det eit avgrensa handlingsrom for samarbeid, men ikkje desto mindre vart det oppretta eit forvaltningssamarbeid mellom Noreg og Sovjetunionen for å ta vare på dei viktige fiskeribestandane i Barentshavet. Dermed vart det avtalt å oppretta den blanda norsk-sovjetiske fiskerikommisjonen i 1975 (Regjeringen Fiskerisamarbeid).

Endringar i havretten, fyrst med opprettinga av fiskerigrenser ved 12 nautiske mil og deretter utvidinga av kyststatane sin jurisdiksjon ut til 200 nautiske mil, opna for opprettinga av eigne økonomiske soner noko både Noreg og Sovjetunionen gjorde i 1977 (Regjeringen NØS). Dette skulle føra med seg eit uavklart spørsmål om kvar delelinja i Barentshavet mellom Noreg og Sovjetunionen, og seinare Russland skulle gå. At Noreg grensa til ei supermakt gjorde sitt til at norsk utanrikspolitikk i nordområda hadde ein forsiktig og ofte beroligande karakter overfor Sovjetunionen for å unngå store spenningar (Hønneland G og Rowe L. 2010:10-13). Noreg innførte mellom anna restriksjonar mot å tillate atomvåpen og framande militærbasar på norsk jord i fredstid og Noreg tillet heller ikkje øvingsaktivitet med deltaking frå andre NATO-land aust for 24. lengdegrad. Sjølv om Noreg var ein del av NATO, freista ein å føre ein «beroligelsespolitikk» for ikkje å provosere Sovjetunionen.

Kola-halvøya og nordområda var av stor strategisk betydning for Sovjetunionen etter som Nordflåten vart den største sovjetiske flåtestyrken, og etter utstasjoneringa av atomubåtar ikkje langt frå norskegrensa. Dette gjorde sitt til at Noreg nok ønskte å gå stille i dørene i sin politikk i nordområda og ønska mest mogleg ryggdekning frå sine NATO-allierte. På grunn av Noreg og nordområda si viktige stilling var det ikkje vanskeleg å sikre seg støtte for norsk politikk blant dei andre NATO-landa. Noreg si line var å ikkje å gå for tett inn i bilateralt samarbeid med Sovjetunionen og sørgje for at ein hadde støtte frå andre vestlege land overfor Sovjetunionen, då ein såg at styrkeforholdet ville vera altfor ubalansert.

2.1.1 Svalbard

Eit anna viktig tema i forholdet mellom Noreg og Sovjetunionen var Svalbard. Ordninga ein har i dag vart etablert etter den fyrste verdskrigen. Dei store tapa som den norske handelsflåten hadde lidd under krigen vart brukte som eit argument for at Noreg burde få Svalbard som kompensasjon. Dette vart sett på som eit rettferdig krav og skulle i 1920 føre fram

til Svalbardtraktaten. Russland var på denne tida i borgarkrig og kunne dermed ikkje setja seg imot, noko som nok gjorde traktaten mogleg (Jørgensen J. H. 2010:15). Traktaten gav Noreg suverenitet over øygruppa men stadfesta samstundes at alle borgarar av land som hadde ratifisert traktaten hadde like rettar til å utøve næringsverksemd, Noreg hadde dermed inga moglegheit til å særbehandla eigne borgarar. Det vart og lagt sterke begrensningar på militær verksemd på øygruppa og på moglegheitene for skatteinnkreving av bebuarar på øygruppa. Russland vart i 1920 oppmuntra til å slutta seg til traktaten når ein fekk ei regjering som vart anerkjend av alle partane i avtalen. Dette skjedde ikkje før 1935 då Sovjetunionen slutta seg til traktaten (Jørgensen J.H. 2010:27).

Svalbard si stilling er dermed annleis enn alt anna norsk territorium til tross for Noreg sin «fulle og uinnskrenkede høihetsrett over Spitsbergen-øgruppen» (Svalbardtraktaten). Frå starten på den russiske gruvedrifta i 1912 fram til den andre verdskrigen grunnla eller kjøpte Russland og Sovjetunionen opp tre busetnadar: Barentsburg, Grumantbyen og Pyramiden. Dermed sto berre Noreg og Sovjetunionen att med busetnadar på Svalbard. Øygruppa vart noko så spesielt som ein del av Noreg med sovjetiske busetnadar og eit anna lovverk enn fastlands-Noreg, norske lover må spesifikt nemnast å vera gyldige på Svalbard for å vera rettskraftige der. Med denne særskilde statusen er det ikkje rart at Svalbard vart eit sær viktig tema for både Noreg og Sovjetunionen medan den kalde krigen sto på. Sjølv om Noreg har suverenitet og politimyndighet ville ein ikkje blande seg inn i kva som skjedde i dei sovjetiske busetnadane. Sovjetunionen sitt syn på norsk suverenitet på øygruppa var at den var innskrenka og at Noreg likevel ikkje hadde full suverenitet (Jørgensen J.H. 2010:16). Det var og ei viss usemje i korleis artikkel 9 i Svalbard-traktaten skulle tolkast. Medan Noreg sitt syn var at permanente militærinstallasjonar var forbode, var Sovjetunionen si haldning at all militær aktivitet på Svalbard var forbode. Noreg skulle halda suverenitetshevdning avgrensa og politikken var at ein skulle lata dei sovjetiske busetnadane vera i fred utan innblanding. Denne lina vart gradvis snudd frå 60-talet og utover, men ein ville framleis freista å unngå å trakke Sovjetunionen for mykje på tærne. Spørsmålet om suverenitet har og vorte vanskelegare i samband med opprettinga av den norske fiskevernsona rundt Svalbard i 1977. Instruksjonane for fiskevernsona seier klart at: «Bestemmelsene for Fiskevernsonen er utformet slik at de ikke ville ha vært i strid med Svalbardtraktaten, selv om denne hadde kommet til anvendelse i Fiskevernsonen.» (Meld. St. 30 (2004-2005).

2.1.2 Fiskerisamarbeid

Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjonen som vart oppretta i 1975 var eit av få døme på eit aust-vest samarbeid under den kalde krigen. I samband med opprettinga av økonomiske soner vart det fort klart at dei gamle fiskeriforvaltningsmekanismane ikkje var tilstrekkelege. Kommisjonen for fisket i det Nordaustlege Atlanterhavet (NEAFC) som hadde vorte oppretta i 1959 med deltaking frå både Noreg og Sovjetunionen, hadde vist seg å ikkje vera handlegraftig nok til å forvalte fiskeria på ein effektiv måte. Med opprettinga av den blanda fiskerikommisjonen vart for fyrste gong torsk og hyse sett på som fellesbestandar mellom Noreg og Sovjetunionen, det vart og underskreve ein avtale om gjensidige fiske-

rettar i kvarandre sine økonomiske soner (Hønneland G. og Jensen L.C. 2008:65). Med dette vart det og årlege fiskekvotar i Barentshavet som begge land sine fiskefartøy måtte forholde seg til. Russiske fiskarar sine prioriteringar i sovjettida var annleis ein dei seinare skulle verta med samanbrotet av Sovjetunionen og overgang til marknadsøkonomi. Det var størst mogleg fangstvolum som stod i førarsetet og dermed fekk ein i stand eit system der sovjetiske fiskarar bytte bort ein del av torskekvoten sin i byte mot kvotar i reint norske bestandar, slik at ein dermed kunne få større fangstar. Dette passa norske fiskarar bra ved at ein dermed fekk fiska meir torsk som gav høgare prisar enn dei artane ein bytta vekk. Dette var ikkje lenger interessant etter som 80-talet gjekk mot slutten (Hønneland G. 2005:80).

2.1.3 Delelinja i Barentshavet

Det største uavklarte spørsmålet i forholdet mellom Noreg og Sovjetunionen og seinare Russland, var i mange år spørsmålet om delelinja i Barentshavet. Med utvidinga av territorialfarvatn og opprettinga av eksklusive økonomiske soner var det klart at spørsmålet om kvar delelinja i Barentshavet skulle gå var vanskeleg å avgjere. Sovjetunionen si oppfatning var basert på eit dekret av 15. april 1926 som sa at alt land mellom 32. lengdegrad og 4 minutt 35 sekund aust fram til Beringstredet var sovjetisk territorium (Kadis.ru) og erklærte dermed ei såkalla sektorlinje. Noreg på si side har halde seg til midtlinjeprinsippet om at grensa burde vera like langt vekk frå begge land sitt fastland. Både Noreg og Sovjetunionen gjekk utifrå Genève-konvensjonen om kontinental-sokkelen frå 1958 som eit grunnlag for forhandlingane om delelinja. Konvensjonen vart brukt av begge land til å støtta deira eigne syn, dette grunna formuleringa om at dersom partane ikkje vart samde skulle ein følgja midtlinjeprinsippet dersom det ikkje låg andre særskilde omstende til grunn. (Kontinental-sokkelkonvensjonen) Spørsmålet vart fyrst teke opp på eit uformelt nivå i 1970 og formelt i 1974 (Hønneland G. og Rowe L. 2010:99). Med såpass ulike utgangspunkt for kvar ei eventuell delelinje skulle gå vart det fort klart at forhandlingane ville ta lang tid. Dette skulle resultere i den såkalla Gråson-avtalen for å få regulert fisket i store delar av det omstridde området. Avtalen førte til at fiskefartøy frå Noreg og Sovjetunionen/Russland i Gråsona vart kontrollert av sitt eige lands kystvakt. Norske skip vart altså kontrollert av norsk kystvakt og russiske skip av russisk kystvakt. Sidan Gråsona omfattar langt større uomstridde norske område enn uomstridde sovjetiske/russiske område har avtalen vore upopulær blant norske fiskarar.

2.1.4 Miljø

Miljøvern kom fyrst opp på den internasjonale dagsorden på 70-talet. Her var det i fyrste omgang naturvern og bevaring av truga artar som hadde høgast prioritet, men dette vart etter kvart supplert med tiltak mot langtrekkande luftureining, eit område der Sovjetunionen og Noreg og dei andre nordiske landa hadde samanfallande interesser og sto i eit motsetnadsforhold til dei store europeiske industrilanda Storbritannia og Vest-Tyskland. Samarbeidet som førte fram til konvensjonen om langtrekkande luftforureining i 1979 kan ein dermed kanskje sjå som den spede byrjinga for norsk-sovjetisk/russisk miljør samarbeid. Utover 80-

talet freista norske miljøvernstyresmakter å få i stand eit møte mellom administrasjonen i Murmansk fylke og fylkesmannen i Finnmark for å ta opp miljøvernspørsmål. Møtet vart halde i juni 1986 og frå norsk side var forureininga frå nikkilverket i Petsjenga det viktigaste temaet. På sovjetisk side ønskte ein å få i stand ein meir generell avtale om luft og vassureining. Gorbatsjov sin Murmansk-tale i oktober 1987 auka fokuset på samarbeidsprosjekt med dei nordiske landa, noko som gjorde sitt til at ein avtale om miljøvernssamarbeid vart underskriven i januar 1988. I august same året kom og den norsk-sovjetiske miljøvernkommisjonen saman for fyrste gong (Hønneland G. og Rowe L. 2010:57-58).

2.1.5 Oppsummering

Den kalde krigen var ikkje ein fruktbar periode for norsk-sovjetisk samarbeid. Med polariseringa mellom aust og vest var det få område med opningar for samarbeid mellom eit NATO-land og Sovjetunionen. Fokuset på tryggleikspolitikk overskygga alt anna og avgrensa handlingsrommet for samarbeid. Fiskerisamarbeidet var unnataket i denne samanhengen, men la og eit mønster for framtidig norsk-russisk samarbeid med dei norsk-russiske blanda kommisjonane som seinare har kome i stand.

2.2 «Nordområdepolitikk» før nordområdepolitikken: Barentssamarbeid og bistand

Med Sovjetunionen sitt samanbrot på 90-talet skulle det opne seg mange nye moglegheiter for samarbeid over landegrensene i nordområda. Det vart fort klart at ein på russisk side no ønskte å gå i gong med samarbeid og på mange områder, og var klare til å ta imot bistand. Tryggleikspolitikken sitt grep på nordområda hadde vorte svakare og det tradisjonelle styrkeforholdet mellom Noreg og Russland såg ut til å ha vorte snudd på hovudet, med eit Russland som gjennomgjekk mange kriser. Den norske regjeringa sitt handlingsprogram for Aust-Europa frå 1994 hadde som mål å «bidra til en grunnleggende omstrukturering av disse samfunn med sikte på å trygge en demokratisk og økonomisk bærekraftig utvikling» (Hønneland G. og Rowe L. 2010:45). Dette kan i dag vanskeleg sjåast på andre måtar enn som eit i overkant ambisiøst mål frå Noreg si side. 90-talet var ein periode med eit Russland i endring, der dei gamle spelereglane ikkje lenger gjaldt. Det var og ei tid der katastrofebeskrivingane av Russland florerte og der norsk bistand verka nødvendig. Mens ein tidlegare hadde eit sær avgrensa spelarom for samarbeid vart det no opna ei rekkje nye arenaer for samarbeid. Her må Barentssamarbeidet som kom i stand i 1993 vera ei hovudsak. Med opprettinga av Den euro-arktiske Barentsregion i januar det året vart det sett heilt nye rammar for samarbeid. Det kom og i stand samarbeid på ei rekkje felt, slik som miljø med smelteverket i Nikel' med sine utslepp som gjorde stor skade og på norsk side av grensa. Det må og trekkjast fram andre felt slik som helse, utdanning, miljø og forskning. Opprettinga av ein eigen norsk-russisk kommisjon for atomtryggleik i 1998 fekk sett atom-samarbeidet i system, medan handlingsplanen for atomsaker frå 1995 lenge var ei av dei viktigaste satsingane innan norsk nordområdepolitikk.

2.2.1 Barentssamarbeidet

Den euro-arktiske Barentsregionen var lenge høgt oppe på dagsorden for norsk nordområdepolitikk. Sjølv Barentssamarbeidet kom i stand etter planar frå Thorvald Stoltenberg som var norsk utanriksminister med støtte frå den russiske utanriksministeren Andrej Kozyrev (Hønneland G. og Jensen L.C. 2008:11). Dette kom det såkalla Stor-kalott initiativet i forkjøpet, som samstundes var under utarbeiding i Finland og som tok sikte på å utvida Nordkalott-samarbeidet til Russland. Barents-samarbeidet hadde tre hovudmålsetningar: normalisering, sivilisering og regionalisering. Ein ønskja å normalisera forholdet til Russland i Barents-regionen, grensa til Russland skulle verta som grensa til eit kvart anna europeisk land. Ein ønskja og at militære interesser ikkje lenger skulle vera dei som sette dagsorden i regionen, altså ei sivilisering av forholdet. Barentsregionen skulle og verta ein region i sin eigen rett med samband over landegrensene, både økonomisk og på eit folk til folk nivå der ein ønskte å skapa ein eigen barentsidentitet som innbyggjarane i regionen skulle føle ei særskild tilknytning til, sjølv om dei var borgarar av ulike land. Barentsregionen skulle setjast inn i ein breiare europeisk samanheng med regionsbygging. Det offisielle namnet regionen fekk som den euro-arktiske Barentsregionen peiker tydeleg i den retningen. For å gje regionen eit historisk tyngdepunkt såg ein tilbake til pomorhandelen og den kontakten og handelssambandet ein fann mellom Noreg og Russland i nord før revolusjonen. Dermed såg ein på sovjettida med si isolering og brot med alle former for kontakt over landegrensene som noko særskilt og unaturleg. Dermed ville Barentssamarbeidet vera med å normalisere tilhøva mellom Noreg og Russland i nord etter 70 års unntakstilstand. Barentssamarbeidet bana veg for eit breitt samarbeid innanfor mange ulike felt som mellom anna handel, vitskap, reiseliv, miljø, utdanning, kultur og urfolk (Hønneland G. 2005:50). Men det er og verdt å merka seg at det ikkje vart noko fiskerisamarbeid innanfor Barentssamarbeidet, eit område der Noreg og Russland/Sovjetunionen allereie hadde ein lang tradisjon for samarbeid og nok ikkje ønskja å dra inn andre utanforståande aktørar. Barentssamarbeidet var likevel den viktigaste arenaen for norsk nordområdepolitikk på 90-talet.

2.2.2 Helsesamarbeid

Trusselen om oppblomstring av multiresistent tuberkulose vart utover 90-talet teke opp i det norske mediebildet saman med andre smittsame sjukdommar. Bakgrunnen for dette var den store auken av tuberkulose-tilfelle og HIV-smitta. I Russland hadde talet på tuberkulose-tilfelle meir enn dobla seg frå byrjinga til slutten av tiåret (Hønneland G. 2005:91). Nedkjempinga av smittsame sjukdommar kom meir i fokus på slutten av 90-talet etter kvart som det vart klart at fleire av Barentssamarbeidet sine store visjonar var vanskelege å setja ut i live. Helse hadde vore ein prioritet innan Barentssamarbeidet og med opprettinga av Barents helseprogram kom det mykje høgare opp på dagsordenen. To år etter Barents helseprogram, i 2001, vart aksjonsgruppa for smittsomme sjukdommar i Austersjøregionen oppretta. Trass i at namnet kanskje ikkje skulle tilseie det, vart og Nordvest-Russland eit satsing for Austersjøprogrammet og Noreg fekk innteke ei framståande rolle i dette programmet (Hønneland G. og Jensen L.C. 2008:15). Hovudmålet var å få innført verdas helse-

organisasjon (WHO) sitt program for tuberkulosebehandling (DOTS) i Russland og få dei ulike russiske styringsinstansane som fanst til å samarbeida betre. Det viktigaste området for å stoppa tuberkulosesmitta var den russiske fengselssektoren som lenge hadde hatt problem med mangel på medisinar, dårleg oppfølging og lite samarbeid mellom dei ulike helseetatane. Det var og ein utstrekkt motvilje mot det vestlege tuberkuloseregimet til WHO. Desse faktorane var medverkande i spreining av multiresistent tuberkulose. Helsesamarbeidet vart på slutten av 90-talet og byrjinga av 2000-talet det feltet som sigla opp som eit hovudfelt. DOTS vart gjennomført utanfor institusjonar og pasientane skal gjennomføre ein seks til åtte månader lang breispektra antibiotikakur for å ta knekken på sjølv multiresistent tuberkulose. DOTS kom dermed på sida av det etablerte russiske systemet for tuberkulosebehandling, eit system som i stor grad er fragmentert, og ein rekkje etatar har sine egne program for behandlinga av tuberkulose (Hønneland G. 2005:97-98). Dette har gjort det vanskeleg å få i stand samordning. DOTS si historie som eit behandlingstilbod for u-land har nok heller ikkje gjort det lettare for russiske myndigheter å godta det og har styrkt skepsisen til programmet. Men til tross for dette har innføringa av DOTS i Nordvest-Russland vore vellukka, sannsynlegvis sidan ein kom med programmet på ei tid då det var vanskeleg å få pengar frå dei sentrale styresmaktene i Moskva, og at ein då tok imot dei pengane ein kunne få. Arkhangelsk fylke har til dømes vorte utpeika som ein mønsterregion av WHO for si implementering av DOTS (Ibid:99). Helsesamarbeidet kan dermed sjåast på som vellukka i ein periode der ein ikkje hadde altfor mange suksessar å skryte av. Helsesamarbeidet var ei satsing som var enkel å rettferdiggjere på norsk side, sidan ein vanskeleg kan seia nei til å stoppe smittsame sjukdommar, som potensielt sett kunne spreia seg til Noreg med tida. Politisk sett gav dette og eit nytt «verktøy i boksen». (Hønneland G. 2005:91) Dette gav Noreg ein reiskap som kunne brukast i regionsbygging, noko som ein gjekk klart inn for med Barentssamarbeidet og gav Noreg moglegheit til å markere seg som ein deltakar i europeisk politikk (Ibid:103).

2.2.3 Miljø- og atomsamarbeid

Smelteverket i Petsjenga hadde lenge vekt bekymring grunna høge utslepp av svoveldioksid. Desse utsleppa hadde allereie på 70-talet ført til sviskadar på vegetasjon (Hønneland G. og Rowe L. 2010:14). Det fyrste målet for det norsk-sovjetiske/russiske miljøsamorbeidet vart derfor å kartleggje skadane og redusere utsleppa. Allereie i 1990 vart lova 300 millionar for å støtta ei eventuell ombygging ved smelteverket. Trass i at pengane vart lova på eit tidleg stadium skulle det visa seg å vera vanskeleg å komma i gong, trass i fleire forslag frå både norsk og finsk side. Her la både finanskrisa i 1998 og russisk motvilje mot å gjera store investeringar som ikkje ville gje produksjonsauke, hindringar i vegen. Det vart inngått ein avtale om ombygging i 2001 mellom Noreg og Russland med ei tidsramme på 10 år, denne avtalen er i dag gått ut utan synlege resultat, bortsett frå at ein har fått flytta nokre utslepp nærare norskegrensa (Hønneland G. og Rowe L. 2010:67). Etter kvart som Nikkel-saka og atomsamarbeidet vart mindre sentralt kom ein i 1994 i gang med prosjektet «Renere Produksjon», her skulle norske sivilingeniørar læra opp sine russiske kollegaer til å verta betre på miljø og

energieffektivitet (Ibid:60). Prosjektet vart kjapt eit av hovudsatsingsområda for det norsk-russiske miljøvernssamarbeidet utover 90-talet, men skulle vise seg å mangla den nødvendige gjennomslagskrafta på russisk side. Dermed vart “Renere Produksjon” til slutt tona ned utan at verken det russiske næringslivet eller russiske styresmakter tok opp hansken og gjekk over til å finansiere det sjølv. Det var derimot tilfellet for arbeidsprogrammet for biologisk mangfald som kom i stand i 1996 og som dekkja eit bredt spekter av oppgåver, frå kulturminnevern til forvaltninga av truga artar så ulike som laks og isbjørn. Kulturminnevernet vart til slutt teke over av russarane aleine som og tok over finansieringa sjølve (Ibid:61). Under dei store reorganiseringane av dei russiske miljøvernstyresmaktene på byrjinga av 2000-talet, vart den russiske statskomiteen for miljøvern oppløyst og enda opp som ei avdeling i naturressursministeriet. Dei omfattande omleggingane og nedprioriteringane av miljøvern innanfor det russiske statsapparatet skapte i mange år ei handlingslamming i det som var igjen av det russiske miljøvernbyråkratiet. Dåverande president Putin sitt syn om at Russland ikkje hadde råd til å prioritere miljøvern kan heller ikkje ha gjort det enklare med miljøvern og miljøvernssamarbeid (Ibid:71).

Det var ikkje berre miljøssamarbeid som kom på dagsorden i samband med opninga mot Vesten, det dukka og opp andre problemstillingar. Rykta om dumping av atomavfall i Barents- og Karahavet, er eitt døme samstundes som ein vart klar over omfanget av atomavfall frå Nordflåten sine ubåtar og atomisbrytarflåten. Som eit resultat av dette kom handlingsplanen for atomsaker i gong i 1995. Dette var lenge ei av hovudsatsingane i norsk politikk overfor Russland med ein milliard kroner løyvd over ein tiårsperiode. Handlingsplanen omfatta mange handlingsområde. Planen løyvde mellom anna pengar til å betra tryggleiken og tryggleikskompetansen ved atomkraftverket ved Poljarnye Zori utan at ein dermed skulle forlenge levetida til atomkraftverket (Hønneland G. 2005:63).

Det vart og iverksett tiltak for å hindre dumping av radioaktivt avfall til sjøs der Noreg og USA kom med pengar til utviding av atomisbrytarflåten sitt reinseanlegg i Murmansk. Ein komité såg og på atomavfallskipet Lepse sin vidare skjebne der ein mellom anna oppbevarte øydelagd kjernebrensel. Andre tiltak var bygging av jernbanevogner for frakting av atomavfall. Det har og vorte sett i gong prosjekt for å få rydda vekk brukt kjernebrensel frå dei gamle tekniske basane for atomubåtar i Andrejevabukta og Gremikha. Desse nye prosjekta kom i stand utover på 2000-talet i samband med at den gamle handlingsplanen vart avløyst av nye (Hønneland G. og Rowe L. 2010:70). Dei norske atomsamarbeidstiltaka har hatt varierende grad av suksess. Tiltaka har og vore møtte av russarane med mistankar om spionasje frå norsk side, sidan dei omhandlar område som til ein viss grad kan sjåast på som militært sensitive (Ibid:72). Dei store summane involvert i tiltaka har og opna for mistankar om korrupsjon på russisk side og ein har ikkje hatt altfor mange reine suksesshistoriar. Fjerninga av dei siste radioaktive fyrlyktene som vart fullført i 2009 langs den nord-vest russiske kysten kan sjåast på som eit heiderleg unntak (Meld. St. 10 (2010–2011)b.).

2.2.4 Fiskerisamarbeidet

Det norsk-russiske fiskerisamarbeidet hadde på 1990-talet allereie lang forhistorie og her var det ikkje snakk om å byrja på bar bakke, slik som ein måtte gjere på mange andre område. Fiskerisamarbeidet vart og halde utanfor Barentssamarbeidet. Det dukka opp mange nye utfordringar og dermed måtte og kontrollregimet ta innover seg den nye situasjonen. Utover 90-talet byrja russiske fiskebåtar å levere fisk til norske foredlingsanlegg. Dette var i utgangspunktet motivert av at ein då fekk betalt i vestleg valuta og fekk ein betre pris, men sjølv om prisane etter kvart jamna seg ut, var det framleis enklare å levere fisken til norske anlegg. Dermed kunne ein sleppe unna mange kontrollar i ulike russiske fiskeriorgan som utover 90-talet byrja å bruke desse kontrollane for å få inn inntekter, når ein ikkje lenger kunne stole på å få dei pengane ein skulle ha frå staten (Hønneland G. 2005:88). Dette førte til overfiske før ein fekk nye rutinar for rapportering og samordning mellom norske og russiske fiskeristyresmakter.

Den kanskje viktigaste endringa i det norsk-russiske forvaltningsregimet i Barentshavet kom på slutten av 90-talet då ein fekk innført ein rekkje referansepunkt for kvoteutrekninga, desse kom i 1999, for å sørgje for eit forvaltningsregime basert på føre-var prinsippet, noko som har ført til ei jamnare kvoteutvikling (Hønneland G. 2005:83). Forvaltningssamarbeid har rett nok ikkje vorte vidareutvikla utan motstand, noko som kom klart til syne i 1999 då det nesten vart brot i kvoteforhandlingane. Det året åtvare fiskeriforskarane mot samanbrot av torskebestanden og kom med ei tilråding om eit kvotekutt frå 480 000 tonn til 110 000 tonn, noko som førte til steile frontar før ein heilt på tampen kom til semje om ein kvote på 390 000 tonn. Kvotereduksjonen vart av mange på russisk side sett på som ei norsk freisting på å skada den russiske fiskerisektoren, og det var ei oppfatning av at Noreg kunne kompensera med auka oppdrett av torsk. Under forhandlingane ropte ein framstående russisk politikar «Krig mot Norge» (Hønneland G. og Rowe L. 2010:82). I eit slikt spent samarbeidsklima er det verd å merka seg at ein i det heile kom til noko som helst form for avtale, men dette viser kanskje kor viktig fiskerisamarbeidet hadde vorte for begge partar. Fiskerisamarbeidet på 90-talet var kjenne-teikna av ei utviding av samarbeidsflatene innanfor fiskeriforvaltninga der ei rekkje nye reguleringstiltak vart innført. Det hadde i 1993 vorte oppretta eit norsk-russisk kontrollsamarbeid etter rapportar om betydeleg russisk overfiske, grunna manglande russisk kontroll med fiskefartøy som hadde byrja å levera fangstane sine til Noreg (Hønneland G. og Jensen L.C. 2008:69). Ein fekk i gong ordningar for utveksling av fangstdata og kontrollsamarbeidet vart seinare utvida til eit permanent utval for kontroll og forvaltningssamarbeid. Dette førte til eit godt samarbeidsklima og til at ein dermed fekk gjennomført ei rekkje samordningstiltak når det gjaldt kontroll og tekniske reguleringar av fisket. Med tida kom det og nye regulerings- og kontrolltiltak som til dømes satelittsporing av fiskefartøy. Dette var i det store og heile ein periode der norske forslag hadde gjennomslagskraft og der ein fekk ei rask utvikling med innføring av mange nye tiltak innanfor kontrollsamarbeidet. Trass i tilbakeslaget i 1999 skulle forhandlingane året etter visa seg overraskande vellukka, med innføringa av ein treårig kvote som berre skulle justerast dersom ein fekk ei svakare bestandsutvikling enn venta, eller at ein nådde nokre

fastsette grenseverdier for gytebestand eller fiskemortalitet (Hønneland G og Rowe L. 2010:82-83). Dette letta arbeidet med kvotesetjinga, noko som minskja sjansen for gjentakningar av situasjonen i 1999. Det vart dermed lettare å planlegga langsiktig og spenningane minka, det hjalp godt at torskebestanden tok seg opp att uventa raskt. Det norsk-russiske fiskerisamarbeidet hadde dermed vist seg som levedyktig trass i enkelte tilbakeslag og problem på vegen.

2.2.5 Oppsummering

90-talet kan karakteriserast som ein periode med sterk utbygging av samarbeidet mellom Noreg og Russland på fleire felt. Mens ein tidlegare berre hadde hatt fiskerisamarbeidet, som i seg sjølv var unikt under den kalde krigen, og eit byrjande miljøsam arbeid utover slutten av 80-talet, fekk ein no opna mange nye område for samarbeid, noko som hadde vore utenkjeleg berre få år tidlegare før Sovjetunionen sitt samanbrot. Barents-samarbeidet kom inn som noko heilt nytt med innføring av eit regionalt samarbeid over landegrensene, og no var det eit fokus på at sovjet-perioden hadde vore eit unnatak, og at det var samkvem og handel som var det normale i tilhøva mellom Noreg og Russland i nordområda. Her vart pomorhandel og gamle før-revolusjonære handelssamband trekt fram. Barentsregionen skulle og verta ein identitetsregion der folka som budde der skulle kjenne ei tilknytning til regionen uavhengig av kva side av grensa dei budde på.

Sjølv om entusiasmen var stor på byrjinga av 90-talet skulle ein etter kvart møte ein del tilbakeslag, og det skulle vise seg at samarbeid ikkje skulle gå så knirkefritt som ein hadde håpa. Med ein norsk utanrikspolitikk som hadde ei meir internasjonal og «sørleg» retting gjennom 90-talet, skulle det ta litt tid før nordområda kom tilbake til toppen av den utanrikspolitiske dagsordenen i Noreg. Men med Orheim-utvalet si nordområdemelding og med regjeringsskiftet i 2005 kom nordområda igjen i fullt fokus.

2.3 Den nye nordområdepolitikken

Nordområda hadde lenge vore eit stykke ned på den utanrikspolitiske dagsordenen i Noreg. Det var ikkje noko samla nordområdepolitikk og ein snakka heller om ein Russlandspolitikk eller nærområdepolitikk viss ein ønskte eit breiare fokus. Det var og heller snakk om arktisk politikk og nordområda, var ikkje eit mykje brukt omgrep innan norsk utanrikspolitikk, som i nord lenge var forankra i Barentssamarbeidet. Norsk utanrikspolitikk hadde ein meir sørleg og internasjonal retting, godt hjalp av Noreg sine suksessar som internasjonal fredsmeklar. Men på byrjinga av 2000-talet skulle fokuset igjen rettast meir mot nord etter kvart som ein byrja å ane store økonomiske moglegheiter i nordområda. Her skulle spesielt petroleumssektoren visa seg å ha stor tiltrekningskraft, med det enorme Sjøtokman-gassfeltet som den store gulrota på russisk side. Nordområda kom fyrst opp att på dagsordenen med ekspertutvalet for nordområda som vart danna under Bondevik-regjeringa i mars 2003, og kalla Orheim-utvalet etter leiaren Olav Orheim, og som dermed skulle visa seg å vera startskotet for den «nordområdebegeistringa» som skulle komme. Utvalet kom med den offentlege utgreinga Mot Nord i desember

2003 og stortingsmelding nr 30. "Muligheter og utfordringer i Nord" som kom i 2005. Det heilt store gjennombrøtet kom med den raud-grøne regjeringa då den kom til makta i 2005. Med den nye utanriksministeren Jonas Gahr Støre sin tale i Tromsø same året var nordområda for alvor kome fram i lyset. Året etter kom rapporten Barents 2020 som vart følgd av regjeringa sin nye nordområdestrategi same året, og i 2009 av "Nye byggesteiner i nord". Eg vil her skissere litt kva dei handlar om og kva dei har hatt å sei for den nye nordområdepolitikken og kva saker som har vore viktige i den same perioden.

2.3.1 Nordområde- og stortingsmeldingane

Mot Nord

Den fyrste nordområdemeldinga som kom ut i 2003 gjorde det klart at ein ønskja å retta fokuset på nordområda ved å komma med ein ny heilskapleg politikk som ein meinte hadde mangla (Hønneland G. og Jensen L.C. 2008:28). Barentsregionen vart framleis sett på som viktig, men ein ønskja og å komma i gong med nye tiltak i mange sektorar utanfor Barentssamarbeidet. Fleirtalet i kommisjonen ville «konsentrere norsk innsats om Arktisk råd og det bilaterale samarbeidet med Russland» (Hønneland G. og Jensen L.C. 2008:29). Ein ønska dermed å fjerne den nasjonale delen av Barentssamarbeidet og i større grad konsentrere seg om det regionale samarbeidet. Utvalet gjekk og til dømes inn for ein nordområdemilliard og at ein skulle få meir kompetanse på nordområda innanfor næringsliv, forvaltning, forskning og høgare utdanning. Det var og ønskje om 500 millionar til utvikling av nærings samarbeid med Nordvest-Russland. Ein freista og å få i stand ein heilskapleg, bilateral avtale om Barentshavet innanfor næringsverksemd og miljø. Det var og ønskje om ein eigen nordområdeminister, eller i det minste ein statssekretær ansvarleg for nordområda. Hovudbodskapen frå rapporten var at ein ville endra fokuset i nordområdepolitikken vekk frå Barentssamarbeidet og atomhandlingsplanen, som gjennom 90-talet hadde vore dei store satsingsområda, og Arktisk råd skulle få ein viktigare posisjon.

Muligheter og utfordringer i nord

I 2005 kom stortingsmeldinga Muligheter og utfordringer i nord, som nok såg behovet for ein breiare nordområdepolitikk, men som ikkje følgde opp alle anbefalingane til Orheim-utvalet. Atomtryggleiksarbeidet fekk ei mykje meir framtrekande rolle enn det hadde hatt i Mot Nord og ein ville ikkje ta vekk fokus frå Barentssamarbeidet, Barentssekretariatet skulle tvert imot få auka budsjettet til prosjektsamarbeid med Nordvest-Russland (Hønneland G. og Jensen L.C. 2008:30). Nordområdedialogar dukka opp for fyrste gong ved at ein ønska ein «styrket dialog med de aktuelle land om nordområdespørsmål.» (Ibid.). Det vart og sett på som særskild viktig å vidareutvikle det bilaterale samarbeidet med Russland. Ein skulle styrkje det eksisterande samarbeidet, og både helse-, folk-til-folk- og sosiale prosjekt vart sett på som viktige samarbeidsfelt. Men for Arktisk råd sin del såg ein ikkje for seg at det skulle få ei auka rolle, og nokon bilateral avtale med Russland om Barentshavet stod heller ikkje på dagsordenen. Men det var uansett tydeleg at nordområdepolitikken hadde

fått ei meir framstående rolle enn før og med regjeringsskiftet skulle nordområda visa seg å få ein endå høgare utanrikspolitisk prioritet.

Barents 2020

Den borgarlege regjeringa tapte i 2005 stortingsvalet og fekk dermed ikkje mykje tid til å komma i gong med nye nordområdetiltak. Det vart dermed den nye raud-grøne regjeringa som kom til å setja sitt preg på den nye nordområdepolitikken. Her vart det dermed Jonas Gahr Støre sin nordområdetale ved Universitetet i Tromsø som lanserte Barents 2020. Nordområda hadde no vorte «Norges viktigste strategiske satsingsområde i utenrikspolitikken i årene som kommer.» (Hønneland G. og Jensen L.C. 2008:33). Barents 2020 rapporten kom ut året etter. No ønska ein å få i stand ei ny heilskapleg tilnærming til nordområda der petroleumssektoren, forvaltning av ressursane i havet og ulike miljøprosjekt vart utpeikte som hovudbyggesteinar. Petroleumssektoren hadde no fått stor betydning og norske erfaringar og teknologi innan petroleumssektoren var no vorte sær viktig for framtidig utvikling i Barentshavet. Det vart og føreslått å oppretta ei såkalla pomorsone som skulle verta ei norsk-russisk industriell samarbeidssone, som mellom anna skulle leggja til rette for ilandføring av olje og gass frå Barentshavet. Tanken om opprettinga av ei pomorsone fekk eit skot for baugen i 2007 etter at det vart oppretta ei 25 km grensesone langs heile den Russiske føderasjonen si yttergrense der det vart ulovleg for utlendingar å bevega seg fritt (Hønneland G. og Jensen L.C. 2008:43). Men pomorsoneinitiativet har gjeve nokre resultat: med grensebuarbeivet for bebruarane i grenseområda kan dei krysse grensa utan visum, så lenge dei heldt seg innanfor ei fastlagd grensesone. Denne sona inkluderer dei to russiske kommunane som grensar til Noreg og ei sone 30 km inn frå riksgrensa i norsk territorium.

Regjeringa sin nordområdestrategi

Opprettinga av ei pomorsone var eit av tiltaka som vart følgd opp frå Barents 2020 i regjeringa sin nordområdestrategi frå 2006. Ein vidareførte og fokus på kompetansebygging som sær viktig. Nordområdestrategien hadde både innanrikspolitiske og utanrikspolitiske komponentar. Meldinga la eit sterkt fokus på at ein skulle utøva «myndighet i nord på en troverdig, konsekvent og forutsigbar måte». Det var og viktig å utvikle kunnskap om nordområda, noko som allereie hadde vorte sterkt framheva i Barents 2020. Ein heilskapleg forvaltningsplan sto og på programmet samstundes som ein ønskte å gje petroleumssektoren gode vilkår (Hønneland G. og Jensen L.C. 2008:37-39). Petroleumssektoren si rolle i utviklinga av nordområda fekk ein sentral plass og ein såg framtidsutsiktene for næringa i Barentshavet som gode. Andre fokus låg på trygging av urfolk sitt livsgrunnlag, vidareutvikling av folk-til-folk-samarbeidet og ei satsing på å betra samarbeidet med Russland. Her trekte ein fram at ein ikkje kunne løysa mange av dei viktigaste oppgåvene i nordområda utan godt samarbeid med Russland. Ein nemnar spesielt miljø og ressursforvaltning.

Nye byggesteiner i nord

Den siste nordområdemeldinga kom i 2009 utan dei heilt store overraskingane, kompetanse vart igjen sterkt trekt fram. Det var ein tilnærma reindyrka innanrikspolitisk arbeidsplan som la sterk vekt på næringsutvikling i Nord-Noreg og berre hadde eitt kapittel med eit direkte fokus på utanrikspolitikk og samarbeidet med Russland. Denne nordområdemeldinga var det ikkje berre utanriksdepartementet, som sto bak men var heller eit samarbeidsprosjekt mellom ein rekkje departement (Hønneland G. og Rowe L. 2010:22).

2.3.2 Petroleumssektoren

Moglegheitene for olje og gassutvinning i Barentshavet har vore ei av hovudårsakane til oppblomstringa av interessa i nordområda og Barentshavet. Sjtokmanfeltet, som har potensiale til å byggjast ut til å verta eit av verdas største gassfelt, har på mange måtar vorte den store gulrota for petroleumssektoren i nordområda. Feltet vart oppdaga i 1988 men har sidan byrjinga av 2000-talet vore sett på som det som har varsla ein ny æra i nordområda. Førestillingane om at det store olje- og gasseventyret i Barentshavet er rett rundt hjørnet har lenge vore tilstades. Det ser ut som det endeleg kan gå mot start i petroleumsutvinning i russisk sektor men enn så lenge er statusen til Sjtokman uavklart. Den endeleg investeringsavgjerda er no utsett til etter det russiske presidentvalet i 2012 (Barentsobserver 2011c). Norsk samarbeid i Sjtokmanprosjektet var lenge uavklart der ein lenge fekk blanda signal frå russisk side om utanlandsk involvering i prosjektet i det heile kom på tale. Det statseigde russiske gasselskapet Gazprom opna i 2003 for at utanlandske selskap kunne få innpass i Sjtokmanprosjektet. Det var då planar om at feltet skulle setjast i gang i 2011 (Hønneland G. og Rowe L. 2010:124). Ein kan kanskje spore ein vesentleg del av den begeistringa som nordområda vekte tilbake til den interessa som moglegheitene for deltaking i Sjtokmanfeltet vekte. Utover i prosessen med å plukke ut ikkje-russiske partnerar, der både Statoil og Hydro var blant dei seks utvalde selskapa, ombestemte Gazprom seg i 2006, dei ville no sjølv stå for utbygginga utan utanlandsk innblanding. Dette endra seg igjen året etter då det franske selskapet Total vart invitert inn på operatørsida med 25 % av operatørrettane, nokre månedar seinare fekk det no samanslåtte StatoilHydro dei resterande 24 %. Dermed var føringane for utbygginga lagt og det var klart at norske selskap fekk ta del i utbygginga (Ibid:125). Dette vil føre til kontraktar for norsk industri, viss avgjerda om utbygging av Sjtokman vert teken utan dei same inntektene som ein ville fått med ein andel i sjølve feltet, og ikkje berre operatørrettar.

2.3.3 Fiskeriforvaltninga

90-talet var i all hovudsak prega av eit tettare samarbeid innanfor fiskeriforvaltning og innføringa av eit mykje meir forutsigbart forvaltningsregime, til trass for enkelte mindre tilbakeslag som i 1999. Dette er ei utvikling som stort sett har halde fram utover 2000-talet men etter som Russland har kome seg meir på fote igjen etter krisene på 90-talet har maktforholdet mellom landa no vendt tilbake til eit meir historisk vanleg mønster. Dei russiske klagemåla om at Noreg hadde skjulte motiv

og ønskjer om å ramme russisk fiskeriindustri, heldt fram og etter årtusenskiftet. Problemet med russisk overfiske kom og opp att på dagsordenen (Hønneland G. og Rowe L. 2010:93). Kvotefastsetjinga har derimot vorte eit mindre problem i samband med dei nye retningslinjene som ein innførde i 2000 og er no meir eit teknisk spørsmål enn noko som set sinna i kok, slik at fiskerikommisjonen har større spelarom for å sjå på andre typar tiltak. Men det er sjølvsagt enklare å fastsetja kvoter av ein aukande bestand, totalkvoten for nord-aust arktisk torsk for 2011 vart til dømes sett til 703 000 tonn, 96 000 tonn meir enn året før (Regjeringen 2010). Dette er sjølvsagt ikkje nokon garanti for at samarbeidet vil halda fram med like få problem og i dårlegare tider, der drastiske kvotekutt vert nødvendig, men det legg grunnlag for ein meir stabil kvotesituasjon, så lenge begge partar følgjer reglane. Eit nytt moment er kampen om det vitskapelege grunnlaget for kvotefastsetjinga. Det russiske instituttet for fiskerier og oseanografi i Moskva (VNIRO) har kome med ein alternativ måte for å bedømme dei ulike fiskebestandane i Barentshavet. Denne skil seg frå den etablerte metoden som ICES⁷ tilrår og som vert nytta av både det norske Havforskningsinstituttet og PINRO⁸ i Murmansk. Denne nye metoden visar betydeleg større bestandar enn den tradisjonelle metoden, opp til det dobbelte og verken Havforskningsinstituttet eller ICES går god for denne metoden. (Hønneland G. og Rowe L. 2010:89) Sjølv om metoden er sterkt omdiskutert, og vert sett på som dårleg av ICES og Havforskningsinstituttet, kan den potensielt sett verta eit reiskap dersom det på nytt skulle verta mykje usemje rundt kvotesetjinga. Men foreløpig er begge partar samde om at innføring av ein ny metode krev godkjenning frå ICES (Ibid.). Det er altså for tida ingen store skjær i sjøen for framtida til det norsk-russiske fiskerisamarbeidet.

2.3.4 Delelinjeavtalen

Den endelege avklaringa av delelinja mellom Noreg og Russland kom etter om lag 40 år med forhandlingar i april 2010. Dermed vart det viktigaste uklare spørsmålet i sambandet mellom Noreg og Russland løyst. Delelinjeavtalen vart ratifisert av den russiske statsdumaen den 25. mars 2011 etter at Stortinget hadde gjort det same i februar og trådde i kraft 7. juli 2011 (UD Delelinjeavtalen). Noreg og Russland har dermed ingen fleire uløyste grensespørsmål. Dette er og særskild viktig for petroleumssektoren sidan avtalen opnar for leiteboring og utnytting av petroleumssressursar i det tidlegare omstridde området, der det lenge har vore ulovleg å drive seismiske undersøkingar (Meld. St. 10(2010-2011)a.). Dette kan potensielt sett opne for nye funn på norsk side av Barentshavet der ein lenge har hatt manglande resultat, sjølv om Skrugard-funnet kan peika på noko anna.

Medan ein på norsk side er meir eller mindre udelt positive har delelinjeavtalen møtt ein del kritikk frå russisk hald. Her er det mellom anna russiske fiskarar i Murmansk som har stilt seg kritiske til avtalen både fordi Gråsona då vil forsvinne, ei sone som har vore meir fordelaktig for russiske fiskarar enn norske sidan den er i meir udiskutabelt

⁷ International Council for the Exploration of the Sea

⁸ Knipovitsj vitenskapelige polarforskningsinstitutt for marine fiskerier og oseanografi

norsk territorium enn russisk. Det har og vore andre argument om at delelinjeavtalen vil føre til at russiske fiskarar vert pressa ut av dei vestlege delane av Barentshavet, og at delelinjeavtalen vil føre til at Russland godtek fiskevernsona rundt Svalbard, sjølv om dette har vorte benekta av det russiske utanriksdepartementet som fastheld at situasjonen vil forbli uendra (MID RF RIA.RU). Fiskevernsona er ikkje anerkjend av Russland, men har ikkje vore gjenstand for mykje usemje mellom Noreg og Russland i den seinaste tida, trass i sterkare norsk suverenitetshevding. Etter den kalde krigen og utover har ein faktisk gått til arrest av russiske trålarar som har forbrote seg mot norsk fiskerireglement. Dette skjedde for fyrste gong i 2001. Russland skulda då Noreg for å ha brote ein 20 år gammal stillteiande overeinskomst om å ikkje oppbringe russiske fiskefartøy (Hønneland G. og Jensen L.C. 2008:67-68). Arrestasjonar av russiske trålarar i fiskevernsona har utover 2000-talet vorte rimeleg vanleg og relativt udramatiske, her er sjølvsgat Elektron-saka det store unnataket. Men i dei siste åra er det nok trygt å sei at oppbringinga av russiske trålarar har vorte rutine, og i fiskevernsona rundt Svalbard, utan dei store russiske protestane.

2.3.5 Oppsummering

Perioden frå 2003 og særskild etter 2005 då at den raud-grøne regjeringa kom til regjeringsmakta, har sett ei stor oppblomstring av interesse i nordområda som igjen har vorte eit hovudfelt for norsk nordområdepolitikk. Nordområda har gått frå å vera eit lite brukt omgrep til å verta brukt i eit utal norske satsingar, både utanrikspolitisk og etter kvart og innanrikspolitisk. Nordområda har gått frå å vera eit traust og lite interessant område som berre var av interesse, for gamle kalde krigarar til å verta det området der Noreg ser det store framtidshåpet. Her har nok norsk deltaking i Sjtokman-feltet vorte sett som krukka med gull ved enden av regnbogen. Sjølv om Statoil berre har fått operatørrettar vil nok ei utbygging av Sjtokman-feltet likevel føre til store investeringar og på norsk side, når investeringsavgjerda til slutt kjem. Det er sjølvsgat og mykje meir ved norsk nordområdepolitikk enn berre olje og gass. Fiskerisamarbeidet har ein lang historie og har i alle fall dei siste åra vorte meir rutineprega enn dei harde frontane ein såg på slutten av 90-talet.

3 Empirikapittel

Dette kapittelet vil verta via til ei kronologisk framstilling av dei viktigaste nyhendesakene eg har funne i nyhendesøket mitt mellom 2005 og 2010. Her vil eg gje oversikt og samstundes vise kva saker og saksområde som går igjen. Søket går frå oktober 2005 og fram til utgangen av 2010. Det har vore ein markant auke i talet på artiklar i løpet av perioden, og 2010 står i særstilling der delelinjeavtalen har ført til eit mykje større tilfang av relevante artiklar om norsk nordområdepolitikk.

Tal på artiklar

2005	2006	2007	2008	2009	2010
13	23	45	67	36	123

Det har tidleg vist seg å vera enkelte saker som går igjen, til dømes arrestasjonar av russiske trålarar noko som ofte kjem opp, då ofte knytt opp mot Svalbard-spørsmålet. Fiskeri er ei anna slik sak som gjentekne gongar dukkar opp, og tjuvfiske er ei sak som i alle fall dei fyrste åra får merksemd. Sjtokman-saka og norsk deltaking i prosjektet er noko som og har gått igjen mykje etter som russisk politikk endra seg på dette området. Miljø og atom-samarbeid er og saker som kjem opp, men då kanskje oftare i lokale media enn på eit nasjonalt plan.

Når det gjeld artiklane sjølve må det seiast at sjølv om eg har eit relativt stort tal på artiklar er det ofte at dei er korte med ein meir refererande stil. Det relative låge talet på artiklar i dei fyrste åra gjer det og vanskeleg å kunne dra altfor bastante slutningar derifrå. Dermed kan ein ofte sjå at artiklane refererer til dømes at eit møte av ein eller annan kommisjon har funne stad, dei og dei sakene varte tekne opp, pluss nokre korte ytringar frå ein eller annan talsperson. Denne typen artiklar kan sjølv sagt og avdekke russiske reaksjonar på norsk nordområdepolitikk ved at ein dermed ser kva type sakar som vert plukka opp av russisk presse, men for ein diskursanalyse er det sjølv sagt best å finne artiklar med meir «kjøt på beinet». Desse meir analyserande artiklar er det gjerne lenger mellom, i alle fall dei fyrste åra. Grunnane til dette kan tenkjast å vera fleire, web-sidene til mange russiske aviser var kanskje ikkje på nivået dei er på i dag, samt at mykje dessverre kan ha forsvunne i mellomtida. Det vert altså eit spørsmål om å skilje gull frå gråstein, medan sjølvve eksistensen av ei steinrøys nok kan fortelja deg ein del så vert du ikkje rik før du faktisk finn gull. No skal ikkje denne metaforen dragast for langt, for å kunne etablere ein diskurs treng ein å kjenne igjen mønster og «[...]en viss grad av regularitet[...]» (Neumann I.B. 2001:177). Når det gjeld norsk nordområdepolitikk og Russland må det sjølv sagt ventast at russisk presse og har andre ting å oppta seg med enn Noreg. Saka er sjølv sagt og slik at når det gjeld problematiserande artiklar treng ein eit problem på dagsorden, her er ikkje Noreg og norsk nordområdepolitikk tung nok i seg sjølv til å pressa seg inn i den russiske pressa sitt medvit. Til det trengs det ofte større hendingar. Ei sak som faktisk slo igjennom var

Elektron-saka i oktober 2005 som vekte stor interesse på begge sider av grensa.

Omsetjinga har eg stått for sjølv og eventuelle feil i omsetjinga må stå for mi eiga rekning. Eg har freista å halde meg til den originale ordlyden så mykje som mogleg.

For å gjera det enklare for andre å finne tilbake til artiklane vil eg på slutten av rapporten ha ei artikkelliste delt inn år, med namn på artikkelforfattarar der det er mogeleg å oppdrive, pluss webadresser til kjeldene, noko som er naturleg sidan søket jo har vorte gjennomført gjennom internett.

3.1 2005: Elektron og olje

Saksområde:

I 2005 er hovudfokuset sjølvsgagt på Elektron-saka som vart ei utanrikspolitisk varm potet i forholdet mellom Noreg og Russland, sidan artikkelsøket mitt starta frå oktober 2005 er det naturleg at dette vert eit hovudmoment. Det andre hovudområdet er framstillingar av norsk petroleumspolitikkk som vert nytta meir som eit døme i russisk innanriksdebatt men som likevel kan avsløra ulike framstillingar av Noreg.

3.1.1 Elektron: Norsk trålarterror eller kamp mot tjuvfiske?

Den fyrste artikkelen som eg tek for meg handlar om den såkalla Elektronsaka der den russiske trålaren Elektron rømte frå den norske kystvakta under ein inspeksjon i fiskerivernsona rundt Svalbard med to norske fiskeriinspektørar ombord. Til tross for forsøk frå kystvakta på å få stoppa trålaren, klarte den å komme seg unna til russisk farvatn der trålaren vart møtt av russisk kystvakt og eskortert inn til Murmansk. Dette kom sjølvsgagt og opp i russisk presse og var ei stor sak på begge sider av grensa. I russisk presse kan ein finne ulike reaksjonar på dette sjølv om Utro.ru si konstatering av at Noreg terroriserer russiske fiskarar høgst sannsynlegvis var den mest utbreidde oppfatninga. I denne artikkelen tek ein opp Spitsbergen sin spesielle status og fiskerivernsona. Her vert den norske «trålarterroren» sett inn i ein samanheng som «fyrste prøveballong i det store spelet om den nye fordelinga av Arktis». Konflikten vert dermed ikkje sett som ein privat konflikt men som mellomstatleg der Noreg vil halda fram så lenge dei får støtte frå USA. Nordmenn vert her vist til som vikingane sine etterkommarar og fisk vert ikkje her sett på som det sentrale: «våre motstandarar ønskjer i prinsippet å maksimalt presse Russland sin nasjonale jurisdiksjon i Arktis for å sikre internasjonal tilgang til ressursane i denne regionen.» (Utro 2005).

Eit ganske anna syn kan ein finne i Novaja Gazeta sine artiklar den 20. oktober. Den fyrste av dei, «Bøtte på masta», starter med underoverskrifta «Kvifor Norge byrja kampen med russiske tjuvfiskarar sjølv om det ikkje var til Norge sin fordel» og legg seg tydeleg på ei heilt anna line enn ein kunne spore hjå Utro.ru. Sjølve overskrifta til artikkelen kjem frå ein passasje der ein russisk fiskar visar kva som skal til for å kopla ut satelittspringssystemet som har vorte innført på russiske fiskebåtar, altså

ei bømte på masta. Etter at artikkelen har summert opp hendingane i Elektron-saka, set ein dette inn i ein større samanheng og hevdar at dette er ein del av krigen som Noreg har erklært mot den «internasjonale fiskerimafiaen». Det vert og vist til at den norske statsministeren hadde bede den russiske presidenten om støtte i denne kampen. Dette var ifølgje artikkelen ei rett avgjerd sidan: «landa er to, men havet er eitt og fisken anerkjenner ikkje statsgrenser». I motsetning til Noreg si line om å kjempe mot tjuvfiskinga bruker artikkelen Japan som eit døme på det motsette, at ein tolerer tjuvfiske sidan ein tener på det sjølv og det vert vist til at leiaren for det som vert kalla den sakhalinske fiskerimafiaen etter det som blir sagt har vorte æresborgar i ein japansk by. Det vert og hevda at Noreg tener på denne tjuvfiskinga sjølv, ikkje i same grad som Japan, men at ein trass i for dette ikkje tolererer tjuvfiskinga, sjølv om den ifølgje norske og russiske fiskeriforskarar ikkje utgjer nokon trussel for fiskeribestandane i Barentshavet. Denne norske prinsippfastheita vert forklart med ein norsk «nasjonal ide» om at Noreg har ei rolle som ei arktisk (stor)makt i Europa som kan innføre orden i Arktis. Dette synet innrømmer ein at kan sjå ut som rein «PR» frå russisk side, men at det norske verdssynet er annleis, noko som vert forklart med at Noreg for femte året på rad er det mest velståande landet i verda. Artikkelen sluttar og av med ei meir russisk innanrikspolitisk vinkling, der den norske kampen mot tjuvfiske vert brukt som ein kontrast til russiske styresmakter, der landbruksministeren i følgje artikkelen er meir oppteken med å opne ei hesteveddeløpsbane i Kazan' enn å kjempe mot tjuvfiskinga (Novaja Gazeta 2005).

Elektronsaka vart og brukt som eit argument for å ta opp att Svalbard-spørsmålet, noko som går fram av ytringa til Valentin Lunevitsj, medlem av Statsdumaen frå Murmansk fylke: «Russland må bruke økonomiske argument i forhandlingar med Noreg om Spitsbergen, deriblant spørsmålet om norsk deltaking i utnyttinga av sokkelen». Han held vidare fram med å seia at hendingane rundt Elektron reiste mange spørsmål rundt Noreg si ein-sidede innføring av den 200- nautiske mils sona rundt Spitsbergen. Det vert dermed og reist spørsmål om norsk deltaking i utvinninga av gass- og oljeførekomstar på russisk sokkel og bruk av den nordlege sjøruta (Regnum 2005).

Dermed vert norsk svalbardspolitikk knytt opp til norsk deltaking i fleire prosjekt på russisk side og visar at Svalbard eller Spitsbergens-spørsmålet og den norske fiskevernssona rundt øygruppa er eit kjenslevart tema.

3.1.2 Norsk oljepolitikk

Ein annan innfallsvinkel til forståinga av Noreg i russisk presse er artiklar der Noreg som land vert trekt fram, anten som eit døme på eit land som har unngått den såkalla «ressursforbannelsen», ein teori som hevdar at land som har høge inntekter frå sal av mineralar og råvarer slit med lågare økonomisk vekst og meir korrupte økonomiske system (Vedomosti 2005).

To artiklar frå Kommersant den 14. desember 2005 visar og korleis andre aspekt ved norsk politikk vert trekt fram, i dette tilfellet er det norsk oljepolitikk og Statoil som det store norske oljeselskapet som det vert

fokusert på. Her ser ein noko av det same som i artikkelen i Vedomosti om Noreg som eit mogleg førebilete og parallell, men og at Noreg vert brukt som eit døme på offentleg eigarskap av olje- og gasselskap, og at utvinninga av olje og gassressursar er ei offentleg oppgåve. Namnet på artikkelen, «Utvinning – ei statleg oppgåve» gjev lite rom for tvil om kva artikkelen sitt budskap er (Kommersant 2005a). I tillegg til denne artikkelen vart det same dag trykt eit samandrag av Statoil sin historie frå grunnleggninga på 70-talet og fram til 2005, mesteparten av artikkelen gjev ikkje mykje ny informasjon frå ein norsk ståstad, grunnen for dette er nok at artikkelen er skriven av ein journalist med det lite russisk-klingande namnet Bjørn Lerøen. Statoil si verksemd i Barentshavet vert trekt fram. Her vert det lagt vekt på Statoil si rolle som det fyrste selskapet som har gått i gong med utvinning av gassførekomstar i Barentshavet. Gazprom vert nemnd som ein mogleg nr 2 med utvinninga av gassen frå Sjtokman-feltet. Her vert det og vist til at Noreg hadde som mål på 80- og 90-talet å oppnå statleg kontroll over ressursane på norsk kontinentalsokkel, Statoil vart dermed brukt som ein reiskap i denne politikken (Kommersant 2005b). Eg skal her ikkje gå inn på kva som var måla for norsk olje og gasspolitikk på 80- og 90-talet, men vil her hevde at Noreg vart brukt som eit førebilete for ei sterk statleg innblanding i olje- og gassektoren.

3.2 2006: Fiskeri og laksestopp

Saksområde:

For 2006 finn ein ei overvekt av fiskerisaker, ein del av ein liknande karakter som i 2005, men og ein del knytt til importstoppen av laks frå Noreg. Norsk deltaking på russisk sokkel er og eit tema som kjem opp, samt norsk-russisk atomsamarbeid.

3.2.1 Fiskeri og lakseimportstopp

Fiskerisaker var og høgt oppe på dagsorden i 2006 og ei rettssak i Tromsø mot to russiske trålarar, frå trålarflåten i Arkhangelsk samt Murmanrybprom frå Murmansk, som hadde vorte arrestert av norske styresmakter i oktober 2005, denne føljetongen fekk ein god del merksemd og Regnum.ru følgde rettssaka nøye.

Her var stridsspørsmålet at ein russisk trålar frå trålarflåten i Arkhangelsk ikkje hadde informert norske styresmakter om omlasting av fisk i norsk farvatn. Reiarlaget hadde dermed vorte ilagt ei kraftig bot. Her er stridsspørsmålet ifølgje ein talsmann frå trålarflåten i Arkhangelsk at sjølve omlastinga ikkje er lovstridig i følgje russisk lov, men at Noreg likevel seier at retten er på norsk side. Denne saka grip og inn i spørsmålet om fiskerirettane rundt Svalbard og leiarskapet i trålarflåten i Arkhangelsk, seier at dei saman med andre båteigarar har vorte gissel i den uavklarte situasjonen rundt Svalbard. To tidlegare arrestasjonar av russiske trålarar i farvatnet rundt Bjørnøya var ifølgje ekspertar eit resultat av ein «rettsleg kollisjon», sidan det rettslege grunnlaget knytt til fiskeri i det norsk-russiske forholdet er aldeles uregulert og uryddig og at ulike russiske lover motseier kvarandre (Regnum 2006a).

Ein annan artikkel frå Regnum.ru omhandlar frifinninga i norsk rett. Etter frifinninga uttrykker dei russiske partane i rettssaken at dei har fått gjennomslag for sitt syn, og ser det som at retten anerkjende at fiskarar ikkje må verta gissel av den manglande samordninga mellom russiske og norske styresmakter når det gjeld fiskeria rundt Spitsbergen (Regnum 2006b). Ein tredje artikkel knytta til rettssaka tek opp att dei same trådane. Her får ein referert ytringane til Viktor Losjtsjevskij, vise-direktøren i trålarflåten i Arkhangelsk. Han seier mellom anna: «[...]Etter mi mening må norsk og russisk side ha like rettar og ikkje i noko tilfelle diktere kvarandre vilkår som det vart gjort frå norsk side.», men han legg og til at «Nordmennene forsto situasjonen og tok den rette avgjerda.» (Regnum 2006c). Her kan ein altså sjå ei førestilling om at ein blir diktert vilkår frå Noreg.

Russiske trålarar som vert arrestert av norsk kystvakt er saker som ofte vert rapportert. Her er arrestasjonen av trålaren Opon i mars 2006 ikkje noko unntak. Dette vart plukka opp av Lenta.ru men oppslaget er samstundes ikkje stort større enn ein notis. Arrestasjonen fann stad i Barentshavet og ikkje i noko omstridd område (Lenta 2006).

Tjuvfiske var og eit tilbakevendande tema i 2006. Fyrst ut har me ytringane til Vadim Sokolov, då visedirektør for avdelinga for næringsmiddel, fiskeri og landbruk i fylkesadministrasjonen i Murmansk. Artikkelen vert innleidd med å sei at i Murmansk fylke har ingen vorte stilt til straffeansvar for tjuvfiske. Sokolov seier her kva han meiner bør gjerast for å få bukt med tjuvfiske som eit problem. Her vert Noreg trekt fram som eit godt førebilete i kampen mot tjuvfiske, iallfall når det gjeld materielle vilkår, i motsetnad til kva som skjer på russisk side: «I Nord-Noreg er det alltid eit fly i lufta, to helikopter og åtte kystvaktskip. [...] Norge opptek seg med desse spørsmåla meir enn russiske styresmakter.» Resten av artikkelen kan sjåast på som eit hjartesukk rundt det russiske lovverket. Her er oppfatninga om at Noreg er flinkare til å kjempa mot tjuvfiske i Barentshavet vel ytra så klart som det er mogleg å gjere det (Regnum 2006d).

Tjuvfisket i Barentshavet vert og teke opp på nytt av Novaja Gazeta i ein lengre artikkel under tittelen «I Barentshavet opererer eit verdsomspennande nettverk av tjuvfiskarar». Artikkelen startar med å sveipa innom Elektron-saka og ein har intervju mellom anna Peter Gullestad, den dåverande direktøren i fiskeridirektoratet, om samarbeidet med Russland og tjuvfiske. Her vert russiske veterinærstyresmakter sitt forbod mot innføring av norsk laks til Russland sett på som eit asymmetrisk svar på norsk styresmakter si handtering av saka. Eit framhald på dette vert identifisert etter at norsk kystvakt i september 2006 arresterte fleire russiske skip og der dei russiske veterinærstyresmaktene svarte med å innføre nye avgrensingar på leveransar av norsk fisk til Russland. Denne oppfatninga er ikkje unik, noko eg kjem tilbake til seinare. Dette blir sett på som ein ny salve i det som vert kalla «fiskekrigen». At noko slik føregår vert avvist av begge partar, frå norsk side seier ein at ein ikkje førar nokon krig, men derimot berre sørgjer for orden på havet, og at ein ikkje berre arresterer russiske skip. For å komme til botna i denne «fiskekrigen» har ein intervju norske fiskarar og artikkelen oppsummerer det norske standpunktet slik:

«Sjølvsagt forstår me at russiske fiskarar treng å leve på ein eller annan måte og brødfø familiarne sine. Me forstår at i desse vanskelege forholda som finst hjå dykk i Russland er ein klar for alt. Men forstå og oss. Me vil at det skal vera orden på havet. Viss ein ikkje stoppar piratfangsten av fisk vert det snart verken fisk eller fiskarar igjen. Det omhandlar alle, ikkje berre nordmenn.» (Novaja Gazeta 2006)

Delelineforhandlingane vert og tatt opp og vert beskrivne som å ha ein «utprega bismak av olje og gass på arktisk sokkel. I fyrste rekke av Sjtokman-feltet i Barentshavet.» Når det gjeld fiskerireglement ser ein freistingar frå begge sider på å gjere sine reglar gjeldande: «Både Noreg og Russland gjer krav på å bestemme spelereglane for fiskeri i heile Barentshavet og ikkje berre i sine særskilde soner.» Vidare vert det vist til norske data om tjuvfiske om at det for kvart tonn lovleg fiska fisk kan det vera like mykje fiska uregistrert. Dette gjer at nordmennene derfor: «slår alarm: viss dette heldt fram vidare vil det snart ikkje vera fisk igjen i nord. Det er nødvendig å ufråvikeleg følgje reglane for fornuftig fangst etter vitskapeleg velfunderte kvotar.» I tillegg til det som finst av tjuvfiske frå russisk side vert det og tatt opp at det er mange trålarar i Barentshavet frå land der ein gjerne ser mellom fingrane med tjuvfiske, her vert mellom anna Marokko og Namibia brukt som døme. Ifølgje dåverande fiskeridirektør Peter Gullestad ser ein framgang på russisk side, med rettssaker mot kapteinen på Elektron og mot andre kapteinar og skipseigarar. Dei russiske problema vert summert slik:

«Sant, nordmennene forstår utmerka godt dei særøigne problema til sin austlege nabo. Russland er i dag ikkje i stand til å kontrollere fiskeriflåten sin og innføre orden på havet. Pluss ein mektig russisk fiskemafia og altomfattande innanlands korrupsjon.»

Alt i alt gjev artikkelen eit bilde av eit Noreg som freistar å kjempe mot tjuvfiske i Barentshavet, med eller utan russisk hjelp og at tjuvfiske er noko som i alle fall på norsk side vert oppfatta som øydeleggjande fiskebestandane i Barentshavet. Men kommentaren til artikkelen som kjem på slutten teiknar eit ganske anna bilete. Her kjem Jurij Medvedev som fyrste viseformann i statsdumaen sin komité for økonomisk politikk, næringsvirksomhet og turisme med sine innspel. Han gjer fyrst greie for sine forsøk på å forbetra lovverket før han kjem med følgande syn på norsk fiskeripolitikk:

«Når det gjeld Noreg er saken, sånn eg ser den, ikkje kor mykje eller lite fisk me fiskar, det er i grunnen ikkje viktig om me fiskar. Russiske skip er harde konkurrentar til norske og dei er redde for å mista profitten sin. Viss praten går om ei eller annan kvote vil nordmennene snakka om økologi og krevja at me fiskar mindre men sjølv halde fram som før. [...]» (Novaja Gazeta 2006)

Novaja Gazeta sin artikkel om tjuvfiske i Barentshavet er ikkje aleine om å sjå på russiske veterinærstyresmakter sine avgrensingar på importen av norsk laks som ei politisk handling, i dette tilfellet som eit svar på norske arrestasjonar av russiske trålarar i området rundt Svalbard. Ein artikkel frå Kommersant den 27.10, «Rossel'khoznadzor kveler norsk laks» kjem med den same påstanden. Rossel'khoznadzor er den russiske føderale veterinærstyresmakta. Som det står i artikkelen:

«Offisiell grunningjeving: i fisken er det funne for høgt innhald av tungmetaller noko som er farlig for menneskehelse. Imidlertid forklarar mange forbodet med politiske grunnar. Forholdet mellom dei to landa [Noreg og Russland] forverra seg i oktober i fjor etter at den norske kystvakten arresterte fleire russiske trålarar rundt Spitsbergen-øygruppa.» (Kommersant 2006)

3.2.2 Vikingar på russisk sokkel?

Norsk deltaking i petroleumsutvinning på russisk sokkel var og eit tema som vart plukka opp i russiske media. Dette er eit tema som Rossijskaja Gazeta sin artikkel under namnet «Potomki vikingov na rossijskom sjel'fe», som kan oversetjast til Vikingane sine etterkommarar på russisk sokkel, tek opp. Bakgrunnen for dette var Vladimir Putin sitt forslag om at Noreg kunne bli partner for Russland i utvinning av olje og gass i Nordishavet og Barentshavet. Dette fordi norske selskap i desse regionane «opptek ein av dei fyrste plassane» og har «ein utvikla infrastruktur i nord», selskapa «heldt seg til saken» og setter ikkje nasen i været. Noreg har og teke ei anna line enn landa i EU og snarare enn å la seg distrahere av «avtalar med tomt prat» vedtok ein eit program for utnytting av olje og gassførekomstane i Barentshavet som og hadde til hensikt å trekke olje- og gassrørledningar langs kysten og i retning mot dei russiske nordlege olje og gassførekomstane. Det vert og vist til Noreg si lange erfaring med oljeutvinning til sjøs.

«Våre naboar sitt arbeid med olje- og gassførekomstane i Nordsjøen byrja for nokre tiår sidan og den pågår framleis takka innføringa av ny teknologi berekna på å auka utvinninga frå kvar brønn. Russland og Noreg er dei største eksportørane av hydrokarbon utanfor OPEK.» (RG 2006)

3.2.3 Andre saker

Andre tema som vart tekne opp i 2006 var mellom anna eit møte i Barentsprogrammet mot HIV/AIDS (Regnum 2006e) og at Noreg og Russland dannar særskilde vernesoner i Arktis (VZ 2006). Underkrivinga av ein avtale om atomsikkerheit mellom det russiske føderale byrået for atomsikkerheit (ROSATOM) og det norske utanriksdepartementet vert og fanga opp, men oppslaget ber preg av å vera eit omarbeidd presseskriv frå ROSATOM og gjev ingen ytterlegare informasjon anna enn om reint praktiske tiltak nemnde i avtalen. Dette kan tyde på at ein her har noko som vert sett på som ei ganske rutinemessig sak, som er interessant nok til å rapportere om men ikkje mykje meir. Dette er eit oppslag frå nyheitsbyrået Regnum.ru og slike oppslag er ofte rimelig

kortfatta, men viss ein samanliknar med til dømes oppslaget deira rundt rettssaken mot russiske trålarar i Tromsø ser ein at medan ein der finn sitat frå dei involverte og referansar til ekspertar, er det her berre snakk om anonyme ekspertar (Regnum 2006f). Dette kan ein og sjå i oppslaget om møtet i Barentsprogrammet mot HIV/AIDS som heller ikkje inneheld nokre ekspertytringar eller sitat.

3.3 2007: Frå Pomorsona til Arktis

Saksområde:

Ein finn i 2007 ikkje noko like stor og omstridd sak som til dømes Elektron-saka. Men det er eit breitt spekter av nordområderelaterte tema slik som til dømes danninga av ei pomorsona, og når det gjeld atom-samarbeidet er nok den store hendinga bortvisninga på grensa av Ingjerd Kroken, som medarbeidar for det norske forsvarsdepartementet og ansvarleg for atomavfallshandteringsprogrammet AMEC (Arctic Military Environmental Cooperation). Petroleumssektoren er og eit tilbakevendande tema og Arktis får ei meir sentral stilling. Når det gjeld fiskeripolitikk er det og ein del saker som vart tekne opp i den regionale Murmansk-prensa og spesielt eit framhald av Elektron-sagaen i samband med rettssaka mot kapteinen i Russland. Pomorsona som i 2007 var eit sentralt emne innan norsk nordområdepolitikk vekte og ein del merksemd.

3.3.1 Pomorsona

Danninga av ei felles norsk-russisk pomorsona sto høgt på dagsorden i 2007. Dette vart rapportert av Regnum.ru. Her vert det gjort klart at fylkesadministrasjonen i Murmansk fylke støttar danninga av ei «felles norsk-russisk industri-økonomisk sone i nord», denne sona skulle dekke grenseområda av Finnmark og regionen Petsjenga i Murmansk fylke. Dette vert og understreka av sitat frå den dåverande guvernøren Jurij Evdokimov. Han startar med å seie at: «Noreg og Russland har adgang til Barentshavet. Derfor vil me ikkje i første rekke arbeide med spanjolane og portugisarane, men med nordmennene.» Han gjer det og klart at han ventar på diskusjonane mellom Jens Stoltenberg og det russiske leiarskapet om danninga av ei pomorsona. Men forslaget vert ikkje sett på som udelt positivt og realistisk, i alle fall på kort sikt:

«[...] Men dette prosjektet vert neppe realisert kjapt. Mellom Noreg og Russland er det mange motsetningar: militær-politiske og økonomiske. Nordmennene ønskjer å levere gods til USA gjennom sitt territorium og ikkje gjennom Murmansk. Det er meir innlysande å danne to enklaver, to pomorsoner: ei russisk og ei norsk. Eg støttar denne ideen varmt, sona ville gitt Murmansk fylke eit økonomisk og intellektuelt utbrudd.» (Regnum 2007a)

Pomorsona var og eit tema teke opp av Kommersant i samband med Jens Stoltenberg sitt besøk i Murmansk. Her vert det vist til at Noreg foreslår å danne ei felles fri økonomisk sone som vert orientert mot «metallurgisk produksjon og utbygginga av Sjtokman-feltet». Sjtokman-feltet vert sett

på som «hovudenergiobjektet for pomorsona». Delelinjeforhandlingane vert og tekne opp som eit sentralt tema framfor den norske delegasjonen sitt besøk i Moskva og besøk med Vladimir Putin (Kommersant 2007b).

3.3.2 Atom og miljør Samarbeid

På miljøfeltet var den fyrste saka som vart plukka opp at Noreg ikkje ville bryte avtalen med Norilsk Nickel' om modernisering av smelteverket i Nickel'. Det vert stadfesta at det etter 17 år endå ikkje har vorte gjort nokre tiltak i det heile. Det er den norske miljøvernministeren Helen Bjørnøy som har vorte sitert frå avisa Finnmarken. Her vert det og sagt at Noreg kan revurdere avtalen i 2010 viss det framleis ikkje har komme nokon reaksjon (Regnum 2007b).

Ei anna sak som vekte merksemd i fleire russiske aviser var bortvisninga på grensa av Ingjerd Kroken, ein medarbeidar i det norske forsvarsdepartementet, samstundes som ho vart erklært persona non grata. Dette skjedde i samband med hennar besøk under AMEC-programmet, eit program for å handtera atomavfall frå atomubåtar. Noreg hadde i 2006 gått over i ei observatørrolle innanfor programmet. Fyrst ute med saka var Regnum.ru som ikkje gav nokon grunn for bortvisninga, men samstundes hadde sitat frå den russiske avdelinga av Bellona som gav uttrykk for at ho hadde gjort mykje for programmet (Regnum 2007c). Neste ut er Nezavisimaja Gazeta som freista å få russiske styresmakter i tale, men som vart møtt med ein øredøvande stillheit. Det russiske utanriksdepartementet stadfesta bortvisninga utan å gje nokon grunn, men viste dei vidare til det russiske forsvarsdepartementet som heller ikkje hadde mykje å komma med. Verken det norske forsvarsdepartementet eller presseattachéen kunne komma med informasjon om grunnlaget for bortvisninga. Det vert og her lagt vekt på at Noreg hadde innstilt si verksemd og finansiering av programmet (NG 2007a). For å få forklaring på bortvisninga må ein til Novaja Gazeta sin artikkel under tittelen «Ne zaplatil za vezd» som kan omsetjast til «betalte ikkje for innreise». Her vert hendingane i saka oppsummert og ein visar til at spionskandalar mellom Noreg og Russland er sjeldne, siste i 1998. Det visast til at Russland har motteke 160 millionar berre frå Noreg innan AMEC sine rammer, eit titals millionar dollar i året før ein til slutt kjem til kjernen i saka:

«I oktober i fjor gjekk Noreg ut av prosjektet, etter å ha sikre seg observatørstatus. Det betydde å slutta å betala. Det er openbert at logikken til den russiske sida, når den bestemte seg for å straffa ein slik merkeleg oppførsel frå nordmennene, var veldig enkel: viss de ønskjer å motta informasjon gjennom programmet må de betala. Fru Kroken sto lagleg til for hogg ettersom ho, ifølgje informasjonen til økologen Aleksander Nikitin, ekspert i «Bellona», (som på 90-talet vart anklaga av russiske sikkerheitsstyrkar for spionasje for arbeidet hans for denne organisasjonen) brukte masse krefter for å få ut pengar i det norske parlamentet til AMEC. (Novaja Gazeta 2007)

Ifølgje Novaja Gazeta vart Ingjerd Kroken altså bortvist sidan Noreg ikkje lenger ønskte å betala for deltakinga i AMEC.

Regnum.ru sin artikkel «Noreg uroleg for moglegheita for ein atom-eksplosjon i Murmansk fylke» frå den 4. juni viser til eit oppslag i Aftenposten om at ein i Andrejeva-bukta i Murmansk fylke finn den dårlegast sikra oppbevaringsstaden for atomavfall, og at der kan oppstå eit «verkeleg atommareritt for Nord-Europa» (Regnum 2007e). Artikkelen til den lokale tv-stasjonen i Murmansk, GTRK-Murman, om saka viser til at det var ein rapport frå den norske miljøorganisasjonen Bellona som tok opp temaet i ein artikkel, publisert på sine eigne nettsider, under same overskrift som regnum sin artikkel. Her vart det gjort greie for moglegheita for at ein liten atomeksplosjon skulle kunne skje på anlegget. GTRK-Murman har her eit intervju med direktøren for Rosatom sin filial på Kola-halvøya, Valerij Pantelev. Bellona sin rapport vert grundig avvist av Pantelev som bemerka at frå hans synspunkt hadde Bellona sin artikkel vorte skriven av ein absolutt analfabet som ikkje førestiller seg kva som føregår. Det vert likevel vedgått at på det basen i Andrejeva-bukta finst ei rekordstor mengde av radioaktivt avfall og brukt brensel frå atomubåtar. Men dette vert ope diskutert og er kjent: «Berre i fjor var utanlandske inspektørar i Andrejeva-bukta 11 gonger. Dei besøkte oppbevaringsplassen for å forvise seg om at tryggleiken er sikra». Det vert vist til arbeidet til Storbritannia med klargjeringa av brukt atombrensel og at det frå norsk side stadig vert gjennomført inspeksjonar av anlegget, og at norske pengar og samarbeid har vore med å vidareutvikla anlegget. Artikkelen vert avslutta på følgjande måte:

«Det at objektet er potensielt sett farleg forstår både russiske styresmakter og verdssamfunnet, det vert brukt veldig store pengar på å gjennomføre eit rehabiliteringsarbeid. Problema er mange og dei vert ikkje skjult. Ei rekkje problem kjem til å verta diskutert under besøket til den norske statsministeren Jens Stoltenberg i Murmansk og St. Petersburg. Det vert ikkje planlagt nokon liten atom-eksplosjon.» (GTRK 2007a)

Ein annan artikkel som og tek opp dette temaet finn ein i Argumenty i fakty si lokalavdeling i Murmansk sin artikkel den 8. august 2007 som går under tittelen «Pengar ikkje investert forgjeves». Dette var i samband med inspeksjonar av utanlandske spesialistar frå Storbritannia og Noreg. Her vert mange tema om atomsikkerheit og handtering av atomavfall tekne opp og ein er inno m mange av prosjekta Noreg har finansiert. Informasjon frå Bellona vert og her brukt og ein viser til moglegheita for ein liten atomeksplosjon i Andrejeev-bukta som vart skissert av Bellona (AiF 2007a).

Eit anna samarbeidsprosjekt som vart teke opp var luftforureininga og utsleppa av smog frå Petsjenganikel. Her vert det vist til målestasjonen som vart oppretta i Nikel i 1991 etter avtale mellom Russland og Noreg, og som gjev kontinuerleg overvaking av utsleppa. Dette var i samband med eit møte i Kirkenes mellom norske styresmakter med Jonas Gahr Støre i spissen på norsk side, og representantar frå fylkesregjeringa i

Murmansk på russisk side samt norske og russiske «samfunnsorganisasjonar». Spørsmålet om rekonstruksjon av smelteverket i Nikel for å redusere utsleppa vart teke opp til slutt:

«Noreg lova 270 millionar kroner til prosjektet og ein del av pengane ligg til denne dag på konto i ein utanlandsk bank. Det nye franske utstyret som vart skaffa passa ikkje til vilkåra og no er "Kol'skja GMK" nøydd til å komme til semje med tyskarane. Ikkje desto mindre er det ikkje tvil verken hjå metallurgane eller hjå fylkesregjeringa om at prosjektet vert fullført i tide til 2011.» (GTRK 2007b)

3.3.3 Olje og Arktis

Samanlikningar mellom Noreg og Russland sin aktivitet på arktisk sokkel var ikkje berre eit tema i norsk presse i 2007 og Regnum.ru sitt oppslag den 22. februar viser saka i eit ganske anna lys. Her er overskrifta «På 20 år har Noreg bora 1500 brønner på arktisk sokkel, Russland 58». Her er det sjefen for leiteboringselskapet Artikmorneftegazrazvedka Oleg Mnatsakanjan som uttalar seg og legg til at: «Berre Russland som innehar det største sokkelterritoriumet opptek seg med utforsking i særskilt lite omfang og står i vesentleg grad utanfor tendensane i resten av verda.» (Regnum 2007d).

Noko av den same oppfatninga kan ein sjå i Nezavisimaja Gazeta, som eg i framtida vil forkorta til NG, sin artikkel frå den 16. mai 2007 om den framtidige kampen om dei arktiske ressursane. Underoverskrifta her er at klimaendringar kan verta årsak til internasjonale konflikter. Hovudfokuset er på USA og Canada sine interesser i Arktis, og at ifølgje US Geological Survey finst 25 % av verda sine utforska petroleumsressursar i Arktis. Det vert trekt fram at bortsett frå Russland gjer 60 land krav på ressursane i Arktis. For Noreg sin del vert det sagt at: «Ein av hovudkonkurrentane til Russland er Noreg. Men til forskjell frå Noreg har Russland praktisk talt ikkje starta utnyttinga av arktisk sokkel. I dag er det einaste prosjektet på planleggingsstadiet utbygginga av gasskondensatfeltet Sjtokman.» (NG 2007b). Dette viser samstundes ei oppfatning av at Noreg har kome lenger i utnyttinga av arktisk sokkel og at Noreg vert sett på som ein potensiell konkurrent i den framtidige kampen om ressursane i Arktis. Dette er eit tema som vert meir og meir sentralt utover i perioden. Norsk-russiske forhandlingar om norsk deltaking vart på russisk sokkel plukka opp av NG. Der rapporterer NG at det pågår samtidige forhandlingar i Oslo og Moskva om vilkåra for breiare økonomisk samarbeid, artikkelen har tittelen «Russisk sokkel tiltrekkjer seg utlendingar». Her vert interessa for eit tettare samarbeid vist frå både russisk og norsk side med diplomatiske vendingar (NG 2007c).

Ein interessant notis frå gazeta.ru er «Statoil i villreie etter Gazprom si avgjerd om Sjtokman». Her er budskapet at Statoil er forbløffa over Gazprom si avgjerd om at det franske oljeselskapet Total vart plukka ut som partner til Sjtokman-prosjektet. I artikkelen følgjer eit kort intervju med Statoil sin talsmann Avild Steine. Her vert det nok sikta til Arild Steine som dåverande pressetalsmann for Statoil. Men det mest

interessante er passasjen om at: «Bortsett frå dette stadfesta Steine at uavhengig av Gazprom si avgjerd, ville dei sosiale programma som Noreg realiserer i Murmansk ikkje verta avslutta. «Realiseringa av norske sosiale program i Murmansk held fram uavhengig av dette», understreka Steine» (Gazeta.ru 2007).

Innføringa av ei grenselinje i Varangerfjorden var og ei nyhendesak som vart teke opp av NG. Her seier ein at grensetvisten i resten av Barentshavet etter 40 års usemje snart kan verta løyst. Det mest interessante er her oppfatninga om store rikdommar som skjuler seg under havbotnen i det uavklarte området i Barentshavet:

«Som ekspertane som har respondert til NG bemerkar, kallar nordmennene den uavklarte sona for gråsona, skjønt dette området heller burde få statusen som ei gullsona. Saka er den at geologiske undersøkingar som har vorte gjennomført i Varangerfjordregionen tillet ein å anta at under havbotnen kan det skjule seg nokre av dei største reservane i verda av naturgass og kanskje og olje. Bortsett frå dette er regionen rik på fiskeressursar.» (NG 2007d)

Førestillinga om Noreg som eit førebilete, her særskild i samband med petroleumspolitik, vart og teke opp i NG sin artikkel den 14.08.2007 under tittelen «Ikkje av olje aleine». Her er det fyrste avsnittet avslørande:

«Når ein snakkar om at det hadde vore bra å endre petroleumsorienteringa av økonomien vår finst det alltid tilhengarar av at alt skal vera som det var, som ein seier sjeldan er skifte betre. Ofte bruker desse folka Noreg som døme. Der seiast det at heile økonomien og er basert på hydrokarbon og at det ikkje er noko rart med dette, landet blomstrar og når det gjeld livskvalitet held ein seg på fyrste plass i verda. Når det gjeld dette gløymar dei dei viktigaste skilnadane som finst mellom den russiske og norske veggen.» (NG 2007e)

Etterpå følgjer ei oppsummering av norsk petroleumspolitik sidan 70-talet og ein går så innom den uavklarte grensesituasjonen i Barentshavet og at dei største uoppdaga petroleumssressursane på norsk sokkel sannsynlegvis ligg i Barentshavet. Her kjem førestillinga om at det kan ligge store petroleumssressursar i dei uavklarte områda opp igjen. Fiskerikonfliktane i seinare tid vart og sett inn i denne samanhengen: «Derfor er det ikkje tilfeldig at alle konfliktane mellom russiske fiskebåtar og norsk kystvakt i den siste tida har føregått i denne regionen som Noreg de facto prøvar å inkludere som si eiga økonomiske sone.». Men når det gjeld energiavhengighet vart Noreg til slutt brukt som eit motstykke til Russland sin avhengigheit av petroleum:

«La oss no førestille oss kva som skjer med Noreg viss landet plutsleg mister sine hydrokarbonførekomstar. Ingenting frykteleg vil då skje. Nordmennene sine oppsparte pengar heldt framleis til hundre års velstand,

industrien vil ikkje stoppe, folk vil ikkje fryse i husa sine og alt dette fordi landet sin kraftindustri ikkje avheng av olje og gass.» (NG 2007e)

Bodskapen her synast å vera at Noreg ofte vert brukt som ein del av den innanlandske debatten omkring russisk petroleums- og energipolitikk som eit døme på at ein «petroleumsorientert» økonomi ikkje nødvendigvis er noko uheldig.

I samband med dei russiske ekspedisjonane for å fastslå grensene for russisk kontinentalsokkel i Arktis kom lenta.ru med artikkelen «Ekspanasjon i nord». Artikkelen tek i hovudsak opp det rettslege grunnlaget for å leggje krav på kontinentalsokkelen og særskilt FN sin havrettskonvensjon frå 1982. Andre land som og kan tenkast å komma med krav på sokkelen vert og nemnde. Her vert USA nemnt fyrst, men det vert og vist til at landet ikkje har ratifisert havrettskonvensjonen. Noreg vert nemnt saman med Danmark og Canada. I Noreg sitt tilfelle vert og Svalbard-spørsmålet teke opp: «I det heile vert konvensjonen ikkje alltid traktert likt av ulike statar. Slik som til dømes usemja mellom Russland og Noreg vedrørande sona ved Spitsbergen som førte til skandalen med trålarar Elektron i oktober 2005». Det vert til slutt vist til dei store potensielle ressursane på arktisk sokkel og at global oppvarming kan opna opp for utnytting av desse (Lenta 2007).

Arktis vart eit tilbakevendande tema og den russiske flaggplantinga på Nordpolen vekte stor internasjonal merksemd. Her er ein artikkel frå forretningsavisa Vzglyad rimelig karakteristisk for temaet. Overskrifta «Arktis: motsetnad mellom intellekt og styrke» og underoverskrifta: «Mens russarar visar retten til Arktis på ein vitskapleg måte opnar Amerika militærbasar der». Tonen er dermed sett tidleg som ein konfrontasjon mellom Russland og USA og mellom intellekt og styrke. Artikkelen støttar seg på svar frå Anatolij Tsyganok som vert introdusert som leiaren for senteret for militære prognosar. Som han seier så er dei: «Politiske spørsmåla i regionen tett knytt til dei økonomiske» og «Landet som kjem til å verta sterkast i denne regionen i militærplanane kjem til å få det lettare å drive med utforsking og utnyttinga av ressursane». Noreg finn ein i lista over moglege «pretendentar til rikdommen», etter Russland og USA, saman med Canada, Danmark og Storbritannia. Her vert det nok ein gong vist til store uoppdaga ressursar, ved at ein i Nordishavet finn 15 – 20% av verda sine mineral- og petroleumsressursar. Bak Noreg ser Tsyganok NATO:

«I militærplanane har Nordishavet vorte ei sone av interesse for alle land: Russland har flåte der, hjå Noreg finst sjøstridskreftene til NATO og dei kontrollerer fiskeriet (Russland er foreløpig ikkje i forfatning til å beskytte sine båtar og sine rettar på naturrikdommane).» (VZ 2007)

Han held fram med å hevda at Noreg, Danmark, Canada og USA og gjer freistingar på å samarbeida og dermed kjem det seriøse spelet i Arktis til å byrje (VZ 2007).

3.3.4 Fiskeri og meir Elektron

Elektron-saka sitt rettslege etterspel i Russland heldt fram og i samband med avslutninga av rettssaka mot kapteinen på Elektron, Valerij Jarantsev, haldt kapteinen sin forsvarstale som vart rapportert av Kommersant under tittelen: «Kapteinen av Elektron opptredde som helt» Her visar han til at sjølv ikkje nordmennene sjølve såg han som skuldig, som til og med dei norske representantane bekrefte i deira vitnesbyrd i retten, og at den norske påtalemakta avslutta straffesaka. Det vert og lagt vekt på at oppførselen til Jarantsev ikkje berre vart sett på som heltemodig av innbyggjarane i Murmansk fylke og at administrasjonen i Murmansk fylke stadig tek i mot støttebrev frå ulike regionar i Russland. Her vert eit brev nemnt særskild frå ein representant i den lovgivande forsamlinga i Orenburg fylke, som kom med krav om å stoppa forfølginga av kapteinen fordi han «redda trålarane frå den pirataktige oppbringinga frå den norske kystvakta og det norske sjøforsvaret» (Kommersant 2007a).

Russisk fiskeriregelverk vert stilt opp mot norsk i GTRK-Murman sin artikkel under overskrifta «Kirkenes har lenge vorte kalla Murmansk si andre hamn». Dette kjem opp i samband med eit møte i Kirkenes om innføring av eit felles norsk-russisk regelverk. Det vert sagt at til tross for ein del kapasitetsproblem og andre problem i Kirkenes er det likevel meir økonomisk fordelaktig med anløp til ei utanlandsk hamn. Generaldirektøren i Unionen av nordlege fiskeribedrifter, Gennadij Stepakhno, stiller spørsmålet om kvifor det er meir «komfortabelt» for russiske fiskebåtar i norske hamner samanlikna med i russiske hamner. Eit norsk regelverk som endrar seg ofte og russiske fiskarar sin manglande kjennskap til dette vert sett på som ein av grunnane til hendingar på sjøen, «intsidentov v more». Som Vadim Sokolov, visedirektør for avdelinga for fiskeindustri i Murmansk fylke, seier det: «Fiskarane må kunne ha eit instruksjonshefte i hendene om korleis dei skal handle i ulike situasjonar og ikkje 150 sider med lovene til heile Kongeriket Noreg. Men dette finst ikkje og fiskarane har ingen plass å konsultera» (GTRK 2007b).

Argumenty i Fakty si Murmanskutgåve er og innom det same temaet i sin artikkel frå den 29. august «Kven legg hindringar i vegen for fiskarar?» Her vert det russiske lovverket og vanskaner som russiske fiskarar møter hjå dei mange russiske byråkratiske instansane kontrastert med den enkle måten ein vert møtt på i norske hamner. Her er det nok ein gong Stepakhno som uttalar seg: «Korleis vert båtane møtt i Noreg? I alt ein agent som registrerer alle dokument og ved sidan av han ein hjelper som målar temperaturane i lasteromma. Mens hjå oss «set» åtte strukturar på fiskehalen!» (AiF 2007b). Her siktar han til dei mange ulike russiske etatane ein må forhalda seg til.

3.3.5 Svalbard og andre saker

Det var eit besøk av det heile norske fylkesmannskorpset i september 2007 i Murmansk, og i samband med dette vart den dåverande guvernøren i Murmansk, Jurij Evodokimov tildelt kongens fortjenestemedalje og det er dermed ein del lokalsaker frå Murmansk omkring dette, samt omkring den norske statsministeren Jens Stoltenberg sitt besøk tidlegare

på året. Her vert norsk-russisk samarbeid på mange felt naturleg nok teke opp i artiklane om desse besøka. Her er GTRK-Murman sin artikkel frå den 7. september 2007 karakteristisk. Her vert det innleia med utdelinga av kongens fortенestemedalje til dåverande guvernør Jurij Evdokimov og heldt fram med å beskriva «spennvidda i samarbeidet som verkeleg brei» og omfattar områder så ulike som atomsikkerheit til felles operasjonar. Men eit uromoment er tydelig Svalbard-spørsmålet, noko det ifølgje Evdokimov vart tagd diplomatisk om, der Spitsbergen ifølgje han er «stridens eple» som Russland er forplikta til å bli verande på, der det og vert betona at Evdokimov er medlem av regjeringskommisjonen for Spitsbergen. Eit anna punkt som artikkelen bit seg merke i er det at den norske ambassadøren, som og er ein del av besøket, sin språkbruk: «Den norske ambassadøren la i samtalen heile tida trykket på ordet «vårt» - «vårt Svalbard», det betyr Spitsbergen, vår øygruppe.» og neste linje: «Diplomaten oppdagar ikkje skarpheita i problemet.» (GTRK 2007d). Mens det verkar som samarbeidet elles vert omtala i positive ordelag er det tydeleg at Svalbard/Spitsbergen er eit sårt punkt.

Argumenty i Fakty sin artikkel omkring ordensutdelinga teiknar og eit liknande bilete av samarbeidet mellom Noreg og Russland. Der visar Evdokimov til eit samarbeid med Noreg i «alle sfærer». Men det viktigaste området er petroleumssektoren, der Sjtokman berre er byrjinga og det vert vist til andre moglege felt i det omstridde området der det vert opna for samarbeid med norske partnerar. Men det finst framleis omstridde moment i tilhøva mellom Russland og Noreg og det vert her nok ein gong vist til Spitsbergen og spørsmålet om havområdet rundt. Som det vert sagt om Spitsbergen: «For oss har øygruppa ikkje berre økonomisk og politisk betydning, men og militær-strategisk betydning.» (AiF 2007c).

Svalbard si strategiske betydning for Russland vart igjen ytra i samband med at den russiske regjeringskommisjonen for «sikring av russisk nærvær på øygruppa Spitsbergen» besøkte øygruppa. Dette var den fyrste gongen ein russisk regjeringskommisjon hadde vitja øygruppa etter 1920. Dette rapporterte Kommersant den 15. oktober, og som artikkelen sjølv seier gjev leiaren for komiteen, vise-statsminister Sergej Narysjkin utelukkande «geopolitiske årsaker» for visitten. Her vert det og vist til at budsjettet vert auka i motsetnad til norske forslag om «evakuering av russiske spesialistar». Som den russiske konsulen på Svalbard, Vjatsjeslav Nikolaev, sjølv seier: «Etter 1993 har meir enn ein gong stritta imot slike forslag». Her vert det vist til ein rekkje måtar ein frå russisk side prøver å vidareutvikle økonomien. Her kjem mellom anna bygginga av eit fiskerimottak på Svalbard opp. Dette og for å motverka at russiske skip avleverer fisk til norske mottak, noko som ein på russisk side tapar opp til \$ 540 millionar på kvart år. Dette ifølgje Andrej Krajnij, leiar for «Rosrybolovstvo», det føderale russiske fiskeribyrået (Kommersant 2007c).

3.4 2008: «Dei er skuldige å respektera oss!»

Saksområde:

For 2008 er det mykje stoff knytt til reaksjonar på arrestasjonar av russiske trålarar. Svalbard- spørsmålet vert og teke mykje opp, ein god del av dette i samband med at den russiske flåten tok opp att patruljeringa i havområda rundt øygruppa. Det var ein god del stoff knytt til ulike norsk-russiske samarbeidsprosjekt på lokalt plan i Murmansk som vert fanga opp i den lokale pressa. Det var og mykje merksemd knytt til Arktis.

3.4.1 Fiskeri og Svalbard

Den fyrste artikkelen frå 2008 omhandlar arrestasjonen av trålaren Nemanskij som vart arrestert av norsk kystvakt i «gråsona». Ifølgje gråsoneavtalen skulle russisk og norsk kystvakt kontrollere sine egne lands skip i gråsona, slik at det dermed vert vanskeleg å sjå for seg at arrestasjonen skulle ha vore føreteken av norsk kystvakt i gråsona. Dette kan tyde på ein litt utflytande bruk av gråsone-omgrepet. Her vert det vist til at både Noreg og Russland gjer krav på området og at arrestasjonen vart sett på som lovstridig av kapteinen, sidan den etter hans meining føregjekk i russisk økonomisk sone. Saken vart komplisert vidare av at det viste seg at trålaren hadde vorte strøken frå fartøysregisteret då eigarselskapet var konkurs. Skipet hadde vore registrert i Kaliningrad (RG 2008a). Dette var nok med og sette tonen i samband med Dimitrij Medvedev sitt besøk i Murmansk og til trålaren Kapitan Morgun som og vart rapportert av Rossijskaja gazeta under den lett besynderlege tittelen «Fisken tagde på norsk».

Artikkelen er frå før presidentvalet i 2008 og er frå perioden medan Medvedev endå var fyrste visestatsminister. Tittelen hans vert berre nemnt ein gong gjennom heile artikkelen. Etter å ha teke opp spørsmålet om låge lønningar og pensjonar kjem ein inn på Spitsbergen-spørsmålet. Her vert saka presentert som at Noreg i samsvar med Paris-memorandumet frå 1920 «dekka» ei 200-mils sona rundt Spitsbergen med sine lover og dermed og med sin kystvakt. Dette har aldri vorte anerkjent av Russland. Samtalen mellom Medvedev og kapteinen er avslørande: «Det er veldig mange problem med nordmennene» og heldt fram: «Dei visar ofte militær styrke, men eit nærvær av våre militære einingar kunne ha forsvart oss.» Medvedev stiller så eit spørsmål: «I sovjettida då våre styrkar var fleire oppførte nordmennene seg meir anstendig?» Svaret er bekreftande: «Sjølvsagt, me segla på alle verds-hava og følte oss alltid forsvart ettersom våre skip og ubåtar var overalt, men no er dei ikkje redde for oss og respekterer oss ikkje.» Medvedev svarar på ein litt meir forsonande måte: «Det at dei ikkje er redd for oss er ikkje hovudpunktet. Dei er skuldige å respektera oss!». Andrej Krainij som leiaren for «Goskomrybolovstvo», den statlege fiskerikomiteen, viser til at norsk kystvakt ikkje sjeldan taper i retten når det gjeld saker om arresterte russiske skip, men at dette ikkje gjer følgjene enklare sidan dette ofte førar til øydelagt fisk. Det vert og sagt at sjølv om det i den siste tida har vorte eit tradisjonell fenomen å forklara indre problem med eksistensen av ein ytre fiende, er det og kjapt tilbakevist. På russisk side

manglar det nesten fullstendig ein eigen kystvakt. Dermed resonnerer nordmennene at dersom russarane ikkje vaktar fiskebestandane må me passa på dei. Dette vert vidare brukt som eit argument for at ein igjen må styrkja flåten for å kunne vera tilstades i omstridde område og «for å til slutt bli ei sterk sjømakt», ifølgje Medvedev. Seinare er ein og innom poenget om at ein i Noreg berre treng ein fiskeriagent mens ein på russisk side må innom 22 instansar (RG 2008b).

I eit brot frå den vanlege rutina har Vzgljad den 28. januar eit oppslag om ein russisk arrestasjon av den norske trålaren Geer. Om sjølve arrestasjonen finn ein ikkje mykje utanom det vanlege. Det vert i korte trekk sagt at trålaren ikkje hadde informert russiske styresmakter skikkelig då han kom inn i russisk farvatn og dermed fiska ulovleg. Utover i artikkelen får ein ei oversikt over russiske trålarar som har vorte arrestert av norsk kystvakt, her vert og den nylege arrestasjonen av Nemanskij nevnt. Det vert og vist til Elektron-saka som den: «mest kjende saka av fisketrældom [...]» Det vert og sagt vidare om Elektron at: «Denne hendinga tiltrekte for fyrste gong brei merksemd i offentlegheita til motsetnadane mellom Russland og Noreg i spørsmålet om fiskerimetodane i dei vestlege regionane av Barentshavet.» Ein heldt fram: «Trass i at Russland mister hundrevis av tonn med dyrebar produksjon på grunn av situasjonen med jamne norske kontrollar og nyinnføringar, bryt russiske fiskarar sjølve reglane temmeleg ofte.» Det vert vidare vist til data om at 30-35 % av den fisken gjennomsnittsrussaren konsumerer kvart år er ulovleg fiska. Andrej Krainij har og dette å sei om tjuvfisket: «Her i landet eksisterer det ikkje uorganisert tjuvfiske, alle tjuvfiskarane er nokon sine – Rossel'khoznadzor, MVD, FSB og kva som helst annan institusjon». Han heldt vidare fram med å sei at når det gjeld oppbringingar av tjuvfiskarar og kontroll så finn ein at informasjonen ofte er falsifisert, og nokre gongar viss ein skal tru koordinatane, går båten på land. Han avsluttar med at det er nødvendig med ein effektiv kamp mot tjuvfiskinga, men at Noreg sine metodar i denne kampen er «upassande harde» (VZ 2008a).

Nemanskij-sagaen vert igjen teken opp av AiF na Murmane den 6. februar under tittelen «Kvifor arresterar dei fiskebåtar?». Om Nemanskij vert det sagt at kapteinen har vorte sikta for ulovleg ferdsel på havet, for å ha oppgitt uriktig informasjon til den norske kystvakta, og for å ha kopla ut satelittovervåkingssystemet. Her har dåverande Murmansk-guvernør Jurij Evdokimov uttalt seg om saka: «[...] Båten sitt mannskap er det ikkje mogleg å forstå kor kom frå og det er ukjent kven eigarane er. Derfor prøvde trålaren å forsvinne under dekke av å gjenta «dåden» til Jarantsev.» Jarantsev var kapteinen på Elektron. Evdokimov heldt fram: «Denne historien med arrestasjonar av trålarar kjem til å verta trekt vidare, men tru berre ikkje at det er ein fiskekrig mellom Noreg og Russland. Det vert jo arrestert spanske trålarar for dei same regelbrota i fiskevernsona rundt øygruppa Spitsbergen.» Han viser vidare til at samstundes med opprettinga av fiskevernsona vart det utarbeidd eit sett med instruksjonar, slik at kapteinane på båtane visste kva dei skulle gjera dersom norske inspektørar kom uventa. Dette finst ikkje hjå fiskarane i dag. Når det gjeld sjølve statusen til fiskevernsona har han følgjande å sei:

«De jure har me ikkje anerkjend fiskevernsona, men de facto er me tvungne til å fiska etter Noreg sine reglar. Derfor er kapteinane på fiskebåtane i ei stadig uvisse. Dåden til Jarantsev kom av desperasjon.» (AiF 2008a)

Løysinga på problemet ser han å vera at ein skal utarbeide eit sett med instruksjonar for kapteinane på fiskebåtane for slike situasjonar. Artikkelen sluttar med å forklare Spitsbergen sin juridiske posisjon på følgjande måte:

«De jure ligg Spitsbergen-øygruppa frå 1920 under Noreg, men i samsvar med vilkåra til traktaten er det til alle land som har underskrive avtalen, blant dei er og Russland, garantert like rettar i forhold til kommersiell verksemd på øyane. Ikkje desto mindre vaktar Noreg nidkjært sin suverenitet og på ein sjukeleg måte oppfattar kva som helst russisk handling og initiativ som dei kan tolka som brot, med dei suverene rettane til denne staten.» (AiF 2008a)

Her framstår ikkje norsk Svalbard-politikk i eit altfor flatterande lys og Noreg vert framstilt som aktivt motviljug mot russiske initiativ.

Den 24. mars kjem det nok ein gong opp eit oppslag om arrestasjon av ein russisk trålar, denne gongen er det trålaren «Koralnes» som vert rapportert å ha brote norske fiskerireglar, ved å ikkje rapportere inn til norske myndigheiter at den hadde begynt fisket. Her kan ein skimte eit vanleg mønster i rapporteringa om arrestasjonane av russiske trålarar der det fyrst vert vist til arrestasjonen og den norske grunngevinga før ein til slutt viser attende til tidlegare arrestasjonar av russiske trålarar. I dette tilfellet arresten av trålaren Kapitan Gorbatsjov og fryseskipet Dimitrij Pokramovitsj i november 2005 før ein kjem innom Elektron-saka og avsluttar med å sei at Russland framleis ikkje har godteke fiskerivilkåra i området rundt Spitsbergen (VZ 2008b).

Regnum sitt korte oppslag den 1. april om at eit russisk kystvaktfartøy skulle patruljere havområdet rundt Spitsbergen og «kontrollere korleis norske skip fiskar i regionen til øygruppa Spitsbergen» kjem naturleg nok og inn på norsk fiskeripolitikk rundt Svalbard. Her vert det vist til orda til sjøfolk frå Murmansk som seier at nordmennene med alle krefter prøver å bli kvitt russiske fiskarar. Kapteinen på fartøyet seier og at hans oppgåve er å sørgja for at russiske og norske fiskarar kan fiska på like vilkår (Regnum 2008a).

Eit anna oppslag frå Regnum finn ein den 23. april under tittelen: «Meining: Norske styresmakter dannar eit falskt inntrykk av hyppige regelbrot frå russiske fartøy si side». Dette er meininga til Valentin Balasjov som er leiaren for Barents-Kvitsjøavdelinga av Goskomrybolovstvo. Det vert og rapportert at ifølgje spesialistar frå næringa så har Noreg erklært 200-nautiske mils sona rundt Spitsbergen som si eksklusive økonomiske sone, og forstyrrar arbeidet til russiske fiskarar der. Det vert og sagt at Nordflåten såg på moglegheita for å sende krigsskip til området rundt Spitsbergen. Noko som skulle verta iverksett utover sommaren (Regnum 2008b).

Den 15. juli rapporterte NG om at den russiske Nordflåten hadde byrja å patruljere i Arktis, inkludert Spitsbergen-området. Dette vert sagt å vera direkte retta mot Noreg og det vert vist til Noreg si «eigenmektige» oppretting av den økonomiske sona rundt Spitsbergen. Samstundes skal dei russiske krigsskipa styrkja russiske krav på arktisk sokkel. Det vert vist tilbake til sovjettida då flåten patruljerte nesten alle verdshava. Dette slutta på byrjinga av 90-talet etter oppløysinga av Sovjetunionen. Denne manglande patruljering av arktiske område nytta Noreg seg av ved å freiste å posisjonera området rundt Spitsbergen som si eiga økonomiske sone. Noreg si oppretting av fiskevernsona rundt Svalbard i 1977, som i praksis fungerer som ei eksklusiv økonomisk sone, vert nok ein gong teken opp samt at det er lite støtte internasjonalt til den norske posisjonen. Nok ein gong i ein artikkel om Svalbard vert det referert til Elektron og to arrestasjonar av trålarar rundt øygruppa på same tid. Det vert og slått kraftig fast at:

«I Sovjetunionen si tid ville ein slik situasjon ha vore vanskeleg å førestille seg. På den tiden ville norske vakter [kystvakt] berre signalisere til sovjetiske trålarar at dei fiska i eit omstridd område. Ved sida av fiskarar fanst det nesten alltid skip frå nordflåten. I dag freistar Moskva faktisk å gjenoppretta status quo.» (NG 2008b)

Arktis og dei store potensielle ressursane der vert og teke opp, før ein på nytt kjem innom Svalbard-spørsmålet. Her får Konstantin Simonov, generaldirektør for fondet for energisikkerheit det siste ordet: «Me hugsar at det var historier med arrestasjonar av russiske fiskarar som vart jaga av norske grensevaktarar, men igjen er rota til desse små detektivhistoriane ikkje i fisket, men i dei hydrokarbona som finst der.» Han heldt fram:

«Eg er redd for at snart vert Nordishavet ei sone for aktiv militarisering, fordi alle land nærmar seg Arktis og alle forstår at det finst råstoffreservar der, medan det på landjorda vert stadig mindre, men foreløpig er det ikkje forstått korleis desse skal delast.» (NG 2008b)

Den same saka plukka og Vzgljad opp den 14. juli i artikkelen: «Russland gjev ikkje frå seg Spitsbergen». Her vert det sagt at Nordflåten på ny skal vera til stades i området rundt Spitsbergen. Motivet er som det vert sagt klart og tydeleg å støtte russiske fiskarar som dei norske styresmaktene regelmessig jagar vekk frå fiskeriområda. Det vert og vist til «ekspertar» som er overtydde om at berre kraftige middel kan hjelpe Russland å beskytte territoriet. Arrestasjonen av trålaren «Koralnes» den 23-24. mars same året, vert berre sett som eit av mange «insident». Det vert vist til både Svalbard-traktaten frå 1920 og til at Noreg i 1977 einsidig innførte ei 200 mils «sone av sine økonomiske interesser» omkring Spitsbergen. Artikkelen vert slutta av med spørsmål til Vladimir Evseev frå senteret for internasjonal tryggleik ved instituttet for verdsøkonomi og internasjonale samband. Han seier at det er vanskeleg å seia om forholdet til Noreg kjem til å verta forverra etter krigsskipa sin ankomst, men at det likevel er den einaste rette posisjonen å ta. Han legg eit utprega realpolitisk syn til grunn: «Russland må forsvare sine interesser, no skal me

ikkje overgje noko til nokon, slik skal me berre ikkje. Alle statar som har tilstrekkeleg styrke gjennomfører akkurat ein slik politikk.» (VZ 2008a).

3.4.2 Arktis

Nezavisimaja Gazeta kom den 7. mars ut med ein lengre artikkel om dei framtidige moglegheitene for militære konflikter i Arktis under tittelen «Randa av iskald stillheit – planeten sin framtidige hotspot [varme region]» Artikkelen vert innleia med å visa til dei store uutnytta ressursane som ein trur finst i Arktis og til moglegheita for at den nordlege sjørute i 2050 kan vera open 100 dagar i året i staden for 20 som i dag. Etter at målet for dette «slaget om Arktis», som vert sett på som allereie ha starta, har vorte fastslått: arktisk sokkel og ressursane, vert det gjort greie for dei moglege deltakarane under overskrifta «Korleis dele innflytelsessfærene?» Her vil eg sjølv sagt konsentrere meg om framstillinga av Noreg. Her vert det tidleg vist til usemja knytt til sektor- og midtlinjeprinsippet som har skilt Noreg og Russland/Sovjetunionen og korleis dette har skapt eit uavklart område:

«Nordmennene kallar denne regionen for gråsona og etter alt å dømmе vil RF [Den Russiske Føderasjon] ikkje avstå den. Men viss me med dei [nordmennene] ikkje kan dele fisken på eit sivilisert vis, er det veldig vanskeleg å tru at dette kjem ein til å lykkast å gjera med olja. Det betyr at det ventar oss ei rekkje «oljekrigar» med naboane.» (NG 2008a)

I kampen om arktisk sokkel vert det vist til mange land med interesse for arktisk sokkel, meir enn 20. Her ser ein moglegheiter for mange ulike koalisjonar, for Noreg sin del kan dette enten resultere i ein avtale mellom Moskva og Oslo eller at Noreg vert tettare knytt til USA, som det vert sagt at dei gjer seg klar til å utnytte Arktis saman med. Men dette er framtidige moglegheiter, for tida er det Noreg, Danmark, Canada og USA som står med felles front mot Russland sine krav, for å gje lettare tilgang til dei arktiske ressursane for vestlege selskap. For desse landa vert det sagt at ei internasjonalisering av Arktis er betre enn sektorinndeling av Arktis, som ville gjeve Moskva eit større stykke av regionen.

Den neste delen går direkte inn på norsk politikk i Arktis med overskrifta «Trålarterror» og her står Spitsbergen-spørsmålet nok ein gong i sentrum: «Interessekollisjonar i det arktiske rom er praktisk talt uunngåelege. Dei økonomiske motsetningane mellom Russland og Noreg byrja for lenge sidan i 1977, då Oslo innførte ei 200-[nautiske] mils eksklusiv økonomisk sone omkring Spitsbergen, eller som den vert kalla av nordmennene sjølve, fiskevernssone.» Vidare blir det lagt vekt på at dette ikkje vart godteke av Sovjetunionen og at sovjetiske trålarar i stor grad heldt fram som før. Men frå den tida av har det omkring Spitsbergen vore ein «uerklært krig» mellom russiske fiskarar og norske fiskerivernstyresmakter. Litt seinare kjem artikkelen og inn på korleis det norske fiskerireglementet vert brukt mot russiske fiskarar rundt Spitsbergen, der det norske fiskeridirektoratet si innføring av forskrifter om maskevidde for trål og minstemål for torsk, skapte store skilnader med det russiske regelverket. Her vert og tal frå den norske riksrevisjonen frå 2005 trekte

fram som viser korleis russiske trålarar då vart mykje oftare kontrollert av den norske kystvakta enn norske trålarar. Her kjem og uttrykket trålarterror nok ein gong fram:

«Det er openbart at den norske trålarterroren er den fyrste prøveballongen i det store spelet om delinga av Arktis. I så tilfelle, som dei ikkje ville sagt i Oslo, er konflikta aldeles ikkje privat men nettopp mellomstatleg. Dessutan kan ein til fulle venta at Noreg og vidare kjem til å oppføre seg resolutt og meir utfordrande i forholdet til Russland så lenge Noreg føler å ha støtte frå USA.» (NG 2008a)

Hovudparten av resten av artikkelen omhandlar i hovudsak berre USA som eg ikkje skal komma inn på her. Førestillinga om at ein frå norsk side brukar fiskeriregelverket for å presse ut russiske fiskarar, kjem her klart til uttrykk og ein får eit klart bilete av eit Noreg som føler seg sterkt nok til å presse ut Russland grunna si støtte frå USA. Den militære vinklinga er her ikkje uventa, sidan dette kjem frå NG sin militærdel.

3.4.3 Pomorsona

Den lokale nyhendesida MBNEWS frå Murmansk rapporterte den 4. februar om ein konferanse i Kirkenes der problema knytt til utvinning av gassen frå Sjtokman-feltet og ideen om danning av ei russisk-norsk industri-økonomisk samarbeidssone, altså pomorsona vart tekne opp. Barents 2020 vert her nemnt og forslaga til samarbeidsprosjekt i denne, deriblant pomorsona. Det vert vist til at sona er ein av dei prioriterte prosjekta i budsjettet for utvikling av Noreg sine nordlege område, og at Noreg har tildelt 197 millionar norske kroner til ulike aktivitetar i nordområda for 2008. Vidare vert det vist til at fylkesregjeringa i Murmansk støttar prosjektet og at det krevst vidare norsk-russisk samarbeid og oppretting av ei arbeidsgruppe. At StatoilHydro vart likeverdig partner i Sjtokman-prosjektet vart og teke opp. Til slutt vert det summert opp at danninga av ei pomorsone ikkje har mista sin aktualitet. Det vert bestemt at dialogen må halda fram (MBNEWS 2008). Artikkelen her er interessant sidan ein her nemnar noko som ein utan tvil kan sjå på som ein del av konkrete ny norsk nordområdesatsingar, og dermed visar til reine nordområdetiltak. Her finn ein og bruken av begrepet «*Krainij sever*», som er det russiske omgrepet som best svarar til det norske nordområdeomgrepet, noko som ein ser sær sjeldan. Dette er så langt den fyrste gongen uttrykket har dukka opp i direkte samband med norsk nordområdepolitikk i mitt materiale, sidan omgrepet har ei ganske anna innanriks russisk betyding. Pomorsona vart og eit tema som vart teke opp att i AiF na Murmane den 5. mars i ein artikkel under tittelen «Pomorsone utan grenser». Det vert nok ein gong gjort greie for det norske forslaget til danninga av ei slik felles sone. Her ser ein igjen Evdokimov som meiner at forslaget som det er frå norsk side, ikkje er gjennomførbart: «Ein slik framgangsmåte er foreløpig ugjennomførbar fordi landa våre sine strategiske interesser er for ulike.» Men det finst ein annan måte:

«Derfor har utanriksdepartementa til våre land føreslått å danne to soneenklavar på russisk og norsk territorium. Mellom desse vert det og føreslått å oppretta eit spesielt visaregime. Denne ideen føreslår og at Barentshavet skal verta forvalta av berre to statar – Russland og Noreg. I dag er situasjonen slik at kva som helst firma med støtte av sitt lands regjering og utan å spørja om lov, kan utanfor grensene til 200-mils økonomiske sona i Barentshavet gjera alt mogleg - fiske, bore i havbotnen og utvinne olje og gass.» (AiF 2008c)

Dette vert følgt av ei litt meir nedslåande vurdering av Rune Åsheim, dåverande norsk generalkonsul i Murmansk som seier at ideen er interessant men at styresmaktene i Murmansk prioriterer opprettinga av Murmansk transport hub og at i desse planane er det ikkje plass til pomorsona. (AiF 2008c) Her vert dei same ideane om to ulike sonar som i 2007 tekne opp av Evdokimov. Ein ser at tanken om eit eige visaregime står igjen som det som er enklast å få gjennomført, og som og er det einaste aspektet av opprettinga av ei pomorsone som per i dag har vorte innført.

3.4.4 Atom- og miljøsamarbeid

GTRK-Murman hadde den 6. mars eit oppslag om eit seminar for russiske journalistar frå Nordvest-Russland om atomsikkerheits-spørsmål. Dette hadde vorte halde på Svanhovd i Pasvikdalen, og hadde tatt opp spørsmål slik som atomskipet Lepse, rehabilitering av Andrejeva-bukta, Kola atomkraftverk og byggjinga av flytande atomkraftverk. At dette er eit tema det er delte meiningar om vert tidleg gjort klart:

«Det er kanskje ikkje mogleg å finne ein betre plass for krangler mellom folk som tek aktivt del i friviljuge organisasjonar og atomfysikarar enn det norske økologiske senteret Svanhovd. Her ved grensa til Russland gjennomfører Noreg atomovervaking. Overfloden av «atomobjekt» like ved grensa vekker hjå naboane stadig uro. Det er ikkje tilfeldig at russiske samfunnsorganisasjonar som jobbar med pengar frå det norske utanriksdepartementet vier så mykje merksemd til Kola atomkraftverk, Andrejeva-bukta og flytande atomkraftverk.» (GTRK 2008)

Ei litt meir rutinemessig framstilling finn ein i samband med underskrivinga av ein avtale om gjennomføring av «sanitært-epidemisk oppsyn av atomenergi» mellom det norske helsedepartementet og det føderale russiske ministeriet for økonomisk utvikling. Dette handlar altså om tryggingstiltak og oppsyn med atomenergi. Her er det ingen ting som vert særskilt nemnt som problem og artikkelen vert avslutta med å seia at Russland og Noreg samarbeider om atomsikkerheit, strålevern og overvaking av miljøet i Nordvest-Russland og då særleg Andrejeva-bukta (VZ 2008d).

3.4.5 Mindre saker

Av andre saker som har vorte tekne opp ser ein mellom anna ein artikkel om vidareutdanning av offiserar som har gått over i reserve etter å ha tenestegjort i den russiske nordflåten. Dette vert presentert som eit russisk-norsk samarbeid under dei to landa sine forsvarsdepartement og mellom universitetet i Murmansk (MGTU) og Høgskulen i Bodø. Programmet vert vurdert positivt og artikkelen vert avslutta med nokre sitat frå ein kaptein som har gjennomgått programmet og fått seg sivil jobb (AiF 2008b). Artikkelen er ikkje verdas mest informative når det gjeld framstillingar av norsk nordområdepolitikk og Noreg, men er likevel interessant sidan den vier merksemd til folk-til-folk delen av nordområdepolitikken, noko som ofte går tapt blant dei større spørsmåla som Sjtokman, Svalbard og fiskeria i Barentshavet.

3.5 2009: Ingen militære pingvinar og statsbesøk

Saksområde:

I 2009 kunne ein finne eit breitt utval av saker, frå Arktis og Svalbard som nok ein gong vart via mykje merksemd, til det norske statsbesøket i Russland der og Aleksander Rybak klarte å finne vegen inn i utanrikspolitiske oppslag.

3.5.1 Arktis og Svalbard

Dei skandinaviske landa sitt moglege samarbeid om sikkerheitsspørsmål er det som vekker interesse i Vzgljad sin artikkel frå den 9. februar under tittelen «Dei fem isar sin allianse». Underoverskrifta visar tydeleg kva det her dreier seg om: «Landa i Nord-Europa fant eitt høve til å sameine militære krefter for kontroll over Arktis. Dette kan munne ut i ei utfordring mot Russland.» Landa bak dette er Danmark, Island, Noreg, Sverige og Finland som må styrke sikkerheitssamarbeidet i Arktis. Her vert det vist til uttalelsar frå Torvald Stoltenberg, som tidlegare norsk utanriksminister, i samband med eit møte mellom dei fem nordisk utanriksministrane i Oslo. Som grunnlag for møtet ligg det ein rapport utarbeidd av ein kommisjon med representantar frå dei fem landa, leia av Stoltenberg. Hovudtanken for rapporten seiast å vera at det militære samarbeidet må fokuserast meir på flåteoperasjonar og på kampen med dei arktiske utfordringane. Det vert snakka om dei ulike problema for det potensielle samarbeidet og opprettinga av ein skandinavisk hurtigresponsstyrke som og kan delta i fredsbevarande operasjonar. Den russiske styrkinga av landet si økonomiske og militære makt i Arktis er noko som uroar denne «femmargruppa». Trass i at det ifølgje norske ekspertar er prinsipielt ulike utfordringar knytt til sikkerheitsspørsmål for dei ulike landa. Men: «Ikkje desto mindre kan konferansen i Oslo bli det fyrste steget i danninga av eit samband når det gjeldt sikkerheitsspørsmål.» Til slutt vert Vadim Kozjulin, professor ved akademiet for militærvitskap og ekspert ved «PIR-Senteret» intervjuet. Han legg vekt på den delen av rapporten der det vert snakka om samarbeid mellom skandinaviske land i Arktis. «Patruljering i Arktis er endå eit signal om at ho [Arktis] får alt større betydning i verda og at mange land gjer seg klare til avgjerda om delinga av arktisk sokkel.». Russiske styresmakter sine handlingar, som

klart hevdar sine krav på Arktis, seier han kom i rett tid. Han avsluttar med å sei at: «Ein treng å følgje nøyare med på stega og forsetta til dei skandinaviske statane i denne regionen.» (VZ 2009a).

Det same kan ein finne igjen i ein artikkel i samband med militærøvinga «Cold Response 09», og rapportert av Vzgljad der det vert tydeleg oppfatta som at denne er retta mot Russland. NATO vert dermed oppfatta som at organisasjonen «aktivt gjer seg klar til kampen for arktiske ressursar». Dette pågår samstundes med ei større russisk militærøving, i Kemerovskaja Oblast', som begge vert sett inn i ein større samanheng sidan dei går føre seg i regionar med strategisk viktige energiressursar, i Noreg olje, i Russland kol. Denne litt grove todelinga ser ut til å spele på ein tydeleg kald-krigs tankegang.

Det er her den framtidige kampen om dei arktiske ressursane som er hovudpoenget, Noreg veit som eit lite land at det ikkje kan stå imot Russland utan alliansepartnarar. «Nordmennene» har og reagert «sjukeleg» på dei russiske djuphavsekspedisjonane for å utforska arktisk sokkel. Arrestasjonar av russiske trålarar og dei uavklarte spørsmåla knytte til grensene i Barentshavet vert tekne opp. Det vert vidare og lagt vekt på at moglegheita for at kampen kan hardna til dersom det vert funne nye store ressursar i Arktis, denne kampen vil følgje prinsippet om den sterkaste sin rett. Det er derfor nordmennene freistar å skaffe seg støtte frå alliansepartnarar og på førehand avklare militære samhandlings-spørsmål. Det vert gjort tydeleg klart at Russland ikkje under noko omstende kan stå imot NATO sine samla styrkar. Mot dette vert militærøvinga i Kemerovskaja Oblast' stilt opp, med detaljerte skildringar av det russiske militærutstyret som vert brukt. Bodskapen frå øvinga er tydeleg, som det står på slutten: «Denne russiske øvinga understrekar eit enkelt faktum: det er betre å vera venner med oss.» (Vzgljad 2009b). Her vert den moglege konflikten tydeleg kokt ned til Noreg og NATO mot Russland, der væpna konflikt ikkje kan utelukkast.

Arktis er og temaet for Rossijskja Gazeta sin artikkel den 30. mars med den lett merkverdige tittelen «Utan militærpingvinar» og med ei underoverskrift om at: «Russland dannar ei arktisk troppegruppering utan militarisering av regionen.» Bakgrunnen var avdukinga av den russiske statlege politikken for Arktis fram mot 2020 og vidare. Her vert Noreg identifisert som ein av dei minimum fem aktørane som har interesser i Arktis saman med USA, Canada, Danmark og Russland. Etter å ha etablert dei russiske prioriteringane i Arktis fram mot 2020 kjem ein inn på kva moglegheit for konfrontasjon ein kan finne. USA, og deira forbundsfeller i NATO, sitt hovudmål vert sett på som å vera eit breiare økonomisk nærvær i regionen og å sørgje for ei internasjonalisering av den nordlege sjøruta. Her er Noreg blant dei landa, saman med dei andre tidlegare nemnte landa, som vert identifisert i samband med ei breiare «aktivisering» i Arktis som og er militær. Noreg, som ein av forbundsfellene til USA, brukar både vitskaplege forskingsfartøy til å kartlegge Barentshavet og har forskjellige internasjonale ikkje-statlege organisasjonar til å gå sine ærend, særskilt økologiske. Det vert og snakka om norske planar om å endra Spitsbergen sin demilitariserte status for dermed å kunne utplassera væpna styrkar i Arktis. Siste delen av artikkelen er via til eit intervju med Nikolaj Patrusjev, sekretær for det

russiske sikkerhetsrådet, som i hovudsak er via til russisk politikk i Arktis. Når det gjeld aktørar i Arktis, som Noreg vert sett på som ein av, kan ein sjå at følgjande motiv vert tillagt dei:

«USA, Noreg, Danmark og Canada gjennomfører ein ein-skapleg og koordinert politikk ved å ikkje sleppe Russland til rikdommane på sokkelen. Det kjem fram ein ide om at ein må forholde seg til Arktis som ein fellesarv for menneskeheten, medan ein har til hensikt å opna denne regionen for internasjonale oljeselskap. Dei har og ytra eit forslag om å underskriva ein internasjonal avtale om Arktis som etablerer eit tilsvarande internasjonalt styringsregime som Antarktistraktaten.»⁹ (RG 2009)

Noreg er dermed ein av aktørane i Arktis som freistar å hindra russisk tilgang til arktisk sokkel og er ein del av ein felles front mot Russland.

I samband med FN sin kontinentalsokkelkommisjon si trekking av grenser for norsk sokkel mot Arktis, vart dette eit tema som vart teke opp i både Rossijskaja Gazeta og NG den 13. mai. Noreg vart med dette det fyrste landet som fekk klarlagt sine krav på arktisk sokkel. NG sin artikkel «Arktisk Pirog» tok ein i hovudsak juridisk innfallsvinkel til spørsmålet. Det vert vist til at dette har forstørra norsk sokkel med 235 000 kvadratkilometer, 15 000 mindre enn Noreg søkte om. Avsnittet «Norske ambisjonar» visar til ein artikkel frå det norske tidsskriftet Ny Tid og går inn på kva dei andre partane til Svalbard-traktaten meiner om Noreg sin «politikk og ambisjonar» i forhold til havområdet rundt øygruppa. Her vert det så sagt at ingen av dei andre landa støttar nordmennene. Vidare ser ein på det norske lovverket som omhandlar Spitsbergen og tek opp dei uklare juridiske spørsmåla om sokkelen rundt øygruppa, med spørsmålet om kva rettar Noreg har i havområdet som det viktigaste. Her vert det vist til den store skilnaden i skattlegging mellom norsk sokkel når det gjeld petroleumsutvinning, der skatteprosenten er på 78 %, og det som er lov i følgje Svalbardtraktaten, maks 1 % av verdien av utvunne mineralar. Spørsmålet om kva inngåinga av ein delelinjeavtale vil kunne sei kjem og opp:

«Det framkallar ikkje tvil om at inngåinga av ein avtale med Russland om grensesetjing av havområda i Barentshavet endå meir løyser Noreg sine hender til ei vidare styrking av suvereniteten over Spitsbergen som ho [Noreg] skaffa seg på vilkåra av 1920-traktaten og suverene rettar til dei omkringliggende havområda.» (NG 2009)

Det vert og vist til at delelinjeforhandlingane har føregått i 40 år og at spørsmålet vil verta teke opp under statsbesøket den 19. mai. (NG 2009).

⁹ Stortingsmelding nr.7 2011-2012: «Mens Antarktis er et landområde og reguleres av en egen traktat, er Arktis et hav omgitt av nasjonalstater. Selv om deler av Polhavet er dekket av is, gjelder havretten fullt ut i dette området som i andre havområder på kloden.» (Meld. St. 7(2011-2012):57).

Regnum sin artikkel frå den 16. juli teiknar eit dystrare bildet for framtida i Arktis. Tittelen gjev ikkje mykje rom for tvil: «Ekspert: I Arktis kan det startast krig». Orda til Konstantin Simonov, direktøren for fondet for nasjonal energisikkerheit i Moskva, er tydelege: «I dag er det forstått at dei juridiske måtane for å dele Arktis ikkje lukkast, ein har freista å dela Arktis i 10 år allereie og interessa for Arktis er stor, det betyr at dei kjem til å bruka andre middel, altså militære.» Det er ikkje Noreg som denne gongen vert nemnt som den moglege motstandaren, det vert vist til Canada og USA sine militærøvingar og bygginga av nye militærbasar. Den militære konfrontasjonen kan avgjerast i løpet av to tiår vert det og sagt. Noreg vert her ikkje nemnt i ei sentral rolle, berre som eit av dei fem arktiske landa saman med USA, Canada, Russland og Danmark (Grønland) (Regnum 2009).

3.5.2 Fiskeri

Den 5. mars hadde Utro.ru ein artikkel under tittelen: «Nordmennene arresterer russiske fiskebåtar i ein sleng». Fyrste linja er som følgjer: «Lista av russiske fiskebåtar som den norske kystvakta av ei eller anna årsak har arrestert vart i går kveld endå lenger». Her visast det til arrestasjonane av trålararen Pavel Batov som var mistenkt for ulovleg fiske i norsk økonomisk sone. Det vert vidare vist til arrestasjonen av «Mekhanik Tjulenev» ikkje så mange dagar tidlegare, og til arrestasjonen av murmansktrålararen Petr Petrov i januar og til to arrestasjonar i august 2008. Episoden som det vert lagt mest vekt på er likevel Elektron-saka, som det vert via eit lengre avsnitt til. Den norske drivkrafta bak arrestasjonane vert til slutt oppsummert slik:

«Hyppigheita av liknande hendingar vert forklart av at det er omstridde områder i Barentshavet. Sidan dei ser på dei omstridde havområda som sine, krevjar norske styresmakter at alle fiskebåtar som fiskar i desse områda varslar om si utreise frå desse områda. Dei må og sleppa til inspektørar for kontroll. Om dette understreker den norske side på alle måtar at den ikkje betraktar alle desse situasjonane som ei konflikt mellom to land, men berre som ei rekkje enkeltståande tilfelle av lovbrøt av russiske fiskebåtar.» (Utro 2009)

Arrestasjonen av den russiske trålararen Melkart vart den 18. september rapportert av Vzgljad. Ingressen startar med å slå fast at trålararen har vorte sikta for ulovleg fiske og utslepp for så i neste setning å sei at dette føregjekk i vernesona som Noreg innførte einsidig, her vert det sikta til fiskevernsona rundt Svalbard. Utslepp av fisk, vert det sagt, er eit seriøst økologisk brotsverk i Noreg. Vidare vert det vist til at slike hendingar ikkje er sjeldne og det vert lista opp trålararar som har vorte arrestert same året. Men mest plass får likevel Elektron-saka:

«Denne trekte for fyrste gong til seg den breie merksemda til opinionen til motsetnadane mellom Russland og Noreg i spørsmålet om fiske i dei vestlege regionane av Barentshavet. Me minner om at Noreg alt i 1970 (sic) einsidig innførte ei vernesone med strenge fiskerireglar rundt Spitsbergen. Men Russland nektar å anerkjenne denne sona.»
(VZ 2009e)

Artikkelen avsluttast med eit sitat frå den russiske utanriksministeren Sergej Lavrov som understrekar at Russland aldri har sagt seg einig i reglane som Noreg innførte einsidig. (VZ 2009e)

3.5.3 Norsk statsbesøk (og Aleksander Rybak)

Statsbesøket til Jens Stoltenberg i mai 2009 og hans møte med President Dimitrij Medvedev og statsminister Vladimir Putin vart og sjølv sagt plukka opp i russiske media. Her er Vzgljad sin artikkel frå den 19. mai eit døme. Her er alle dei vanlege elementa på plass, snakk om utviklinga av russisk-norsk partnerskap, økonomiske spørsmål og norsk deltaking i Sjtokman-prosjektet. Noreg sin plass som olje- og gasseksportør vert og nemnt både som verdas tredje største oljeeksportør, og med berre Russland framfor seg når det gjeld gasseksport til Vest-Europa. Spørsmål om eit tosidig samarbeid i Arktis samt det russiske forslaget til ein europeisk sikkerheitsavtale vert og trekt fram i artikkelen. Siste avsnitt er derimot via til ein ny «sameinande faktor» mellom Noreg og Russland som dukka opp berre to dagar før. Her er det vinnaren av Eurovision 2009, Aleksander Rybak det vert sikta til, og ein nemner at «Sasja», kjælenamnsforma for Aleksander, fekk full pott, 12 poeng, frå Russland (VZ 2009c).

Ein artikkel frå Kommersant same dag visar og litt same mønster. Her er hovudfokuset på Arktis. Ingressen startar med å referera Jens Stoltenberg si utsegn om at Russland og Noreg har innteke same posisjon i spørsmålet om utnyttinga av Arktis, i at dette spørsmålet skal regulerast gjennom FN sin havrettskonvensjon. Det vert så via like mykje plass til utvekslinga av gratulasjonar i samband med Aleksander Rybak sin siger i Eurovision. Vladimir Putin hadde og ein spøkefull gratulasjon å koma med til Noreg og Rybak: «Eg vil gratulere med sigeren til dykkar unge artist i denne konkurransen. Men no vil det verta nødvendig for dykk å pumpa opp litt gass for å gjennomføra konkurransen på eit passande nivå.» (Kommersant 2009).

3.5.4 Atom og miljø

I samband med det 12. møtet av den norsk-russiske atomkommisjonen i Svanhøvd i Noreg, kunne ein den 3. september finna eit oppslag om dette i Vzgljad. Møtet vert sagt å dreie seg om atomsamarbeid, strålevern og opphogginga av atomubåtar. Det vert refert til pressetenesta til Rosatom, noko resten av artikkelen ber preg av. Den vert i stor grad nytta til å summera opp dei viktigaste prosjekta i det norsk-russiske atomsamarbeidet. Her vert det opplyst om arbeidet for å «rehabilitera territoriet i Andrejeva-bukta», om demonteringa av radioaktive fyrlykter og fleire andre program. Det vert og gjeve ei kort historisk oversikt over atomsam-

arbeidet og dei ulike pengeløyvingane frå norsk side (VZ 2009d). Artikkelen er i seg sjølv ikkje problematiserande, her er det ikkje nokon spekulasjon rundt motiv frå norsk side, meir ei konstatering av kva det norsk-russiske atomsamarbeidet går ut på.

Den 24. desember hadde det vorte klart at Norilsk Nickel gjekk vekk frå avtalen med norske styresmakter om finansiering til modernisering av smelteverket i Nickel. Dette vart plukka opp av MBNEWS. Her vert rammene for avtalen gjennomgått, at 270 millionar norske kroner hadde vorte bevilga til moderniseringa, pluss moglegheita for 30 millionar dollar i kreditt frå den Nordiske Investeringsbanken. Til gjengjeld skulle Norilsk Nickel kutta utsleppa av tungmetall og dioksin med 90 % i forhold til 1999-nivå. Om sjølve utsleppet er kanskje den mest iaugefallande statistikken at utsleppa av SO₂ (svoveldioksid) frå Nickel og Zapoljarnyj var på 97,7 tusen tonn i 2008, noko som ifølgje artikkelen overstig dei norske utslippa fem gonger. Området rundt Nickel vert skildra som ein ørken og med død skog i ti-tals kilometer rundt smelteverket. Det er og på norsk side «økologiske skadar». Dei ulike tiltaka i den lange sagaen rundt moderniseringsprosjektet vert så gjennomgått. Her vert det og opna for den moglegheita at den moderniseringa som er gjennomført, overgangen til briketter, berre vil flytta utslepp frå Zapoljarnyj til Nickel, altså nærare norskegrensa. Noreg sitt forhold til smelteverket vert skildra på følgjande måte: «Utsleppa i Nickel vart eit skår i gleda i det norsk-russiske forholdet frå augneblinken Sovjetunionen var oppløyst. Norske miljøvernministrar, utanriksministrar og statsministrar tok opp denne saka framfor sine russiske partnarar ved eit kvart høve.» (MBNEWS 2009). Denne saka ser berre ut til å ha vorte plukka opp på lokalplan og ser ikkje ut til å ha vekt noko interesse blant dei nasjonale avisene.

3.6 2010: Delelinja

Saksområde:

Den sentrale saka i 2010 vart sjølv sagt delelinjeavtalen, som vart annonsert i april 2010 og underskriven av Jens Stoltenberg og Dimitrij Medvedev den 15. september 2010. Her har eg dermed vald å konsentrere meg om den, sidan det er lite stoff som ikkje tek opp delelinjeavtalen.

3.6.1 Delelinjeavtalen

Ein forsmak på kva som kom til å komme fekk ein med oppslaget til Vzgljad den 4. februar under tittelen «Olje for to». Det vert her rapportert at det norske utanriksdepartementet ønskte å fastsetja grensene i Barentshavet. Det vert og vist til ekspertar som meinte at ein slik avtale er noko Noreg treng meir enn Russland, noko som tillet Kreml å få ei rekkje vesentlege avståingar frå Noreg, frå hjelp i utbygginga av Sjtokman til preferanser i utnyttinga av Arktis og ein felles kamp mot Canada. Noreg sin motivasjon kjem ein til under overskrifta «Ingen utveg». Som det vert gjort klart så er Noreg sitt ønskje om å inngå ein avtale om grensa i Barentshavet, ifølgje Konstantin Simonov frå Fondet for nasjonal energisikkerheit, at Noreg sine petroleumsreservar går mot slutten. Riktignok kom Noreg med meir gass enn Russland til den europeiske

marknaden i byrjinga av 2009, men det er frå sine «siste krefter». Som konklusjonen seier:

«Samsvarande med ekspertene si meining er det hjå Noreg ganske enkelt ikkje nokon annan utveg bortsett frå å presse på Russland for ei avgrensing av fullmakter i Barentshavet, då velstanden til dette landet i stor grad vert basert på inntekter frå eksport av olje og gass.»

For Russland sin del opnar dette for mange moglegheiter for «politisk-økonomisk kjøpslåing». Her vert det snakka om meir fordelaktige vilkår for Russland i samband med Sjtokman-prosjektet, som har vorte sett under tvil grunna finanskrisa. Sjtokman er berre ein av trumfane som kan krevjast frå Noreg. Ein ser i dag den innleiande fasen i kampen om Arktis der allereie USA, Russland, Canada og Noreg er med. Det er verken USA eller Noreg som vert sett på som den største trusselen her, men derimot Canada som har vist mest «aggressivitet». Det visast her til eit sitat frå den canadiske statsministeren Stephen Harper om at Arktis tilhøyrer Canada. Russland kan altså krevja innrømmingar ikkje berre når det gjeld Sjtokman, men og når det kjem til «bestemte preferansar på delar av arktisk sokkel». Med samla krefter vil det vera lettare å stå imot det meir aggressive Canada. Noreg vil prøva å stå imot, men treng olje og gass meir i dag i Barentshavet, enn i morgon i Arktis. Noreg kan sjølvsagt sei ein ting og gjera noko anna seinare, og Russland bør derfor vera forsiktig med forhandlingane. Denne moglegheita vert kraftig tilbakevist av ei kjelde i det russiske energiministeriet: «Forhandlingane med Noreg om oljeførekomstane vil overvakast av Setsjin (russisk visestatsminister) personleg og gjennom han og Putin», han heldt fram: «Eg har vanskeleg å førestilla meg folk som kan føre dei bak lyset. Til dei som freistar å gjere dette ventar det vanlegvis ei lite misunnelsesverdige framtid.» (VZ 2010a).

3.6.2 Annonseringa av avtalen

Dimitrij Medvedev sitt statsbesøk i april førte med seg store nyhende og sluttstreken for den 40 år lange usemja knytt til delelinja i Barentshavet, og sjølvsagt og eit ras av artiklar. Delelinjeavtalen fekk sjølvsagt full merksemd i den russiske nasjonale pressa og fyrst ut er NG med sin artikkel om «Dimitrij Medvedev sin skandinaviske vår», sjølv om artikkelen er datostempla 27. april, er denne tydeleg frå før offentliggjeringsavtalen. Det vert vist til planane for statsbesøket som underskrivinga av fleire avtalar om energieffektivitet, økologi, utdanning, vitenskap og helsesamarbeid. Men «spesiell merksemd» kjem til å verta knytt til delelinje-problematikken i Barentshavet. Etter ein gjennomgang av programmet for statsbesøket kjem det fleire sitat frå Konstantin Voronov, leiande vitenskapleg medarbeidar frå IMEMO RAN¹⁰. Fyrst gjer han det klart at ein står på terskelen til underskrivinga av ein delelinjeavtale. Ifølgje han så er:

¹⁰ Instituttet for verdensøkonomi og internasjonale forhold RAN (Институт мировой экономики и международных отношений РАН)

«Hovudsaka at territorielle problem ikkje forstyrrar utsiktene for russisk-norsk samarbeid i Arktis. Den norske eliten forsto den strategiske langtidstydinga av samhandling med Moskva. For oss er Noreg viktig som eit land som har leiande erfaring og teknologi i utnyttinga av arktisk sokkel.» (NG 2010a)

Det vert og vist til utsagn frå Kreml' om at Sjtokman-prosjektet er eit nøkkelprosjekt i nærmaste periode. Denne nye «aktiviseringa» av forholdet til Noreg vert sett positivt på av ekspertar, når ein tenkjer på at Oslo under den kalde krigen førte ein open pro-amerikansk politikk. No er ikkje «fjordane sitt land» berre innstilt på konstruktiv dialog med Moskva sjølv, men oppfordrar og andre partnarar i Arktis, USA, Canada og Danmark til ei «aktivisering» av kontaktane med Moskva (NG 2010a).

Med annonseringa av delelinjeavtalen vart det ingen mangel på artiklar om temaet, Kommersant sin artikkel om hendinga er representativ. Det vert her vist til at Jens Stoltenberg si erklæring om at ein har oppnådd semje og at det omstridde området i Barentshavet «vert delt mellom partane i likeverdige delar». Grenselinja sin karakter vert og sagt å tilfredstille begge partar. Sjtokman-feltet vert og sagt å «ikkje ha stått igjen utan merksemd» (Kommersant 2010a). GTRK-Murman sin artikkel «Russland og Noreg delte sjø og hav» gjentek mykje av det same, denne gongen direkte frå Dimitri Medvedev:

«Som Dimitri Medvedev sa, det at Russland og Noreg deler dette territoriet på likt inneber at det er mogleg at nokre førekomstar på dette territoriet kan utnyttast allereie no med felles krefter. Dimitrij Medvedev utelukkar heller ikkje det at det for dette må dannast felles selskap [bedrifter], men dette er ein tilleggsbonus til det tosidige forholdet.» (GTRK 2010)

Frå det breie utvalet av reaksjonar til avtaleinngåinga intervju Vzgljad Jurij Evdokimov som då har vorte den tidlegare guvernøren av Murmansk fylke. Artikkelen innleier med eit sitat frå han: «Det er vår og Noreg sin lovande kjøkkenhage» og siktar med det til Barentshavet. Han seier seg einig i Jens Stoltenberg si ytring om at det er den viktigaste avgjerda i dei siste 40 åra i forholdet mellom Noreg og Russland og seier at medan det nok var ei tid då Russland var interessert i å oppretthalda status quo, er situasjonen i dag ein annan. Dette grunna det breie samarbeidet med Noreg, frå Sjtokman-feltet til globale tiltak innan strålevern og atomsikkerheit. At dei norske oljereservane kanskje går mot slutten, sette tonen for neste spørsmål ved at nye leiteområder dermed kan vera viktigare for Noreg enn Russland, og om ein dermed kunne ha pressa meir ut av Noreg når ein fekk i stand denne avtalen:

«Nei, eg ser det ikkje slik. Nordmennene er våre naboar og er ganske snille på tross av at de tilhøyrar ein annan militær-politisk allianse. Nordmennene innehar ei gigantisk erfaring med å arbeide på sokkelen. Dei har utstyret og teknologien. Dette har ikkje me. Jo fortare me får brukt deira forsprang til vårt beste, jo betre vert det for

begge land. Bortsett frå det var det viktig for Russland og Noreg å oppnå ein avtale akkurat no. Mange land ser på dei omstridde områda på sokkelen, og dei som ikkje har noko som helst forhold til havet. Alle ønskjer å gjera noko der. I grunnen er Barentshavet vår og Noreg sin lovande kjøkkenhage, sidan berre me grensar til desse havområda, rike på ressursar. No har me kome til avtale at berre me skal opptre som herrar og at berre me skal bestemma spelereglane i denne delen. Det er ei stor sak.» (VZ 2010b)

Vidare vert det og spurt om at denne avtalen der Noreg tek i mot eit stykke av Barentshavet ikkje kan føre til at interessa i den mykje dyrare utbygginga av Sjtokman-feltet fordampar. Problemet med ulike fiskerireglar på norsk og russisk side vert og teke opp av Evdokimov. Det siste spørsmålet om at dette gjennombrøtet i russisk-norske forhold kan føre til at Russland og Noreg kjem til å handle som ein sameint front i spørsmålet om utvinning av Arktis sine petroleumsressursar, mot til dømes Canada, svarar han slik på:

«Eg er overtydd om at i den europeiske delen av Arktis må det vera ein einskapleg politikk hjå Russland og Noreg. De forstår at i dag er det ei sektordeling av Arktis. Frå polen først det stykker[sektorar] til den tilgrensande staten. Det gjer at vår sektor av Arktis er større enn alle resterande statar til saman. Derfor kjempar Canada for innføringa av eit heilt anna prinsipp. Me må stå fram for å bevare status quo. Eg håpar at denne overeinskomsten med Noreg hjelper oss med dette.» (VZ 2010b)

Rossijskaja Gazeta sin artikkel frå den 28. april, «Havet i to» er og verd å komme innom. Delelinjeavtalen er sjølvsagt og her hovudfokuset, men ein kjem her og innom ei rekkje andre samarbeidstema, danninga av ei visumfri grensesone er og sett på som eit godt resultat. Det vert heller ikkje utelukka at det kan dannast felles selskap for oljeutvinning av førekomstar som kryssar grensene. Når det gjeld Arktis vert det frå Dimitrij Medvedev si side trekt fram at Noreg og Russland har like posisjonar i arktiske spørsmål og må hjelpa kvarandre overfor tredjeland. Det norsk-russiske fiskerisamarbeidet vert og sett på som godt, det vert sagt at året før var det ikkje ein einast ulovleg fangst av torsk (RG 2010).

Lenta.ru sin kommentar frå dagen etter «Ta og del» visar til at erklæringa om delelinja kom fullstendig uventa og nok sette blodet i kok hjå russiske fiskarar. Her vert nok ein gong dei to ulike utgangsposisjonane til delelinja gjort greie for, delelinje førte ikkje til nokre «forbitra kranglar», trass i dei etter kvart «regulære» norske arrestasjonane av russiske fiskebåtar i det omstridde området. Desse hendingane kan og lesast på ein annan måte, ofte vart båtane arrestert for «banalt tjuvfiske», men dette vart av den russiske sida servert som eigenrådighet av den norske kystvakta. Grunnen til at delelinja var viktig for Noreg vert og her sett på som at norske oljereservar i Nordsjøen gjekk mot slutten. Spørsmålet om naturressursane i Barentshavet, her vert krabbar, torsk og andre fiskeartar nemnd og sett på som «ikkje lite viktige», men samanlikna med petroleum får dei ein annanrangs betydning. Delelinjeavtalen vert til slutt

konkludert med å vera verken ein diplomatisk siger eller eit nederlag for Russland (Lenta 2010).

3.6.3 Underskrivinga av avtalen

Kommersant si sak om underskrivinga av delelinjeavtalen frå den 16. september gjekk under tittelen «Russland og Noreg for alltid frosne inn i historien» og med underoverskrifta «Moskva og Oslo delte til slutt Barentshavet på ein naboskapleg måte». Her er fokuset på likeverd og at ein har delt havet på ein rettferdig måte. Etter underskrivinga av avtalen uttrykka Medvedev at: «Det er ein ny æra i våre tosidige tilhøve.» Det vert og fokusert på at alle petroleumsførekomstar berre kan utvinnast i fellesskap. Det vert vist til at gråsona kan innehalde 10-12 milliardar tønner med oljeekvivalentar og at det er store moglegheiter for oljeutvinning og i andre delar av Barentshavet og til mange ulike oljeførekomstar. Noreg sin politikk, der den norske regjeringa har gjeve etter for press frå fiskerilobbyen og «økologar», har avgrensa territoriet i Barentshavet som det kan leitast etter petroleum i. Statoil si deltaking i Sjtokman-feltet er dermed ein måte å flytta ein «betydeleg del av verksemda si til Russland» på. «Kjernen i saka er at for norske selskap står det berre igjen ein region med gode utsikter for leiting etter olje og gass i Noreg, der arbeidet [leitinga] ikkje vil vekke protestar frå fiskarane. Dette havområdet med ei utstrekning på 155 000 kvadratkilometer (nesten halvparten av heile Noreg sitt territorium), er plassert mellom Spitsbergen og Novaja Zemlja og tilgrensande til Sjtokman-førekomsten.» (Kommersant 2010b).

Artikkelen til Vzgljad den 15. september konsentrerer seg om kva Russland får ut av delelinjeavtalen og er eit intervju med Azjdar Kurtov, seniorforskar ved ISI, instituttet for strategiske undersøkingar. Her vert han mellom anna spurt om Oslo no kan kallast for ei forbundsfelle i den «globale kampen mot Canada for Arktis». Sjølve avtalen som delar gråsona seier han vil føre til at ein ikkje lenger får episodar som med Elektron og at spelereglane for fiske til slutt vert «flata ut». For Russland sin del ser han det som eitt kompromiss innan fiskeri men at ein «vann» frie hender når det gjaldt utvinning på sokkelen. På spørsmålet om kva Russland tapte med å gje opp sektorlinja svarar han at den ærleg talt var eit ønskje og ikkje nokon realitet basert på internasjonal rett. Denne posisjonen kunne ikkje oppretthaldast:

«Og, ærleg talt, å halde fram med denne linja... Me er ikkje Sovjetunionen som var ei stormakt og kunne la vera å ta internasjonal rett inn i vurderingane og kunne understøtte sine ambisjonar med atomubåtar. No må me ta internasjonal rett inn i berekningane.» (VZ 2010c)

På spørsmålet om dette gjer at Noreg no vil hjelpe Russland med sine krav i Arktis seier han at det ikkje følgjer ut av avtalen sidan Noreg er eit NATO-land. Når han vert spurt rett ut om det har hjulpet Russland med sine sjansar til å få Noreg på si side svarar han lakonisk: «Formelt - ja». Dette dannar og underoverskrifta til avsnittet «Formelt auka sjansane» (VZ 2010c).

AiF na Murmane tek ei meir kritisk linje i ein artikkel den 15. september, dagen då avtalen vart underskriven. Her er det fiskarane sine bekymringar som får sleppa til. Etter å fyrst ha gjort greie for dei store førebuingane til besøket, kjem ein til undertittelen «Velfundert uro». Det vert fyrst slått fast at havområdet vert delt om lag likt og at dette ikkje vil ha noko negativ innverknad på moglegheita til å driva fiske. Men hjå fiskeindustrien i Murmansk er dei: «seriøst uroa» for framtida og deira utsending til presidenten har mellom anna råda han til at det er «betre føre var enn etter snar». Fiskarane har motførestellingar mot at ein bevarer dagens komplekse ordning rundt Spitsbergen og minner om at området har vore ein del av den vestlege havgrensa til Russland sidan 1926. Konsekvensane av å ignorere dette kan verta store, tap av 50-60 % av fangsten, noko som kan gje ei stor «sosial-økonomisk» omveltning for Russland si kystbefolkning. Fiskarane uroar seg og for at fiskeria kan verta ofra for å gjera olje- og gassfolka til lags (AiF 2010a).

Regnum sitt oppslag den 15. september går under tittelen: «I dag får Noreg ein del av Barentshavet frå Russland». Fyrst vert den offisielle linja frå pressetenesta i Kreml gjenteke om at avtalen er eit historisk gjennombrøt og så vidare. Men det kjem til slutt eit brøt med denne, med ein kommentar til avtalen frå Nikolaj Bogdanov som berre vert beskrive som ein ekspert. Han seier det følgjande:

«Det er interessant kva omstende og forpliktingar og framfor kven (!?) dei fekk diplomati og Russlands styresmakter med på blitskrigsvarianten i mars 2008 med å underskrive lova om grensa i Varangerfjorden, og i april 2010 avtalen om avgrensinga av den såkalla gråsona, som fekk namnet sitt av den norske sida i 1974, den omstridde sona i Barentshavet. Tapet av petroleum for framtidige generasjonar av russarar, som finst i dei førekomstane som gjekk til Noreg består, av opptil 5 milliardar tonn utvinnbare ressursar i oljeekvivalenter. Det årlege tapet av fiskeriresursar for russiske fiskarar er om lag 150 000 tonn, i hovudsak av torskbestand.» (Regnum 2010a)

Det vert her lagt vekt på at Noreg får havområdet frå Russland noko som ifølgje «eksperten» kjem til å føre til store tap på russisk side for framtidige generasjonar (Regnum 2010a).

Det neste nummeret frå AiF den 22. september kan definitivt ikkje seiast å vera mildare innstilt ovanfor avtalen. Etter fyrst å ha konstatert at President Medvedev underskreiv avtalen kjem denne kraftsalven: «Nordmennene trudde til siste slutt ikkje på at avtalen vart underskriven, men Russland tok dette steget som no vert kalla ei enorm avståing og til og med forræderi.» Vidare kjem ein innom forhandlingane som har pågått i førti år: «Så kom den historiske hendinga – grensa til vår polarsektor vart flytta 60-70 nautiske mil austover.» Motiva for avtalen frå russisk side vert identifisert som å vera knytt til petroleumssektoren. I siste del vert Jens Stoltenberg sine ord om at avtalen skal styrkja eit allereie godt fiskerisamarbeid ikkje så positivt motteke. Det vert i artikkelen tolka som at den einsidige innføringa av fiskerireglar rundt Spitsbergen, arresten av trålarar frå Murmansk og eskorten til norske hamner tydelegvis kjem til å

halda fram. Fiskarane følar seg forbigått av olje- og gassinteresser, av åtte foreslåtte rettingar til avtalen fekk dei berre igjennom ei. Om Spitsbergen vert det sagt følgande av Gennadij Stepakhno, tidligare leiar av Unionen av nordlige fiskeribedrifter og leiar for dei regionale kommunistane:

«Norge kjem til å innføra sine reglar fullstendig velfundert rundt Spitsbergen. Våre fiskarar fiskar fortrinnsvis med trål og nordmennene med langline. Me kan tapa hundre tusenar av tonn med fisk. Nordmennene snakkar om gjennombrot og me får eit dokument som er hardare enn Sjevarnadze-Baker avtalen i Beringhavet.» (AIF 2010b)

Til slutt åtvarar Vjatsjeslav Zilanov frå koordineringsrådet for arbeidarar innan fiskeria i Den russiske føderasjonen om at avtalen kan føra til konfrontasjonar mellom dei to «fiskerimaktene» og til slutt til ei full utdriving av russisk fiskeri frå dei vestlege delane av Barentshavet og frå området omkring Spitsbergen (AIF 2010b).

Regnum hadde den 28. oktober nok ein gong ein tittel som gjekk rett på sak: «Avtalen om delelinja i Barentshavet tillet Noreg å jage oss ut: russiske fiskarar». Her vert det sagt at Noreg no får alle «vektstenger» for å jage vekk russiske fiskarar frå rike fiskeområder. Generaldirektøren i ovannemnde bransjeforeining (*Soyuz rybopromysjlennikov Severa*) Vassilij Nikitin seier det på denne måten: «Dei seier til oss: Me jagar dykk ikkje ut, men de må vera ei høg slank blondine.». Han siktar her til dei ulike fiskerireglane som verkar å favorisere andre fiskerimetodar på norsk side enn den russiske fiskeriflåten er sikta inn mot. Han meiner at viss ikkje avtalen vert revidert som dei har bedt både presidenten og statsdumaen om å gjera, vil Noreg i dei to-tre fyrste åra styrka illusjonen om at dei vil følgje avtalen, for etterpå å finne ein måte å jage russiske fiskarar ut frå si økonomiske sone (Regnum 2010b).

4 Analyse

Den norske nordområdepolitikken vert som artikkelutvalet har vist framstilt på ulike måtar, det er ingen heilskapleg framstilling av at det finst ein norsk nordområdepolitikk og uttrykket nordområda,¹¹ vert meir eller mindre berre nytta viss det er snakk om eit namn på ein norsk handlingsplan. Det er nok heller ikkje å venta at utanrikspolitiske initiativ skal få ei full og detaljert behandling i den vanlege pressa. Dette er ofte noko ein må venda seg til meir spesialiserte tidsskrift for å finne (som til dømes *Russia in Global Affairs*), men som ikkje kan seiast å vera opinionsdannarar på same måte. Sjølv om det ikkje er ei heilskapleg framstilling er likevel norsk nordområdepolitikk som eg har vist eit tema som vert teke opp i russisk presse. Det er sjølvsagt ulike framstillingar og representasjonar av politikken og Noreg, framstillinga av Noreg som «fjordane sitt land» (NG 2010a) og Noreg som NATO-medlem og forbundsfelle til USA vil naturlegvis kalla fram totalt ulike førestillingar i den russiske offentlegheita. Mens den eine peikar på fredeleg norsk natur og fjordar, trekkjer den andre på ei førestillingsverd som er djupt forankra i den kalde krigen og aust-vest konfrontasjon, noko som ikkje har sleppt taket i den russiske opinionen, sjølv om dette og er eit nyansert bilete.¹²

I dette kapitlet vil eg freista å etablera at ein kan finne to diskursar om Noreg og norsk nordområdepolitikk. Ein diskurs der Noreg vert framstilt som ein motstandar og konkurrent, der den norske kystvakta «pirataktig» (Kommersant 2007a) arresterer russiske trålarar og brukar fiskerireglane som ein reiskap i kampen for fiskeria i Barentshavet. På den andre sida finn ein førestillinga av Noreg som ein mogleg partner og kanskje og på enkelte område som eit førebilete. Den eine diskursen har eg kalla Noreg som motstandar/konkurrent mens den andre har eg valt å kalla Noreg som førebilete/partnar. Desse diskursane kjem tydeleg i konflikt i samband med debatten rundt delelinjeavtalen i Barentshavet og visar der korleis skiljelinjene mellom diskursane går.

4.1 Noreg som konkurrent

Denne diskursen er som eg freistar å vise nedanfor tufta på framstillingar av Noreg som ein motstandar og konkurrent som på ulike måtar ønskjer å styrka sin posisjon til ulempe for Russland. Dette er tydeleg på områder som fiskeri, Svalbard-spørsmålet og innan arktiske spørsmål. Eg vil her gå igjennom hovudområda der denne diskursen kan sporast tematisk og

¹¹ Uttrykket som kjem nærast til det norske nordområdeuttrykket er det russiske *Krainij Sever* (Крайний Север) som vert nytta om områder i Russland som i hovudsak ligg nord for polarsirkelen, og som i sovjettida fekk større overføringar for å tiltrekka arbeidskraft. Omgrepet dekker området frå Murmansk fylke i vest til Tsjukotka autonome krets i aust (Hønneland G. og Jørgensen H. J. 2006:91).

¹² Levada-senteret si meiningsmåling frå februar 2011 viser at berre 5 % seier at inntreden i NATO er i Russland si interesse, 39 % meiner likevel at eit tettare samarbeid for felles tryggleik er i Russland si interesse (opp heile 10 % frå månaden før og opp frå 23% på sitt lågaste i 2009) 16 % meiner at det er i Russland si interesse å danne ei motvekt mot NATO mens 27 % meiner at det ikkje er i Russland si interesse å vera medlem av noko militærallianse(Levada).

vil vise korleis denne er knytt til ulike tema. Dette tyder sjølvsagt ikkje at det innan desse temaa er full eintydigheit, dette viser til dømes Novaja Gazeta sine artiklar rundt Elektron-saka og tjuvfiske, men eg vil spore hovudstraumane innan diskursane som eg har identifisert og desse meiner eg å kunne vise at følgjer tematiske grenser.

4.1.1 Fiskeri

Den nye nordområdepolitikken møter og på gamle framstillingar av situasjonen i nordområda som prega av konfrontasjon og som ein kamp om ressursar, her kan målet vera både fiskeriressursane i Barentshavet eller den nyare vendinga mot Arktis der det er dei store petroleumsressursane som lokkar. Her vert det i denne diskursen frå norsk side teke i bruk mange middel for å sikra seg tilgang til desse ressursane, blant anna arrestasjonar av russiske trålarar. I denne diskursen vert den norske praten om vern av fiskebestandar berre sett på som eit skalkeskjul for å fremja norske interesser:

«Når det gjeld Noreg er saken, sånn eg ser den, ikkje kor mykje eller lite fisk me fiskar, det er i grunnen ikkje viktig om me fiskar. Russiske skip er harde konkurrentar til norske og dei er redde for å mista profitten sin. Viss praten går om ei eller annan kvote vil nordmennene snakka om økologi og krevja at me fiskar mindre men sjølv halde fram som før. [...]» (Novaja Gazeta 2006)

Dette ser ut til å peika mot ei framstilling av Noreg som nyttar naturvern- og økologiske argument for å få sine russiske konkurrentar av vegen. I samband med den russiske kystvakta si gjenopptaking av kontrollar ser ein denne framstillinga igjen, at sjøfolk frå Murmansk meiner at nordmennene prøver å bli kvitt russiske fiskarar og at kapteinen på det russiske kystvaktfartøyet seier at hans oppgåve er at norske og russiske fiskarar skal kunne fiska på like vilkår, då underforstått at dette ikkje er tilfellet no. Den norske fiskevernsona rundt Svalbard vert ofte og karakterisert som norsk økonomisk sone som Noreg frå si side «eigenmektig» (NG 2008b) eller «einsidig» (VZ 2009e) innførte i 1977. Sona er eit gjennomgåande stridsspørsmål som kjem opp i meir eller mindre alle saker der norsk-russiske fiskerispørsmål vert tekne opp.

Elektron-saka sette eit kraftig søkjelys på denne saka og det norske forsøket på arrestasjon og den påfølgjande «kidnappinga» av to norske fiskeriinspektørar sette sinna i kok på russisk side, og vart eit tilbakevendande punkt ved seinare oppslag om arrestasjonar av russiske trålarar. Dette kan og setjast i samband med førestillinga om at det norske fiskeriregelverket vert nytta som ein reiskap mot russiske fiskarar, inn i dette biletet passar ytringar som at det er ein «uerklært krig» (NG 2008a) mellom norske fiskeristyresmakter og russiske fiskebåtar i området rundt Svalbard. Dette vert begrunna med at russiske fiskebåtar vert kontrollert mykje oftare enn sine norske kollegaer i området. Bak dette kan ein skimte eit bilete av Noreg som grisk og som ikkje ønskjer å dele med Russland.

4.1.2 Svalbard-spørsmålet

Svalbard har og ein framståande posisjon i denne framstillinga. Her vert det ofte vist til Svalbard-traktaten og til at sjølv om at Noreg har suvereniteten, så er denne sterkt avgrensa. Her er det og Spitsbergen som vert nytta som namn på øygruppa i motsetnad til Svalbard, som er det naturlege og korrekte i norske tekstar. Svalbard vert og sett på som viktig for Russland, ikkje av økonomiske grunnar, men derimot som eit strategisk viktig område der ein kan spora ei realpolitisk tilnærming til Svalbard-spørsmålet. Dermed får ein kraftige motreaksjonar mot norske forslag som til dømes ei «evakuering av russiske spesialister» (Kommersant 2007c). Dette kan og koplast opp mot reaksjonane knytt til norske arrestasjonar av russiske trålarar i fiskevernsona der ein då kjem i kontakt med dei russiske førestillingane om at Noreg ønskjer å presse ut russiske fiskarar frå vestlege delar av Barentshavet. Dette ser ein tydeleg i samband med oppslaga om delelinja og om at ein frå norsk side ønskjer å få vekk russisk nærvær på Svalbard. Nærværet av russisk kystvakt i fiskevernsona vert dermed rettferdiggjort med eit ønskje om at norske og russiske fiskarar skal kunne driva næringa si på like vilkår, då underforstått at dette ikkje er tilfellet no, og at ein berre vil utjamne tilhøvet. Noreg vert dermed sett på som den aktive part medan Russland berre freistar å halda på sine rettar i området. Her vert ikkje tanken om at det berre er ei fiskevernsona tillagt mykje vekt, og tendensen er tydeleg med at ein viser til at Noreg ser på området som si eiga økonomiske sone. Det er Noreg som «nidkjært» (NG 2008a) vaktar sin suverenitet og oppfattar russiske handlingar og initiativ «sjukeleg» (AIF 2008a) fordi dei kan bryta med norske rettar på Svalbard. Svalbard som ein del av Noreg er heller ikkje noko som vert teke for sjølvsgt, som reaksjonane på ytringane til den norske ambassadøren sin språkbruk kan tyde på: «Den norske ambassadøren la i samtalen heile tida trykket på ordet «vårt» - «vårt Svalbard», det betyr Spitsbergen, vår øygruppe.» og neste linje: «Diplomaten oppdagar ikkje skarpheita i problemet.» (GTRK 2007d). Noreg sin posisjon på Svalbard vert dermed ikkje sett på som så sjølvsgd som den vert framstilt på norsk side, noko ei artikkeloverskrift som «Russland gir ikkje frå seg Spitsbergen» (VZ 2008c) kan vise.

4.1.3 Kampen om Arktis

Arktis og førestillinga om dei rike ressursane som finst der, er eit anna område der Noreg vert sett på som ein konkurrent. Eit tal som går igjen er at 25 % av dei uoppdaga olje- og gassreservane i verda finst i Arktis. Der vert det vist til US Geological Survey sine tal og at ein kamp om desse ressursane er rett rundt hjørnet. Her finn ein at Noreg er ein av deltakarane i denne kommande kampen om Arktis.

«Det er openbart at den norske trålarterreren er den fyrste prøveballongen i det store spelet om delinga av Arktis. I så tilfelle, som dei ikkje ville sagt i Oslo, er konflikta aldeles ikkje privat men nettopp mellomstatleg. Dessutan kan ein til fulle venta at Noreg og vidare kjem til å oppføre seg resolutt og meir utfordrande i forholdet til Russland så lenge Noreg føler å ha støtte frå USA.» (NG 2008a)

I dette tilfellet er det igjen den såkalla trålarterroreren (Utro 2005; NG 2008a)¹³ det vert sikta til, og Noreg sitt mål er å styrka sin posisjon i «det store spelet». Noreg er her ikkje aleine, men har USA i ryggen og kan derfor opptre kraftfullt så lenge denne støtta vert oppretthalden. Denne artikkelen trekkjer og inn eit anna moment som ofte går igjen, tanken om at ein frå norsk side nyttar fiskeriregelverket som ein reiskap mot russiske fiskarar, her med Vassilij Nikitin si minneverdige beskriving av den norske politikken slik: «Me jagar dykk ikkje ut, men de må vera ei høg slank blondine.» (Regnum 2010b). Dette peikar igjen på førestillinga om ein kamp om ressursar, der Noreg bruker alle middel for å få igjennom viljen sin. Dei norske krava vert dermed tydeleg identifisert som å vera retta mot russisk side i ein kamp om ressursar, Arktis vert ein stadig meir tydeleg premie, der ein stadig visar til dei store ressursane ein ventar å finne der.

Knytt til dette kan ein og sjå førestillinga om at Noreg ventar å få noko tilbake for dei sosiale programma som ein har gåande i Russland, det tydelegaste dømet på dette kan ein sjå då det vart klart at det franske oljeselskapet Total vart plukka ut som partner til Sjtokman-prosjektet. Statoil sin talsmann vert der spurt om denne avgjerda ville få innverknad på dei norske sosiale programma, noko han svarar avkreftande på. At spørsmålet i det heile vert stilt tyder på at ein ser ein samanheng mellom norsk stønad til sosiale prosjekt i Murmansk fylke og norske ønskje om å delta på russisk sokkel (Gazeta.ru 2007). Norske motiv for si støtte til Russland vert frå russisk side sett på som å ikkje vera frie for baktankar om økonomisk vinning, og om at dei norske prosjekta kan verta brukt som eit middel for å oppnå dette. Om dette ikkje beint fram tydar på eit bilete av Noreg som konkurrent, peikar det mot ei førestilling om at ein frå norsk side nyttar sosiale program som ei brikke i spelet om tilgang til petroleumsressursane i Barentshavet. Dette kan igjen tyde på ei meir generell oppfatning at statar berre handlar for eiga vinnings skuld: «Russland må forsvare sine interesser, no skal me ikkje overgje noko til nokon, slik skal me berre ikkje. Alle statar som har tilstrekkeleg styrke gjennomfører akkurat ein slik politikk.» (VZ 2008c).

Men Noreg si stilling som NATO-medlem er og ein sentral og kanskje lite uventa del av motstandar-framstillinga av Noreg særleg innan fiskeri og Arktis:

«I militærplanane har Nordishavet vorte ei sone av interesse for alle land: Russland har flåte der, hjå Noreg finst sjøstridskreftene til NATO og dei kontrollerer fiskeriet (Russland er foreløpig ikkje i forfatning til å beskytte sine båtar og sine rettar på naturrikdommane).» (VZ 2007)

Her vert Noreg dermed sett som å ha ryggdekning gjennom NATO og eit overtak over Russland og har dermed taket på fiskeriet. Her ser ein den

¹³ Formuleringa om den norske trålarterroreren og den fyrste trålarterroreren er merkverdig lik formuleringa i den fyrste artikkelen det vart vist til i empirikapittelet: (UTRO 2005) utan at dei er skrivne av same forfattar.

klassiske kald-krigs todelinga i artikkeltittelen med «konfrontasjon mellom intellekt og styrke».

Noreg kan og verta sett på som ein del av andre koalisjonar som har som mål å motarbeida Russland i Arktis som ein kan sjå her:

«USA, Noreg, Danmark og Canada gjennomfører ein einskapleg og koordinert politikk ved å ikkje sleppe Russland til rikdommane på sokkelen. Det kjem fram ein ide om at ein må forholde seg til Arktis som ein fellesarv for menneskeheten, medan ein har til hensikt å opna denne regionen for internasjonale oljeselskap. Dei har og ytra eit forslag om å underskriva ein internasjonal avtale om Arktis som etablerer eit tilsvarande internasjonalt styringsregime som Antarktis-traktaten.» (RG 2009)

4.1.4 Oppsummering

Denne diskursen er sentrert rundt story lines om eit Noreg som er både «eigenmektig» og vaktar sin posisjon på Svalbard på ein «sjukeleg» (AiF 2008a) måte mot alle russiske initiativ. Dette vitnar og om eit Noreg som nyttar ulike middel for å trygga sin posisjon på Russland sin omkostning, frå «trålarterror» (Utro 2005; NG 2008a) og arrestasjonar i fiskevernsone rundt Svalbard, ei sone som vart innført «einsidig» (VZ 2009e), til at ein får russiske samfunnsorganisasjonar til å gå sine ærend.

Dette er med å skape ei framstilling av Noreg som ein konkurrent som ønskjer å få Russland av bana og freistar å oppnå dette ved å bruke eit stort utval av middel, frå fiskeriregelverk, til miljøargument der russiske miljøorganisasjonar jobbar for dei som gjev dei pengar. Her ser ein spor av eit klassisk nullsum-spel der berre den eine sida kan vinne. Denne argumentasjonen vert tydelegare under debatten knytt til delelinjeavtalen i 2010 som eg kjem tilbake til seinare. Dette tankesettet kan ein sjå og innan atom og miljø: «[...]Det er ikkje tilfeldig at russiske samfunnsorganisasjonar som jobbar med pengar frå det norske utanriksdepartementet vier så mykje merksemd til Kola atomkraftverk, Andrejeva-bukta og flytande atomkraftverk.» (GTRK 2008).

Dermed teiknar ein eit bilete av eit Noreg som utnyttar russisk svakheit til å få sine interesser igjennom, noko som i sovjettida ville ha vore utenkjeleg. Men dette er likevel ikkje ein rein motstandar-diskurs. Det er sjeldan eit reint fokus på konflikt og todeling sjølv om dette og kan sjåast, særskilt når NATO kjem inn i biletet. Eg vil dermed argumentere for at det i sterkare grad er ei framstilling av Noreg som ein hard konkurrent, men at motstandarframstilling ikkje er langt unna når NATO kjem inn i biletet. Det er meir eit fokus på at ein frå russisk side ønskjer å få tilbake ein balanse og at ein ikkje skal: «[...]diktere kvarandre vilkår som det vart gjort frå norsk side.» (Regnum 2006c). Det visar og dette tekstutdraget frå NG seier:

«I Sovjetunionen si tid ville ein slik situasjon ha vore vanskeleg å førestille seg. På den tiden ville norske vakter [kystvakt] berre signalisere til sovjetiske trålarar at dei fiska i eit omstridd område. Ved sida av fiskarar fanst det nesten alltid skip frå nordflåten. I dag freistar Moskva faktisk å gjenoppretta status quo.» (NG 2008b)

4.2 Noreg som partner/førebilete

Den andre framstillinga av Noreg vil eg kalle partner/førebilete-diskursen der vert teikna eit mykje meir positivt bilete av Noreg, eit Noreg som på ein del område er lengre framme, her er petroleumssektoren kroneksemplet, som ein sektor der Russland har noko å læra av Noreg si langvarige erfaring med olje- og gassutvinning på sokkelen. Noreg kan og sjåast på som ein mogleg partner for samarbeid i Arktis utan at NATO-medlemskapen vert gløymd. Mens konkurrent/motstandardiskursen er meir retta mot dei eldre nordområdetema som fiskeri og Svalbard-spørsmålet er det den mykje nyare olje- og gassektoren som er det store haldepunktet innan partner/førebilete-diskursen. Det er ikkje dermed sagt at ein ikkje finn spor av denne diskursen innan område som fiskeri, noko dette tekstutdraget frå Novaja Gazeta kan vitna om:

«Sjølvsagt forstår me at russiske fiskarar treng å leve på ein eller annan måte og brødfø familiane sine. Me forstår at i desse vanskelege forholda som finst hjå dykk i Russland er ein klar for alt. Men forstå og oss. Me vil at det skal vera orden på havet. Viss ein ikkje stoppar piratfangsten av fisk vert det snart verken fisk eller fiskarar igjen. Det omhandlar alle, ikkje berre nordmenn.» (Novaja Gazeta 2006)

Men dette er ikkje den dominerande «forteljninga» og vert avvist allereie i ein kommentar på slutten av den same artikkelen, der den norske økologiske argumentasjonen vert sett på som eit skalkeskjul for å fremja norske fiskeriinteresser. Det er ikkje innan fiskeri at denne diskursen er mest sentral, sjølv om ein finn spor av den der og, til dømes fiskarar som snakkar om at det er enklare å levere fisk i Noreg og den norske kystvakta som i motsetnad til sine russiske kollegar har gode materielle føresetnader for å gjera jobben sin. Dermed kan ein kanskje seia at Noreg si bekjemping av tjuvfiske vert brukt som ein kontrast til russiske styresmakter sin politikk, eller mangel på politikk.

4.2.1 Pomorsona

Pomorsona har vore eit av dei prosjekta som har vore ein tydeleg del av den nye nordområdepolitikken, og som har ført fram til konkrete resultat gjennom opprettinga av ei grensesone på både norsk og russisk side av grensa, slik at dei som bur i sona fritt kan ferdast innanfor denne så lenge ein har er eit grensebuarbevis for grensekryssing. Denne sona var opprinneleg tiltenkt å vera ei industriell samarbeidssone som og skulle leggje til rette for ilandføring av olje og gass frå Barentshavet. Dette initiativet frå Barents 2020-meldinga vart og dekkja på russisk side. Dermed kunne ein spora eit visst motstridande bilete. Noreg og Russland vert fyrst

framstilt som naturlege partnerar i kraft av sin geografi: «Noreg og Russland har adgang til Barentshavet. Derfor vil me ikkje i første rekke arbeide med spanjolane og portugisarane, men med nordmennene.» (Regnum 2007a). Men seinare ser ein likevel ei litt anna framstilling:

«[...] Men dette prosjektet vert neppe realisert kjapt. Mellom Noreg og Russland er det mange motsetningar: militær-politiske og økonomiske. Nordmennene ønskjer å levere gods til USA gjennom sitt territorium og ikkje gjennom Murmansk. Det er meir innlysande å danne to enklaver, to pomorsoner: ei russisk og ei norsk. Eg støttar denne ideen varmt, sona ville gitt Murmansk fylke eit økonomisk og intellektuelt utbrudd.»
(Regnum 2007a)

Noreg er samstundes ein naturleg partner men, og ein konkurrent som kanskje er meir interessert i å mjøle si eiga kake. Her finn ein og ei ganske motstridande framstilling av Noreg med innslag av begge diskursane. Sona vart mellom anna teke opp året etter, og då kan ein finne ein av dei få konkrete referansane til norske planar og Barents 2020 (MBNEWS 2008). Her ser ein og konkrete referansar til norske løyvingar samt bruk av det russiske omgrepet tilsvarande det norske nordområdeomgrepet.

4.2.2 Petroleumssektoren

Sjølv om ein kan finne spor av denne diskursen og innan andre felt som fiskeri, så er det innan petroleumsfeltet at denne diskursen er mest sentral ved at biletet av Noreg som eit førebilete kjem tydelegast fram. Her kan ein finne story lines om at Noreg er lengre framme når det gjeldt arbeid på sokkelen, både når det gjeldt erfaring og teknologi, samt at Noreg har komme lengre når det gjeld utnyttinga av sokkelen i arktiske farvatn, noko som går på tvers av biletet ein kunne finne i norsk presse på same tid, som denne overskrifta peiker på: «På 20 år har Noreg bora 1500 brønner på arktisk sokkel, Russland 58» (Regnum 2007d). Dette er sjølv sagt ikkje utan eit visst konkurranseaspekt som ofte kjem opp i samband med artiklar om Arktis, men tanken om at dette er eit område der Noreg har kome lengre kjem og klart fram, som ein kan sjå her: «Ein av hovudkonkurrentane til Russland er Noreg. Men til forskjell frå Noreg har Russland praktisk talt ikkje starta utnyttinga av arktisk sokkel. I dag er det einaste prosjektet på planleggingsstadiet utbygginga av gass-kondensatfeltet Sjtokman.» (NG 2007b).

Noreg vert og trekt fram innan den innanlandske russiske debatten knytt til ordskiftet om Russland sin petroleumsbaserte økonomi. Både Statoil og den norske staten si direkte rolle i petroleumssektoren er noko som vert trekt fram som døme, der Statoil og Noreg sine freistingar på 80-90-talet på å få statleg kontroll over sokkelen, vert trekt fram av Kommersant. Noreg si stilling som eit velutvikla oljeproduserande land som på fleire områder, i alle fall innanfor petroleumssektoren og som eit land som har unngått den såkalla «ressursforbannelsen» (Vedomosti 2005) og dermed har noko som Russland kan lære av, er noko som kjem tydeleg fram. Noreg og norske selskap får og gode skussmål av Vladimir Putin fordi norske selskap i desse regionane «opptek ein av dei fyrste plassane» og har «ein utvikla infrastruktur i nord», selskapa «heldt seg til

saka» og setter ikkje nesa i været. Ei viss forbrødring kan kanskje og sporast:

«Våre naboar sitt arbeid med olje- og gassførekomstane i Nordsjøen byrja for nokre tiår sidan og den pågår framleis takka innføringa av ny teknologi berekna på å auka utvinninga frå kvar brønn. Russland og Noreg er dei største eksportørane av hydrokarbon utanfor OPEK.» (RG 2006)

Denne framstillinga ser ein igjen fleire gongar:

«Når ein snakkar om at det hadde vore bra å endre petroleumsorienteringa av økonomien vår finst det alltid tilhengarar av at alt skal vera som det var, som ein seier sjeldan er skifte betre. Ofte bruker desse folka Noreg som døme. Der seiest det at heile økonomien og er basert på hydrokarbon og at det ikkje er noko rart med dette, landet blomstrar og når det gjeld livskvalitet held ein seg på fyrste plass i verda. Når det gjeld dette gløymar dei dei viktigaste skilnadane som finst mellom den russiske og norske vegen.» (NG 2007e)

Her vert det peika på at Noreg vert brukt som eit døme på at det går an å ha ein vellukka petroleumsbasert økonomi.

4.2.3 Kampen om Arktis

Noreg si stilling i Arktis er og ein gjenteke tema der ein kan finne spor av begge diskursane, med Noreg som anten ein motstandar når NATO-medlemskapen vert trekt fram, men då ofte litt i skuggen av USA som ofte får rolla som den store stygge ulven, eller meir som berre eit av landa i «kampen om Arktis». Når det gjeld Arktis kan ein finna ulike representasjonar av Noreg, enten som eit NATO-land eller som ein av fleire arktiske aktørar. Her finn ein eit større innslag av openheit, der Noreg sin posisjon ikkje er fullstendig klarlagt. Dermed kan ein sjå mange utslag, frå ein konkurrent i Arktis med USA og NATO i ryggen som eg viste tidlegare, eventuelt som del av eit skandinavisk forbund i Arktis (VZ 2009a), eller og førestillingar om Noreg som ein mogleg partner i utnyttinga av Arktis (NG 2007c), og meir konkret som ein partner i kampen mot Canada (VZ 2010a). Her kan ein kanskje seie at det ikkje finst ein «hegemonisk» representasjon av Noreg i Arktis. Noreg si rolle i Arktis er ikkje er avklart. Eg ser derfor Arktis og som eit temaområde som overlappar begge diskursane.

4.2.4 Oppsummering

Diskursen om Noreg som førebilete/partner vil eg i utgangspunktet vurderer som svakare enn konkurrent/motstandar-diskursen, men den er likevel til stades på ein del felt, i hovudsak knytt til petroleumssektoren der den har sitt sterkaste fofeste. Når det gjeldt diskursane sin styrke, er dette ikkje eit omgrep som har meining innan diskursanalysen, men eg meiner å sjå at det er fleire artiklar som uttrykkjer konkurrent/motstandar-diskursen, samt at den er å finne i samband med fleire saksområde enn

den i hovudsak petroleumsretta partner/førebilete diskursen. Men dette styrkeforholdet ser ut til å ha vorte snudd i samband med inngåinga av delelinjeavtalen i Barentshavet der petroleumsfeltet kjem i framgrunnen. Dei vanlegaste story lines ein kan finne innan denne diskursen, viser til Noreg som eit land som har kome lengre i utvinninga av petroleumsressursar i Arktis, har betre teknologi, og som ein mogleg partner, i utgangspunktet i samband med Sjtokman. Noreg som ein vellukka petroleumsøkonomi er og ein faktor. Denne diskursen vert tydelegare i samband med delelinjestrident som eg vil vise nedanfor.

4.3 Delelinja som skiljelinje

Skilja mellom diskursane kjem tydelegare til syne i samband med debatten knytt til delelinjeavtalen, mens ein på motstandar-sida i høg grad finn fiskeri-argument og meir realpolitiske argument om at delelinja ville føra med seg avståingar til Noreg, der ein og finn døme på særskilt krass ordbruk, inkludert karakteristikkar som «fjortæderi» (AIF 2010b). Fiskeri vart dermed det mest sentrale saksområdet på motstandarsida i delelinjedebatten, i motsetnad til tilhengarsida der petroleumsargumenta var dei som kom klarast til syne og samarbeid og det ein kunne læra av Noreg var sterkt lagt vekt på. Argumenta for og imot delelinja følgde i stor grad skiljelinjene mellom dei to diskursane. For å kunne rettferdiggjere delelinjeavtalen var det nødvendig å trekka på framstillinga av Noreg som eit førebilete og mogleg partner, og på dette området var det petroleumsargumenta om Noreg som dermed vart nærmast einerådande, som mange av oppslaga i samband med annonseringa av delelinjeavtalen viser. Her er nokre døme som peikar mot jamnbyrdigheit mellom Noreg og Russland og som definitivt meir peiker mot framstilling av Noreg som mogleg partner og førebilete:

«Hovudsaka at territorielle problem ikkje forstyrrar utsiktene for russisk-norsk samarbeid i Arktis. Den norske eliten forsto den strategiske langtidstydinga av samhandling med Moskva. For oss er Noreg viktig som eit land som har leiande erfaring og teknologi i utnyttinga av arktisk sokkel.» (NG 2010a)

Dette ser ein og vidare med eit fokus på at delelinjeområdet er vorte delt på likt og at dette opnar for vidare samarbeid:

«Som Dimitri Medvedev sa, det at Russland og Noreg deler dette territoriet på likt inneber at det er mogleg at nokre førekomstar på dette territoriet kan utnyttast allereie no med felles krefter. Dimitrij Medvedev utelukkar heller ikkje det at det for dette må dannast felles selskap [bedrifter], men dette er ein tilleggsbonus til det tosidige forholdet.» (GTRK 2010)

Spørsmålet om naturressursane i Barentshavet, her vert krabbar, torsk og andre fiskeartar og nemnde og sett på som «ikkje lite viktige», men samanlikna med petroleumsressursane får dei ein annanrangs betydning. Delelinjeavtalen vert til slutt konkludert med å vera verken ein diplomatisk siger eller eit nederlag for Russland (Lenta 2010). Tittelen på

Rossijskaja Gazeta sin artikkel frå den 28. april er «Havet i to», og peikar dermed på ei deling snarare enn noka avståing frå Russland si side (RG 2010). Dermed meiner eg at ein her kan finna ei sterk kopling mellom positive oppslag rundt delelinjeavtalen og ei framstilling av Noreg som ein mogleg partner og førebilete med erfaring og teknologisk tyngde i petroleumssektoren.

Motstanden mot delelinjeavtalen kan ein i stor grad sjå grunna i fiskeriargument der ein blant anna seier rett ut at fiskeria kan verta ofra for gjera olje- og gassfolka til lags (AIF 2010a). Motstandarsida kom ut med ein mykje sterkare skyts som dette utdraget kan illustrere: «Nordmennene trudde til siste slutt ikkje på at avtalen vart underskriven, men Russland tok dette steget som no vert kalla ei enorm avståing og til og med forræderi.». Dette sitatet viser og meir tankegangen bak temaet:

«Norge kjem til å innføra sine reglar fullstendig velfundert rundt Spitsbergen. Våre fiskarar fiskar fortrinnsvis med trål og nordmennene med langline. Me kan tapa hundre tusenar av tonn med fisk. Nordmennene snakkar om gjennombrot og me får eit dokument som er hardare enn Sjevarnadze-Baker avtalen i Beringhavet.» (AIF 2010b)

Tanken om at avtalen er noko som Noreg planlegg å følgje i eit par år før ein vil kaste ut russiske fiskarar frå norsk side, av Barentshavet finn ein tydeleg artikulert (Regnum 2010b). Fiskeriregelverket på norsk side vert her sett på som ein reiskap som kan nyttast mot russiske fiskarar, og peiker mot ei førestilling om at Noreg ønskjer fiskeria i Barentshavet for seg sjølv og at delelinjeavtalen er eit steg på vegen mot dette. Her ser ein igjen tanken om Noreg som ein realpolitisk konkurrent som vil bruke alle middel for å få eit overtak, komma tydeleg opp til overflata, i skarp kontrast til budskapet om partnerskap og samarbeid som ein finn på tilhengarsida. Mens dei positive oppslaga rundt delelinjeavtalen kan sjåast i både nasjonale og regionale kjelder, finn ein i hovudsak dei negative oppslaga i dei regionale kjeldene utan at materialet mitt på dette området gjev grunnlag for å trekkje nokon heilt bestemt konklusjon.

Delelinjestriden snur til ein viss grad det normale styrketilhøvet mellom diskursane på hovudet, der ein vanlegvis finn eit sterkare innslag av konkurrentdiskursen, ser ein her i mykje større grad at det er førebilete/partnar-framstillinga som vinn fram. Dette er den diskursen som gjev handlingsrom og støtte til inngåing av delelinjeavtalen. Dermed vert denne diskursen drege sterkare fram for å opne for denne moglegheita, ei framstilling av Noreg som motstandar som vil Russland og russisk fiske til livs i Barentshavet, kan vanskeleg sjå å opna for denne typen avtalar og samarbeid slik at ein då må trekke på den allereie eksisterande diskursen om Noreg som førebilete og mogleg partner. Denne kjem dermed sterkare opp i dagen. Petroleumssektoren der Noreg allereie står sterkt og vert sett positivt kjem i forgrunnen. Diskursane kan ikkje i seg sjølv forklare kvifor til dømes ei avgjerd vart fatta, men skapar meiningsrommet som gjer handlingar moglege eller utenkelege, partner/førebilete-

diskursen opnar dermed for delelinjeavtalen på ein måte som nærast er utenkeleg innan konkurrent/motstandar-diskursen.¹⁴

4.4 Den nye nordområdepolitikken i russisk presse

Norsk nordområdepolitikk går innom mange saksområde og har ein lang historie som den historiske gjennomgangen i kapittel 2 viser, med mange av sakskompleksa sitt utspring i den kalde krigen. Sentrale tema som går igjen i russisk presse, som fiskeri og Svalbard, har ein mykje lengre historie enn nordområdeomgrepet på norsk side. Frå norsk side vert 2005 eit naturleg startpunkt for å sjå på den nye nordområdepolitikken sin oppkomst. Men denne oppdelinga verkar mykje meir kunstig når ein går igjennom russiske kjelder. Her finn ein oftare referansar til Svalbard-traktaten, med ein forhistorie tilbake til 1920-talet og til norsk-russisk fiskerisamarbeid som vart formalisert på 1970-talet og fiskevernsona rundt Svalbard frå same tiår. Desse områda fell utanfor tidsramma for artiklane i denne rapporten, men har likevel vore med på forminga av førestillingar om Noreg og norsk politikk som framleis er med oss i dag. Nordområdepolitikken etter 2005 er berre ein del av ein mykje større mosaikk som dannar det samansette biletet av Noreg sin utanrikspolitikk i nordområda i russisk opinion og presse. Men petroleumsdimensjonen som har ein viktig plass innan den nye norske nordområdepolitikken har fått ei stadig sterkare stilling og har vakse fram som eit av hovudtemaa. Petroleumssektoren har vore tydeleg uttalt som eit av hovudområda for den nye nordområdepolitikken og har definitivt fått merksemd på russisk side. Det kan sjølvstund diskutert om dette er meir ein «Sjtokman-effekt» og at dette er ein ide som tida er komen for, men petroleumssektoren er både sentralt dekkja i den norske nordområdepolitikken og i russisk presse. Her er ikkje «Energidimensjonen løfter seg fram som den kanskje viktigste i nordområdene.» (Gahr Støre J.) langt frå sanninga. Andre suksesshistoriar kan ein og sjå når det gjeld pomorsona som og har fått gjennomslag om enn i ei anna form enn ein kunne sjå i dei opphavlege handlingsplanane. Sett i denne samanhengen burde det nok ikkje vera forbausande at hovudtyngda av dekninga av norsk nordområdepolitikk ikkje er den nye nordområdepolitikken, men meir blant eldre saksområder. Den norske nordområdepolitikken og dei russiske reaksjonane på han, må dermed sjåast i ein mykje breiare samanheng for at ein skal kunne freista å forstå dei. Som haldepunkt i den russiske debatten og diskursane om Noreg, er framleis Svalbard-traktaten mykje meir sentral som eit knutepunkt for den russiske debatten og forståinga av nordområdepolitikken, enn til dømes det offentlege dokumentet Barents 2020. Det same kan ein og sjå med Elektron-saka, som og har prenta seg inn i diskursen ved at denne vert vist til i alle oppslag om norske arrestasjonar av russiske trålarar, og dermed er med å organisere den russiske forståinga på ein måte som stortingsmeldingar ikkje kan konkurrere med. Når det gjeld dei russiske diskursane om Noreg, kan ein

¹⁴ Her kan det sjølvstund innvendast at grunnen til dette er at olje og gass faktisk er drivkrafta og at ein utifrå dette vil ytre akkurat denne typen argumenter, dette har sannsynlegvis mykje for seg, men står utanfor diskursanalysen sitt domene.

kanskje sei at dei gamle framleis er eldst. Dei sakskompleksa som har dominert det norsk-russiske eller norsk-sovjetiske tilhøvet, er framleis dei viktigaste med petroleumssektoren sin oppkomst som eit heiderleg unnatak. Dette betyr ikkje at det ikkje finst noka forståing av norsk nordområdepolitikk, men denne har ikkje den heilskaplege karakteren som pregar den norske forståinga av nordområda.

Den russiske forståinga er i større grad sektorprega, der det i visse område kan vera overlapping og i andre ikkje. Men ein kan på eit meir lokalt plan finna ein sterkare bevisstheit knytt til dette, områda der dei norske pengane faktisk vert motteke dekker dette på ein annan måte enn mykje av det ein kan finne i den nasjonale pressa, norske handlingsplanar vert slått opp og samarbeidet vert rapportert om. Men for å nå ut til den breiare opinionen i Russland er ikkje dette nok, då er det heller større hendingar som trengst for å nå igjennom til den nasjonale pressa, som til dømes Elektron-saka eller inngåinga av delelinjeavtalen. Til sjuande og sist er perspektivet på nordområda eit ganske anna frå Moskva enn frå Oslo, mens nordområda er nærast garantert ein sentral plass i norsk utanrikspolitikk i kraft av sin storleik, er dei frå Moskva berre ein av dei utanrikspolitiske arenaene som kan viast merksemd. Nordområdepolitikken til Noreg vert dermed berre ein liten fisk i ein stor dam når det gjeld å kjempa om merksemda i media i eit land med meir enn 140 millionar innbyggjarar og ni tidssoner. Det er ikkje nordområdesatsingane som får gjennomslag, men heller konkrete hendingar enten ein snakkar om norske fiskeriinspektørar som vert «bortførde» eller underskriving av delelinjeavtalen i Barentshavet.

Men på eit meir regional plan kan ein sjå at nordområdepolitikken vert teken meir opp, den lokale pressa i Murmansk er ofte meir lydhør overfor norske initiativ og satsingar, på ein ganske annan måte enn den nasjonale pressa, som vanskeleg kan tenkast å ta opp norske nordområdesatsingar utan at det har skjedd noko ekstraordinært. I dette tilfellet vert det tydeleg at i alle fall av og til er Kirkenes nærare Murmansk enn Moskva. Ein kan på eit meir regionalt plan sjå at og andre typar nordområdesatsingar vert dekkja, som til dømes folk-til-folk tiltak (AiF 2008b), og ei sterkare merksemd til atom- og miljøtiltaka, både når det gjeld utsleppa frå smelteverket i Nikel' (MBNEWS 2009) og til atomsikkerheitstiltaka i Andrejeva-bukta og meir generelt i Murmansk fylke (GTRK 2008; AiF 2007a og GTRK 2007a), om enn ikkje med alltid udelt positive ordlag om norske motiv. Her er det naturleg at mange av tiltaka som i hovudsak er knytt mot meir regionale satsingar berre vert plukka opp på eit regionalt nivå. Noko som og kan kanskje tyde på at ei viss rutine har senka seg over ein del av desse tiltaka. Ein kan og sjå bruk av omgrep som til dømes Barentsregion i den regionale pressa i motsetnad til den nasjonale, men her gjev ikkje materialet mitt grunnlag for å trekkja bastante konklusjonar.

Den norske nordområdepolitikken femnar vidt og inneheld mange ulike problemkompleks. Derfor kan ikkje alle desse ventast å få ei like brei dekning i den russiske pressa, det er til dømes ikkje nokon større medvit om at det frå Noreg si side er noko som heiter nordområdepolitikk. Tiltaka som frå Noreg si side vert sett på som å høyra naturleg saman i den norske nordområdediskursen får i sin russiske samanheng sin eigen

plass, lausrive frå dei koplingane som dei vert tillagde i sin norske samanheng. Det er framleis dei store tunge og tradisjonelle saksområda som fiskeri og Svalbard, som har ein lang forhistorie, som dominerer. Dette saman med petroleumssektoren, som har fått sin framvekst under, eller samstundes med, nordområdesatsinga står og sentralt. Arktis er og eit stort tema som får mykje nasjonal merksemd. Andre typar tiltak har vanskelegare for å få gjennomslag på eit nasjonalt plan. Det er eit stort tilfang frå norsk side av nordområdetiltak, der det er store skilnadar mellom kva typar tiltak som får merksemd. Med ein definisjon av nordområdepolitikk som norsk utanrikspolitikk i nordområda (Hønneland G. og Jensen L.C. 2008:20) ser ein at norsk politikk får merksemd i varierende grad og at den aukar i samband med konkrete hendingar. Dersom ein ser på nordområdesatsinga som ein heilskap, er det ikkje mykje i den russiske dekninga som tyder på at det finst ei forståing av denne, ein finn heller ei meir lausriven tilnærming frå saksområde til saksområde.

5 Oppsummerande betraktningar

5.1 Konklusjon

Det er to ulike diskursar om Noreg som enten ein konkurrent, og kanskje og motstandar, eller ein med ei meir positiv innstilling til Noreg der ein ser Noreg som førebilete og mogleg partner. Desse to diskursane følgjer ofte tematiske skiljelinjer der Svalbard og fiskeri er hovudtemaa i konkurrent/motstandar-diskursen. I denne diskursen får ein ei framstilling av eit Noreg som ein hard konkurrent som brukar mange middel for å svekka Russland sin posisjon og dermed styrka seg sjølv på Russland sin kostnad. Det er ein hard kamp om ressursane som gjeld, der det berre kan vera ein vinnar. Her ser ein og gjerne eit Noreg som har ryggdekning frå USA og NATO og som nyttar denne til å legge press på Russland. Men ein ser i hovudsak Noreg som ein hard konkurrent og ikkje beint fram som ein motstandar.

Den andre diskursen teiknar eit meir positivt bilete av Noreg. Der ser ein eit Noreg som ein frå Russland si side har noko å lære av, og som kan verta ein partner. Denne diskursen er sterkare knytt til petroleumssektoren, Noreg vert der sett på som ein læremeister med lang erfaring og teknologi for utnytting av petroleumsressursane på sokkelen som Russland kan tene på å samarbeide med. Denne diskursen kan ein og finne innslag av i andre saksområder, men det er i hovudsak når det kjem til petroleum at denne har sitt sterkaste fotfeste. Denne diskursen er i utgangspunktet svakare¹⁵ enn konkurrent/motstandar-diskursen som har fleire strengar å spela på. Men denne situasjonen snudde seg i samband med delelinjeavtalen der tilhengarane av avtalen i stor grad mobiliserte denne diskursen i støtte for avtalen, medan motstandarane i høg grad fall tilbake på dei sedvanlege fiskeriargumenta frå konkurrent/motstandar-diskursen. Partner/førebilete-diskursen gav dermed det handlingsrommet som var nødvendig for å kunne rettferdiggjere inngåinga av delelinjeavtalen med Noreg, noko som hadde vore nærast umogleg med det biletet som vert teikna av Noreg i konkurrent/motstandar-diskursen.

Dekninga av norsk nordområdepolitikk er i stor grad ujamn og avheng av saksområde. Nokre saksområde har sjølvstøtt større gjennomslagskraft enn andre, her har ein i hovudsak tema med ein lengre forhistorie som Svalbard-spørsmålet med vernesona og fiskeria. Samstundes kan ein og sjå at petroleumssektoren og Arktis har vakse fram som sentrale saksområder. Men sjølv om desse temaa vert dekkja, så er det vanskeleg å spora noko medvit om at desse høyrer heime under noko nordområdeomgrep som står så sentralt på norsk side. Medan den faktiske politikken vert plukka opp, så ser ein ikkje at nordområdeinitiativa i seg sjølv får merksemd, med unntak av ei eller anna referanse til ein handlingsplan. Det er i stor grad ei meir fragmentert framstilling av Noreg sin politikk som gjeld, der framstillinga av Noreg varierer frå saksområde til saksområde.

¹⁵ «Styrkeforholdet» er eg innom i punkt 4.2.4.

5.2 Avsluttande kommentarar

Denne todelinga av diskursane om den norske nordområdepolitikken kan peike tilbake på ein sentral debatt og ei skiljeline i russisk historie, mellom dei vestvendte og dei slavofile. Forholdet mellom Russland og Europa har vore karakterisert av ei usemje mellom dei som meinte at ein burde lære frå Europa sine politiske og økonomiske modellar (Neumann I. B. 1996:28), dei vestvendte, og dei som meinte at Europa var dekadent eller til og med røte (Ibid:38), dei slavofile, slik at ein dermed burde halde avstand og heller fokusere på seg sjølv og verga seg mot skadeleg påverknad utanfrå. Dei slavofile vaks ut av ein romantisk nasjonalisme med sitt fokus på tradisjonell russisk kulturell praksis. Dei såg Europa som moralsk underlegent og dermed måtte ein stå imot påverknad derifrå (Ibid:26). I 1840-åra krystalliserte desse to posisjonane seg som skulle stå steilt mot kvarandre. Her vart spørsmålet om Russland skulle sjå seg sjølv om ein del av Europa og ta inn impulsar derifrå, eller om Russland sto utanfor eit Europa som var på veg mot undergangen og heller burde sjå innover, heilt sentralt i russisk politisk tenking. Den vestvendte, liberale tilnærminga til Europa er ifølgje (Neumann I.B. 1996:200): «The proposed relationships with Europe are, therefore, those of partnership or apprenticeship.» Denne debatten kan sjåast som ein pendel som har svinga fram og tilbake i russisk historie. Russland sitt forhold til Europa har vore som forholdet til ein læremeister ein ønskjer å verte meir lik og ei kjelde til modernisering, for å verta kvitt sin «primitivitet» i forhold til Europa sine overlegne økonomiske og politiske modellar, eller i den andre ytterkanten som tilhøvet til ein fiende som ønskjer ein vondt, der Napoleon og Hitler kan stå som døme på at det ikkje har vore ei grunnlaus frykt. Desse spenningane har og tidlegare fått Russland til å venda seg frå Europa:

«In the nineteenth century, tensions of this kind made the state evolve a doctrine of 'official nationality'. Should the state continue its present slide in the direction of Romantic nationalism, it may once again evolve a doctrine of this kind. And in doing so, it may come to emphasise that the relationship with Europe is less and less of a partnership, and more and more of a competition.» (Neumann I.B. 1996:209)

Inn i desse utslaga av pendelen, mellom eit bilete av eit Europa som førebilete og eit bilete av eit Europa som vil ein vondt, kjem og Noreg. Her ser ein enten ei framstilling av eit «eigenrådig» (NG 2008b). Noreg som ønskjer å presse Russland, eller eit Noreg som har «[...] leiande erfaring og teknologi i utnyttinga av arktisk sokkel.»¹⁶ (NG 2010a). Inn i denne mykje større diskursen om forholdet mellom Russland og Europa kjem og Noreg og norsk nordområdepolitikk inn, for både å setje sine avtrykk i denne, men samstundes vil og resultatata av korleis denne

¹⁶ Noreg er og eit av dei vest-europeiske landa som vert særskild nemnd i Russland sitt utanrikspolitiske konsept frå 2008, då som eit land ein ønskjer fordelaktige bilaterale forbindelsar med. Dette for å fremja: «[...] Russia's national interests in the European and world affairs, as well as contributing to putting the Russian economy on an innovative track of development.» (FOREIGN POLICY CONCEPT).

debatten utspelar seg, no og i framtida, ha ei avgjerande tyding for korleis Noreg og norsk nordområdepolitikk får gjennomslag overfor Russland.

Når det gjeldt saker som det kan vera verdt å ta ein nærare kikk på er bruken av uttrykk som «Barentsregion» i den regionale pressa eit interessant moment. Samanlikna med den nasjonale pressa er det mykje meir bruk av Barents-omgrep i den regionale pressa noko som kanskje kan peika vidare mot ei forming av ein eigen «barentsidentitet» som var eit av måla med Barentssamarbeidet. Dette har vore utanfor rammene for mitt prosjekt og men kan vera eit interessant område for vidare oppfølging.

Referanseliste

Bøker:

- Hajer, M. A. 1995. «*The Politics of Environmental Discourse: Ecological Modernization and the Policy Process*», New York: Oxford University Press
- Hønneland G. 2005. «*Barentsbrytninger: Norsk nordområdepolitikk etter den kalde krigen*», Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Hønneland G. 2003. «*Russia and the West*», New York: Routledge.
- Hønneland G. og Jensen L.C. 2008. «*Den nye nordområdepolitikken: Barentsbilder etter årtusenskiftet*», Bergen: Fagbokforlaget.
- Hønneland G. og Jørgensen J.H. 2006. «*Moderne russisk politikk: En innføring i Russlands politiske system*», Bergen: Fagbokforlaget.
- Hønneland G. og Rowe L. 2010. «*Nordområdene – hva nå*», Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- Mathisen W. C. 1996. «*Diskursanalyse for Statsvitere: Hva, hvorfor og hvordan.*». Forskningsnotat/Working Paper, Universitetet i Oslo: Institutt for statsvitenskap.
- Neumann I. B. 2001. «*Mening, Materialitet, Makt: En innføring i diskursanalyse*», Bergen: Fagbokforlaget.
- Neumann I. B. 1996. «*Russia and the idea of Europe*», New York: Routledge.
- Jørgensen J. H. 2010. «*Russisk svalbardpolitikk: Svalbard sett fra den andre siden*», Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- Jørgensen M. W. og Phillips L. 1999. «*Diskursanalyse som teori og metode*», Frederiksberg: Roskilde Universitetsforlag.

Elektroniske kjelder:

- Barentsobserver 2011a. «Prirazlomnoye drilling in September, Barentsobserver.com», 07.04.11, <http://www.barentsobserver.com/prirazlomnoye-drilling-in-september.4940008-16178.html>, vitja 01.08.11
- Barentsobserver 2011b. «Shtokman start-up might be delayed, Barentsobserver.com», 17.06.11, <http://www.barentsobserver.com/shtokman-start-up-might-be-delayed.4934319-16334.html>, vitja 01.08.11
- Barentsobserver 2011c. «Postpones Shtokman decision until after Presidential election», - 30.12. 11, Barentsobserver.com, <http://www.barentsobserver.com/index.php?id=5002641> ,vitja 02.02.2012
- BBC 2008. «The Press in Russia», 16.05.08, news.bbc.co.uk, <http://news.bbc.co.uk/2/hi/europe/4315129.stm>, vitja 06.07.11

- FOREIGN POLICY CONCEPT. «THE FOREIGN POLICY CONCEPT OF THE RUSSIAN FEDERATION», 12.07.08,
<http://archive.kremlin.ru/eng/text/docs/2008/07/204750.shtml>,
vitja 11.02.12
- Gahr Støre J. «Et hav av muligheter - en ansvarlig politikk for nordområdene», Tale av utenriksminister Jonas Gahr Støre, Universitetet i Tromsø, 10.11.05
http://www.regjeringen.no/nb/dep/ud/aktuelt/taler_artikler/utenriksministeren/2005/et-hav-av-muligheter---en-ansvarlig-poli.html?id=273194, vitja 04.02.2012
- Kadis.ru. «Dekret om erklæring av territorium av land og øyer i Nordishavet, 15. april 1926, Presidiumet til Den sentrale utøvande komité SSSR», «ПОСТАНОВЛЕНИЕ от 15 апреля 1926 года ОБ ОБЪЯВЛЕНИИ ТЕРРИТОРИЕЙ СОЮЗА ССР ЗЕМЕЛЬ И ОСТРОВОВ, РАСПОЛОЖЕННЫХ В СЕВЕРНОМ ЛЕДОВИТОМ ОКЕАНЕ) ПРЕЗИДИУМ ЦЕНТРАЛЬНОГО ИСПОЛНИТЕЛЬНОГО КОМИТЕТА СССР»
<http://www.kadis.ru/texts/index.phtml?id=18601>, vitja 07.03.11
- Kontinentalsokkelkonvensjonen. «1958 Convention on the Continental Shelf»,
http://untreaty.un.org/ilc/texts/instruments/english/conventions/8_1_1958_continental_shelf.pdf, vitja 06.04.11
- Levada. Levada.ru, «Russland sin utanrikspolitiske kurs», «Внешнеполитический курс России», 21.03.11,
<http://www.levada.ru/21-03-2011/vneshnepoliticheskii-kurs-rossii>, vitja 02.02.12
- Meld. St. 7 (2011-2012). Regjeringen.no, Utenriksdepartementet, «Nordområdene: Visjon og Virkemidler», 18.11.11,
<http://www.regjeringen.no/pages/35878716/PDFS/STM201120120007000DDDPDFS.pdf>, sist vitja 09.02.12
- Meld. St. 10 (2010–2011)a. Regjeringen.no, Miljøverndepartementet, «Oppdatering av forvaltningsplanen for det marine miljø i Barentshavet og havområdene utenfor Lofoten», Meld. St. 10 (2010–2011) 3.2 Særlig om miljøstatus i tidligere omstridt område
<http://www.regjeringen.no/mobil/nb/dep/md/dok/regpubl/stmeld/2010-2011/meld-st-10-2010-2011/3/2.html?id=637893>, vitja 24.05.11
- Meld. St. 10 (2010–2011)b. Regjeringen.no, Miljøverndepartementet, «Oppdatering av forvaltningsplanen for det marine miljø i Barentshavet og havområdene utenfor Lofoten», Meld. St. 10 (2010–2011) 5.1.3 Radioaktivitet
<http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/dok/regpubl/stmeld/2010-2011/meld-st-10-2010-2011/5/1/3.html?id=637950>, vitja 28.04.11
- Meld. St. 30 (2004-2005). Regjeringen.no, Utenriksdepartementet, St.meld. nr. 30 (2004-2005) «Muligheter og utfordringer i nord», 3.3 Fiskevernsonen ved Svalbard,
<http://www.regjeringen.no/nb/dep/ud/dok/regpubl/stmeld/20042005/stmeld-nr-30-2004-2005-/3/3.html?id=407559>, vitja 11.02.12

- MID RF RIA.RU. «Russisk UD: Avtalen med Noreg skadar ikkje RF sin posisjon vedrørende Spitsbergen», «МИД РФ: договор с Норвегией не наносит ущерб позиции РФ по Шпицбергену», 25.03.11, <http://ria.ru/politics/20110325/357713047.html>, vitja 06.02.12
- Regnum.ru. «Dimitrij Semusjin: «Pomorhysteriet»: Når i russisk Arktis byrjar Noreg «å føre forhandlingar med pomorane», og ikkje med Russland? », «Дмитрий Семущин: "Поморская истерия": когда в Русской Арктике Норвегия будет "вести переговоры с поморами", а не с Россией?», 17.12.11, <http://www.regnum.ru/news/1480753.html>, vitja 03.02.2012
- Regjeringen Fiskerisamarbeid. Regjeringen.no, «Fiskerisamarbeidet med Russland», sist oppdatert – juni 2010 http://www.regjeringen.no/nb/dep/fkd/tema/fiske_og_fangst/internasjonalt_samarbeid_om_fiskeri/fiskerisamarbeidet-med-russland.html?id=376440, vitja 05.05.11
- Regjeringen NØS. Regjeringen.no, «Norsk økonomisk sone», sist oppdatert – 19.08.11, <http://www.regjeringen.no/nb/dep/fkd/tema/ressursforvaltning/norges-okonomiske-sone.html?id=434515>, vitja 13.02.12
- Regjeringen 2010. Pressemelding, 08.10.2010 Nr.: 69/2010 Regjeringen.no, «Enighet om norsk-russisk fiskeritavtale for 2011», 08.10.2010, <http://www.regjeringen.no/nb/dep/fkd/pressemeldinger/2010/enighet-om-norsk-russisk-fiskeritavtale-f.html?id=620530>, vitja 27.04.11
- SMI.RU AIF. «Katalog SMI Argumenty i fakty», <http://www.smi.ru/sources/8/>, vitja 04.08.11
- SMI.RU RG. «Katalog SMI Rossijskaja Gazeta», <http://www.smi.ru/sources/44/>, vitja 06.07.11
- SMI.RU NG. «Katalog SMI Nezavisimaja Gazeta», <http://www.smi.ru/sources/1/>, vitja 06.07.11
- SMI.RU GTRK. «Katalog SMI GTRK-Murman», www.smi.ru/sources/803/, vitja 02.02.2012
- Svalbardtraktaten. «Traktat*) mellem Norge, Amerikas Forenede Stater, Danmark, Frankrike, Italia, Japan, Nederlandene, Storbritania og Irland og de britiske oversjøiske besiddelser og Sverige angående Spitsbergen undertegnet i Paris 9 februar 1920.», norsk tekst: <http://www.lovdato.no/traktater/text/tra-19200209-001.html>, sist vitja 13.02.2012
- UD Delelinjeavtalen. Regjeringen.no, Nyhet, Delelinjeavtalen trer i kraft 7. juli 2011, <http://www.regjeringen.no/nb/dep/ud/aktuelt/nyheter/2011/delelinje-avtalen-trer-i-kraft.html?id=651349>, vitja 06.02.2012
- UD Nordområdeportalen. Regjeringen.no, Nordområdeportalen, <http://www.regjeringen.no/nb/dep/ud/kampanjer/nordomradeportalen.html?id=450629>, vitja 31.08.11

Artikkelliste:**2005:**

- Kommersant 2005a. «Prilozhenie k gazete «Kommersant»», *Pjotr Sapozhnikov: «Dobytsja – delo gosudarstvennoe»*, no 235 (3319), 14.12.2005, www.kommersant.ru/doc/633376, sist vitja 05.02.2012
- Kommersant 2005b. «Prilozhenie k gazete «Kommersant»», Bjørn Lerøen: «*Vremja i mesto*», no 235 (3319), 14.12.2005, <http://www.kommersant.ru/doc/633372>, sist vitja 05.02.2012
- Novaja Gazeta 2005. Novaja Gazeta, N.N: «*Vedro na Masjte*» nr 78 den 20.oktober 2005, <http://www.novayagazeta.ru/data/2005/78/26.html?print=2011300509>, sist vitja 05.02.2012
- Regnum 2005. Regnum.ru, N.N: «*Utsjastije Norvegija v osnovenii Rossii dolzjno zaviset' ot resjenja voprosa o Sjpitsbergene: Valentin Luntsevitj, Murmanskaja Oblast'*», 18.11.2005 <http://www.regnum.ru/news/546394.html>, sist vitja 05.02.2012
- Utro 2005. Utro.ru, *Andrej Milovzorov: «Norvegija gonit Rossiju iz Arktiki»*, 1.11.05, <http://www.utro.ru/articles/2005/11/01/491058.shtml>, sist vitja 05.02.2012
- Vedomosti 2005. Vedomosti, Vitalij Tambovtsev: «*Strana i Neft': Resursy i natsionalizm*» 08.12.2005, www.vedomosti.ru/newspaper/article/100541/, sist vitja 30.05.2011

2006:

- Kommersant 2006. Kommersant, *Svetlana Mentjukova og Maria Sjevtsjenko: «Rossel'khoznadzor glusjit norvezjskij losos'»*, 27.10.06, <http://www.kommersant.ru/doc/716937/print>, sist vitja 05.02.2012
- Lenta 2006. Lenta.ru, N.N: «*Norvegija zaderzjala v Barentsevom more rossijskij trauler «Opon»*», 22.03.2006, <http://lenta.ru/news/2006/03/22/opon/>, sist vitja 05.02.2012
- Novaja Gazeta 2006. Novaja Gazeta, *Nikolaj Donskov: «V Barentsevom More dejstvuuet vseмирnaja set' brakonerov»*, nr 84, 6. november 2006, <http://novgaz.ru/data/2006/84/22.html?print=201101061054>, sist vitja 05.02.2012
- Regnum 2006a. Regnum.ru, N.N: «*V Norvegii natsjinaetsja slusjanie po delu arestovannogo arkhangel'skogo sudna*», 15.03.2006, <http://www.regnum.ru/news/606598.html>, sist vitja 05.02.2012
- Regnum 2006b. Regnum.ru, N.N: «*Kapitany rossiskikh sudov, zaderzjannykh v Norvegii, opravdany*» 06.04.2006, <http://www.regnum.ru/news/619433.html>, sist vitja 05.02.2012
- Regnum 2006c. Regnum.ru, N.N: «*Ja znal, sjto spravedlivost' vostorzjestvuet: zamdirektora Arkhangel'skogo tralovogo flota o resjenii Norvezjskogo suda*», 07.04.2006, <http://www.regnum.ru/news/619885.html>, sist vitja 05.02.2012

- Regnum 2006d. Regnum.ru, N.N: «*V regione sozdany vse uslovija dlja brakon'erstva: predstavitel' Pravitel'stva Murmanskoj Oblasti*», 29.06.2006, <http://www.regnum.ru/news/665241.html>, sist vitja 05.02.2012
- Regnum 2006e. Regnum.ru, N.N: «*V Arkhangel'ske proidjot zasedanie Barents programmy po bor'be s VITSJ/SPID*», 01.11.06, <http://www.regnum.ru/news/731362.html>, sist vitja 05.02.2012
- Regnum 2006f. Regnum.ru, N.N: «*Rosatom i MID Norvegii podpisali soglasjenie o sotrudnitsjestve*», 05.12.06, <http://www.regnum.ru/news/750003.html>, sist vitja 05.02.2012
- RG 2006. Rossijskaja Gazeta, *Mikhail Subbotin*: «*Potomki vikingov na rossijskom sjel'fe*», 15.08.06, <http://www.rg.ru/2006/08/15/neft-norvegia.html>, sist vitja 05.02.2012
- VZ 2006. Vzgljad, N.N: «*RF i Norvegija sozdadut okhranjaemye zony v Arktike*», 08.11.06, <http://www.vz.ru/news/2006/11/8/56244.html>, sist vitja 05.02.2012
- 2007:**
- AiF 2007a. AiF na Murmane, Sergej Surovtsev: «*Den'gi vloženy ne ztja*» no 32, 08.08.2007, http://murman.aif.ru/issues/1397/01_01?print, sist vitja 05.02.2012
- AiF 2007b. AiF na Murmane, Sergej Surovtsev: «*Kto tsjinit prepjatstvija rybakam?*», no. 35, 29.08.2007, http://murman.aif.ru/issues/1400/08_01?print, sist vitja 05.02.2012
- AiF 2007c. AiF na Murmane, Sergej Surovtsev: «*Druzjba severnykh sosedej*», no. 37, 12.09.2007, http://murman.aif.ru/issues/1402/01_01?print, sist vitja 05.02.2012
- Gazeta.ru 2007. Gazeta.ru, N.N: «*Statoil v nedoumenii ot resjenja «Gazproma» po Sjtokmanu*», 12.07.2007, http://www.gazeta.ru/news/business/2007/07/12/n_1092275.shtml, sist vitja 05.02.2012
- GTRK 2007a. GTRK-Murman, Elena Belkina: «*Mezjdunarodnye eksperty postojanno inspektirujut khranilisjtsje*», 05.06.2007, <http://murman.rfn.ru/rnews.html?id=18269>, sist vitja 05.02.2012
- GTRK 2007b. GTRK-Murman, *Tatjana Suvalova*: «*Kirkenes davno nazyvajut vtorym portom Murmanska*», 09.06.2007, <http://murman.rfn.ru/rnews.html?id=18335>, sist vitja 03.06.2011
- GTRK 2007c. GTRK-Murman, Elena Belkina: «*Issledovanija vozdukhha v obeikh storon rossijsko-norvezjskoj granitsy otlitsjajutsja na porjadok*», 10.08.2007, <http://murman.rfn.ru/rnews.html?id=18977>, sist vitja 05.02.2012
- GTRK 2007d. GTRK-Murman, *Elena Belkina*: «*Gubernatora nagradili norvezjskim korolevskim ordenom «Za zaslugi*», 07.09.2007, <http://murman.rfn.ru/rnews.html?id=19253>, sist vitja 05.02.2012
- Kommersant 2007a. Kommersant, *Elina Bilevskaja*: «*Kapitan «Elektrona» vystupil kak geroj*», 21.04.2007, <http://www.kommersant.ru/doc/760941/print>, sist vitja 05.02.2012

- Kommersant 2007b. Kommersant, *Elina Bilevskaja*: «*Odna zona na dvoikh*», 08.06.2007, <http://www.kommersant.ru/doc/772740/print>, sist vitja 05.02.2012
- Kommersant 2007c. Kommersant, *Petr Netreba*: «*Spitsjbergen dotirujut na uslovijakh 1920 goda*», 15.10.2007, <http://www.kommersant.ru/doc/814972/print>, sist vitja 05.02.2012
- Lenta 2007. Lenta.ru, *Aleksandr Berditsjevskij*: «*Rassjirenje na sever*» 28.06.2007, <http://lenta.ru/articles/2007/06/28/arktika/>, sist vitja 05.02.2012
- NG 2007a. Nezavisimaja Gazeta, *Sergej Minenko*: «*Povorot ot moskovskikh vorot*», 09.02.2007 http://www.ng.ru/events/2007-02-09/10_povorot.html, sist vitja 05.02.2012
- NG 2007b. Nezavisimaja Gazeta, *Andrej Sjtsjegolev*: «*Bitva za arktitsjeskie resursy*», 16.05.2007, <http://www.ng.ru/printed/78013>, sist vitja 05.02.2012
- NG 2007c. Nezavisimaja Gazeta, *Mikhail Sergeev*: «*Rossiskij sjel'f manit inostrantsev*», 23.05.2007, <http://www.ng.ru/printed/78284>, sist vitja 05.02.2012
- NG 2007d. Nezavisimaja Gazeta, *Sergej Kulikov og Nadezjda Pomerantseva*: «*Barentsevo more popalo pod razdel*», 04.07.2007, <http://www.ng.ru/printed/79877>, sist vitja 05.02.2012
- NG 2007e. Nezavisimaja Gazeta, *Andrej Bolesta*: «*Ne neft'ju edinoj*», 14.08.2007, <http://www.ng.ru/printed/81158>, sist vitja 05.02.2012
- Novaja Gazeta 2007. Novaja Gazeta, *Andrej Soldatov*: «*Ne zaplatili za vezd*», nr 10, 12.02.2007, <http://www.novayagazeta.ru/data/2007/10/05.html?print=201103061151>, sist vitja 05.02.2012
- Regnum 2007a. Regnum.ru, N.N: «*Murmanskij gubernator podderzjivaet sozdanie pomorskoj zony*», 12.01.2007, <http://www.regnum.ru/news/766060.html>, sist vitja 05.02.2012
- Regnum 2007b. Regnum.ru, N.N: «*Norvegija ne razorvet dogovor s «Noril'skim Nikelem*», 22.01.2007, <http://www.regnum.ru/news/770068.html>, sist vitja 05.02.2012
- Regnum 2007c. Regnum.ru, N.N: «*Sovetnik Ministerstva oborony Norvegija objavlena v Rossii personoj non-grata*», 08.02.2007, <http://www.regnum.ru/news/779505.html>, sist vitja 05.02.2012
- Regnum 2007d. Regnum.ru, N.N: «*Za 20 let Norvegija proburila na Arktitsjeskom sjel'fe 1500 skvazjin, Rossija – 58*», 22.02.2007, <http://www.regnum.ru/news/786800.html>, sist vitja 05.02.2012
- Regnum 2007e. Regnum.ru, N.N: «*Norvegija obespoenoena vozmoznost'ju atomnogo vzryva v Murmanskij oblasti*», 04.06.2007, <http://www.regnum.ru/news/837801.html>, sist vitja 05.02.2012
- VZ 2007. Vzgljad, *Maria Ivanova*: «*Arktika: protivostojanie uma i sily*», 25.10.2007, <http://www.vz.ru/society/2007/10/25/120195.html>, sist vitja 05.02.2012

2008:

- AIF 2008a. AiF na Murmane, *Igor' Mironov*: «*Ottsjego zaderzjivajut rybolovnye suda?*», 06.02.2008,
http://murman.aif.ru/issues/1322/04_02?print, sist vitja 05.02.2012
- AIF 2008b. AiF na Murmane, *Sergej Surovtsev*: «*Ot ofitsera do menedzjera*», 05.03.2008,
http://murman.aif.ru/issues/1426/15_01?print, sist vitja 05.02.2012
- AIF 2008c. AiF na Murmane, *Sergej Surovtsev*: «*Pomorskaja zona bez granits*», 05.03.2008, http://murman.aif.ru/issues/1426/03_01?print,
sist vitja 05.02.2012
- GTRK 2008. GTRK-Murman, *Elena Belkina*: «*Na seminare retsj' sjla o proekte utilizatsii plavtekhbazy <Lepse>*», 06.03.2008,
<http://murman.rfn.ru/rnews.html?id=21701>, sist vitja 05.02.2012
- MBNEWS 2008. MBNEWS.RU, *Veronika Kaminskaja*: «*Problemy osvoenija Sjtokmana i sozdanija Pomorskoj Zony obsudili v Kirkenese*», 04.02.2008,
<http://www.mbnews.ru/content/view/7770/100>, sist vitja 05.02.2012
- NG 2008a. Nezavisimaja Gazeta, *Anatolij Dimitrievitsj Tsyganok*: «*Kraj ledjanogo bezmolvija –budysjtsjij gorjatsjij region planety*», 07.03.2008,
<http://nvo.ng.ru/printed/207420>, sist vitja 05.02.2012
- NG 2008b. Nezavisimaja Gazeta, *Maksim Egorov, Sergej Kulikov, Aleksej Sjtsjeglov og Vladimir Ivanov*: «*Arktitsjeskoe prikrytie*», 15.07.2008, <http://www.ng.ru/printed/213256>, sist vitja 05.02.2012
- Regnum 2008a. Regnum, N.N: «*V Barentsevom More natsjal dejurstvo korabl' rossijskoj rybookhrany*», 01.04.2008,
<http://www.regnum.ru/news/979585.html?forprint>,
sist vitja 05.02.2012
- Regnum 2008b. Regnum, N.N: «*Mnenie: Norvezjskie vlasti sozdajut lozjnoe vpetsjatlenie o tsjastnykh narusjenijakh zakona so storony rossijskikh sudov*», 23.04.2008,
<http://www.regnum.ru/news/991192.html?forprint>,
sist vitja 05.02.2012
- RG 2008a. Rossijskaja Gazeta, *Vladimir Lebedev*: «*Pod arest iz «seroj zony»*» 10.01.2008,
<http://www.rg.ru/printable/2008/01/10/nemanskij.html>,
sist vitja 05.02.2012
- RG 2008b. Rossijskaja Gazeta, *Per Sidibe*: «*Ryba moltsjala po-norvezjski*», 12.01.2008,
<http://www.rg.ru/printable/2008/01/12/medvedev.html>,
sist vitja 05.02.2012
- VZ 2008a. Vzgljad, *Oksana Bojko*: «*Rossija pojmla norvezjskikh brakon'erov*», 28.01.2008,
<http://www.vz.ru/society/2008/1/28/140783.print.html>, sist vitja 05.02.2012

VZ 2008b. Vzgljad, *Anton Basetskij*: «Norvegija zaderzjala rossijan», 24.03.2008, <http://www.vz.ru/society/2008/3/24/154490.print.html>, sist vitja 05.02.2012

VZ 2008c. Vzgljad, *Oksana Bojko*: «Rossija ne otdast Sjipitsbergen», 14.07.2008, <http://www.vz.ru/society/2008/7/14/186623.print.html>, sist vitja 05.02.2012

VZ 2008d. Vzgljad, *N.N.*: «RF i Norvegija dogovorilis' po sanepidemnadzoru v atomnoj otrasli», 13.11.2008, <http://www.vz.ru/news/2008/11/13/228781.print.html>, sist vitja 05.02.2012

2009:

Kommersant 2009. Kommersant, *N.N.*: «Rossija i Norvegija obsudili vopros osvoenija Arktiki», 19.05.2009, <http://www.kommersant.ru/doc/1172605/print>, sist vitja 05.02.2012

MBNEWS 2009. MBNEWS.RU, *Artem Sviridov*: «Priroda raznoglasij», 24.12.2009, <http://www.mbnews.ru/content/view/23874/106/>, sist vitja 05.02.2012

NG 2009. Nezavisimaja Gazeta, *Aleksandr Oresjenkov*: «Arktitsjeskij Pirog», 13.05.2009, <http://www.ng.ru/printed/225953>, sist vitja 05.02.2012

Regnum 2009. Regnum, *N.N.*: «Ekspert: V Arktike mozjet natsjat 'sja voina», 16.07.2009, <http://www.regnum.ru/news/1186930.html?forprint>, sist vitja 05.02.2012

RG 2009. Rossijskaja Gazeta, *Timofei Borisov*: «Bez boevykh pingvinov», 30.03.2009, <http://www.rg.ru/printable/2009/03/30/arktika.html>, sist vitja 05.02.2012

Utro 2009. Utro.ru, *Petr Stavrinskij*: «Norvezjtsy arestovyvajut rossijskie suda optom», 05.03.2009, <http://www.utro.ru/articles/2009/03/05/801274.shtml>, sist vitja 05.02.2012

VZ 2009a. Vzgljad, *Andrej Reztjsikov*: «Al'jans pjati l'dov», 09.02.2009, <http://www.vz.ru/politics/2009/2/9/254595.print.html>, sist vitja 5.02.2012

VZ 2009b. Vzgljad, *Gennadij Netsjaev*: «Parad utsjenij» 16.03.2009, <http://www.vz.ru/society/2009/3/16/265543.print.html>, sist vitja 05.02.2012

VZ 2009c. Vzgljad, *N.N.*: «Medvedev i Putin vstretjatsja s prem'erom Norvegii», 19.05.2009, <http://www.vz.ru/news/2009/5/19/287985.print.html>, sist vitja 05.02.2012

VZ 2009d. Vzgljad: *N.N.*: «Rossija i Norvegija obsudjat sotrudnitsjestvo v sfere jadernoj bezopasnosti», 03.09.2009, <http://www.vz.ru/news/2009/9/3/323765.print.html>, sist vitja 05.02.2012

VZ 2009e. Vzgljad, *Maria Ivanova*: «*Pojmali na glazok*», 18.09.2009,
<http://www.vz.ru/society/2009/9/18/328902.print.html>,
sist vitja 05.02.2012

2010:

AIF 2010a. AiF na Murmane, *Igor' Mironov*: «*Istoritsjeskij vizit: Murmanskije rybaki dali sovet prezidentu Medvedevu*», 15.09.2010,
http://www.sz.aif.ru/article/print/article_id/15601,
sist vitja 05.02.2012

AIF 2010b. Aif na Murmane, *Konstantin Somov*: «*Murmanskij proryv: Glavy Norvegii i Rossii resjili problemu, desjatiletija oslozjnjavsjuju odnosjenija*», 22.09.2010,
http://www.sz.aif.ru/article/print/article_id/15747,
sist vitja 05.02.2012

GTRK 2010. GTRK-Murman, *Ekaterina Nekrasova*: «*Rossija i Norvegija podelili more i okean*», 27.04.2010,
<http://murman.rfn.ru/cnews.html?id=740282>, sist vitja 05.02.2012

Kommersant 2010a. Kommersant, *N.N.*: «*Rossija i Norvegija dogovorilis' o razgranitsjenii morskikh prostranstv*», 27.04.2010,
<http://www.kommersant.ru/doc/1361434/print>, sist vitja 05.02.2012

Kommersant 2010b. Kommersant, *Vladimir Solov'ev og Natal'ja Grib*: «*Rossija i Norvegija naveki vmerzli v istoriju*», 16.09.2010,
<http://www.kommersant.ru/doc/1504647/print>, sist vitja 05.02.2012

Lenta 2010. Lenta.ru, *Pavel Borisov*: «*Vzjat' i podelit'*», 28.04.2010,
http://lenta.ru/articles/2010/04/28/borders/_Printed.htm,
sist vitja 05.02.2012

NG 2010a. Nezavisimaja Gazeta, *Andrej Terekhov*: «*Skandinavskaja vesna Dimitrija Medvedeva*», 27.04.2010,
<http://www.ng.ru/printed/239903>, sist vitja 05.02.2012

Regnum 2010a. Regnum, *N.N.*: «*Segodnja Norvegija polutsjit ot Rossii tsjast' Barentseva morja*», 15.09.2010,
<http://www.regnum.ru/news/fdnw/murman/1325269.html?forprint>,
sist vitja 05.02.2012

Regnum 2010b. Regnum, *N.N.*: «*Dogovor o delimitatsii v Barentsevom more pozvolit Norvegii nas vyzjit': rossijskie rybaki*», 28.10.2010,
<http://www.regnum.ru/news/economy/1341040.html?forprint>,
sist vitja 05.02.2012

RG 2010. Rossijskaja Gazeta, *Kira Latukhina*: «*More popolam*», 28.04.2010, <http://www.rg.ru/printable/2010/04/28/medvedev.html>,
sist vitja 05.02.2012

VZ 2010a. Vzgljad, *Aleksandr Makarenko og Valerija Vdovenkova*: «*Neft' na dvoikh*», 04.02.2010,
<http://www.vz.ru/economy/2010/2/4/372965.print.html>,
sist vitja 05.02.2012

VZ 2010b. Vzgljad, *Aleksandr Makarenko*: «*Eto nasj s Norvegiej perspektivnyj ogorod*», 27.04.2010,
<http://www.vz.ru/economy/2010/4/27/397055.print.html>,
sist vitja 05.02.2012

VZ 2010c. Vzgljad, *Aleksandr Makarenko*: «*Zakhvatov traulerov ne budet*», 15.09.2010,
<http://www.vz.ru/economy/2010/9/15/432831.print.html>,
sist vitja 05.02.2012

The Fridtjof Nansen Institute is a non-profit, independent research institute focusing on international environmental, energy, and resource management. The institute has a multi-disciplinary approach, with main emphasis on political science, economics, and international law. It collaborates extensively with other research institutions in Norway and abroad.



**FRIDTJOF NANSENS INSTITUTT
FRIDTJOF NANSEN INSTITUTE**

**Fridtjof Nansens vei 17, P.O. Box 326, NO-1326 Lysaker, Norway
Phone: (47) 67 11 19 00 – Fax: (47) 67 11 19 10 – E-mail: post@fni.no
Website: www.fni.no**